



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# ÅRSRAPPORT 2015





# Innhald

side <b>4</b>	<b>Året 2015 - slik fylkesrådmannen ser det</b>
side <b>11</b>  12 15	<b>Fylkeskommunen - organisasjon og ressursar</b>  Sogn og Fjordane fylkeskommune Rekneskapen 2015
side <b>23</b>  24 28 29 42 53 70 84 87 91	<b>Innbyggjarane møter fylkeskommunen</b>  Klima og miljø Ny heimeside Kultur Opplæring Plan og næring Samferdsle Den offentlege tannhelsetenesta Bygg og eigedom Innkjøp
Side <b>92</b>  93 98 105	<b>Det indre liv</b>  Arbeidsgjevarområdet Likestilling, likeverd og mangfald Forvaltningsrevisjon og internkontroll
side <b>107</b>	<b>Visste du dette om Sogn og Fjordane?</b>

# Året 2015 – slik fylkesrådmannen ser det





Fylkesrådmann Tore Eriksen.  
Foto: Oskar Andersen

2015 vil eg særleg hugse som året der vi møtte vanskelege økonomiske utsikter med å finne ei ny og god form på det økonomiske planarbeidet vårt. Eg vil og hugse at vi på ny lukkast med å få trappa opp inntektssystemet sin urimeleg låge tapskompensasjon.

Og så vil eg sjølvsagt hugse eigarskapsprosessen vår knytt til F1 Holding/Fjord1 - sjølv om denne starta lenge før 2015 og det pr. mars 2016 står att ein god del oppfølging.

I leiinga har vi og måtte bruke mykje tid på det vi meiner er ei økonomisk utruskaps-sak. Ut frå status for denne saka får det bli med desse orda. Men som fylkesrådmann meiner eg at også slike saker må nemnast. Så får framtida vise kva som faktisk har skjedd.

### OFFENTLEG SEKTOR

Ved førre årsskifte var mange usikre på korleis det offentlege Norge ville organisere seg framover. Dette gjaldt både universitet og høgskular, sjukehusa, justis- og beredskapssektoren og - ikkje minst - kva ville skje med kommunane? På dei fleste område er situasjonen framleis usikker. Det siste året er det likevel gjort nokre vedtak, til dømes innan justissektoren, men vi veit lite om kva for konsekvensar desse vil ha.

Dessutan er også fylkeskommunane kome i spel. Endå ein gong skal vi vurdere om regionnivået skal bestå av færre einingar. Mange seier at det bør gå den vegen, men det er samtidig uklårt kva ein faktisk vil oppnå, og om ei eventuell reform vil bli kopla til nye og kraftfulle oppgåver.

Samtidig som startskotet går for regionreforma, gjer Stortinget vedtak som gjeld både den fylkeskommunale tannhelsetenesta og forholdet vårt til Innovasjon Norge. Kanskje ein burde vore meir oppteken av å sjå slike ting i samanheng, det vil seie, gjere ting i «riktig» rekkefølge? Av og til lurar eg på om slikt er ein del av eit taktisk spel, eller om det er så enkelt som at Storting og regjering manglar ei form for oversikt. For då veit ein jo ikkje betre! Då eg var 8-10 år elska eg å byggje modellfly. I starten gjekk det ofte gale fordi eg limte igjen cockpiten før eg hadde fått på plass både instrument og pilot. Men så lærte eg etter kvart at rekkefølga var viktig, og det forstod eg ved å bruke den vedlagde «bruksanvisninga». Kvifor brukar ikkje sentrale styremakter ein slik logikk?

### LOOK TO DENMARK

I fjorårets årsrapport skreiv eg mellom anna følgjande:

«Det spesielle med dei statlege omorganiseringane er likevel at mange piler peikar i sentraliserande retning. På dette området kunne eg ønskt meg at både regjering og Storting hadde hatt litt meir fokus på den geografiske fordelingsdimensjonen.»

Mange ber oss stadig sjå til Danmark, der 270 kommunar vart til 98 i år 2007. Det som får mindre merksemd er at danskane konsekvent har desentralisert oppgåver til dei nye kommunane. Ja, dette har faktisk ført til ei viss «funksjonstømming» andre stader. Det nye er at den danske regjeringa i 2015 vedtok å flytte 3.900 statlege arbeidsplassar frå København til 38 andre byar, for å skape vekst og utvikling i heile landet. Meir enn kvar tiande statlege arbeidsplass i hovudstaden vert no flytta ut. I si grunngeving seier statsminister Lars Løkke Rasmussen at ein må gjere slike

forvaltningsmessige grep for å hindre at Danmark vert delt i ein del med utvikling og ein annan del med avvikling.

Kvifor tenkjer ein ikkje tilsvarande i Noreg? Har vi ikkje sterke nok statsfinansar? Trur vi at kompetansen vil falle med avstanden til Oslo? Og kvifor tek ikkje KS, vår eigen organisasjon, tak i slike saker? Kunne ikkje dette vore ei verkeleg god KS-sak?

### KOMMUNE- OG REGIONREFORMA

Ved førre årsskifte var mange usikre på kva som ville skje med kommunestrukturen vår. Tidleg på året verka det som om det ville skje mykje i Sunnfjord, kanskje noko i Nordfjord og ingenting i Sogn. Tidleg i 2016 kunne det nesten sjå ut som om ein i Sunnfjord og Sogn har bytta ambisjonar, medan uvissa framleis rår grunnen i Nordfjord. Så her får vi berre sjå kva som skjer!



Eit moment ved kommunereforma er om nokre kommunar skal skifte fylke. Kven er det som skal ta stilling til slikt, dersom ei eller fleire fylkesgrenser består? Vil mykje av dette bli avgjort lokalt, sjølv om dei formelle avgjerdene blir tekne på sentralt hald?

Viss ein relativt liten kommune sør i fylket vårt slår seg i hop med ein større ein i Hordaland, tenkjer dei fleste at den nye kommunen bør høyre til Hordaland. Men kva viss ideen om «Stadt kommune» skulle bli røyndom, bygd på dagens Vågsøy, Selje og Vanylven? Bør denne då bli ein del av Møre og Romsdal når berre ¼ av innbyggjarane bur nord om grensa?

Men vil dette eigentleg bety noko? Ja, viss det skal vere ein samanheng mellom folketalet i fylket og til dømes vårt eige sentralsjukehusstilbod. Ja, viss det vil bety noko for kva vi i Sogn og Fjordane kan tilby av teknisk fagskuleutdanning og vidaregåande opplæring innan maritime fag.

Kart: Jo Tore Kristoffersen

Det er ulike syn på korleis kommunestrukturen bør bli i fylket vårt. Eg trur dette til dels botnar i ulike oppfatningar om kva ein kommune skal vere for noko - om 10, kanskje 20 år. Så det er kanskje det vi bør diskutere?

Kanskje ein kommune då blir som ein fylkeskommune i dag; noko folk kjem bort i når ein treng visse tenester, men elles berre les og høyrer litt om, ein gong i blant? Og viss dette siste skulle vere rett, blir jo neste spørsmål kvifor det eigentleg er viktig kva vi gjer med vår eigen fylkeskommune.

Vi kan sikkert ha ulike former for forvaltningsmessige og institusjonelle rammer i landet vårt. Men eg trur det er viktig at vi har ein kommunesektor basert på prinsippet om direkte folkevald styring. Vi må alle få velje våre politiske leiarar, og folket må - i frie og demokratiske val - kunne skifte ut dei ein ikkje ser seg tente med.

Vidare trur eg det bør ligge ein aktiv regionalpolitikk til grunn for styringa av landet vårt. Og dette må ikkje vere fordi vi elles avfolkar distrikta, men fordi det truleg vil vere god samfunnsøkonomi å bruke dei ressursane vi har - i alle landsdelar.

## FOLKETALET

Folketalet i Sogn og Fjordane nådde i 2015 ei ny historisk høgd. Vi vart då 109.530 innbyggjarar, eller 360 personar fleire enn i 2014. Året før var veksten «berre» på 205.

Det skal bli spennande å sjå kva tenking vi vil møte i regiondebatten, ikkje berre i egne rekker – men også i nabofylka og hos sentrale styresmakter. Dersom «rausheit» skulle segle opp som det dominerande mantra, trur eg det kanskje kan skje ein del. Viss ikkje, er eg redd mykje vil bli som før. Om staten då ikkje vil ty til «tvangsekteskap».

For kommunane har statlege styresmakter bestemt at alle, innan sommaren 2016, må ha gjort vedtak om kven ein vil slå seg saman med. For fylkeskommunane er det lagt eit løp som inneber at desse bør erstattast av større og færre regionar, og at vi kan vente med å gjere egne vedtak til hausten 2016.

I førre årsrapport hadde eg følgjande kommentar til dette:

«For at alt dette skal lukkast, trur eg statlege styresmakter må ha både vilje og evne til å sjå oppgåvedelinga mellom staten og kommunesektoren i samanheng, og ein må vere viljug til å flytte oppgaver frå sentral og regional stat til eit folkevald kommunalt nivå...».

Eg trur dette står seg like bra no som det gjorde ved inngangen til 2015.

## DEN REGIONALE UTVIKLINGA

Folketalet i Sogn og Fjordane nådde i 2015 ei ny historisk høgd. Vi vart då 109.530 innbyggjarar, eller 360 personar fleire enn i 2014. Året før var veksten «berre» på 205.

I samfunnsplanlegginga blir folketalet mykje brukt som ein indikator på om ein lukkast eller ikkje. Men ein gong i blant stikk ein eller annan hovudet fram – gjerne ein som bur utafor fylket – og meiner at det viktigaste ikkje er at vi er så mange, men at vi har det bra!

Eg tilhøyrar nok dei som framleis vil meine at vi bør sjå på folketalsdata. Eg trur at trivsel er knytt til levebrød og aktivitet og det nettopp er slikt noko som gjer at folketalet aukar.

Men når det er sagt, må dei årlege analysane – også dei som kjem frå «våre egne» – bli langt meir nyanserte enn dei ofte er. Ein litt for vanleg bodskap er at vi «framleis har den svakaste folketalsveksten, og utan innvandring hadde det gått heilt gale». Men er dette rett? Dersom vi ser på 2015-tala, ser vi at både Hedmark, Oppland, Telemark, Nordland og Finnmark hadde ein svakare vekst enn Sogn og Fjordane. Vi ser dessutan at utan tilflyttinga frå utlandet hadde folketalet gått ned i halvparten av fylka våre. Så Sogn og Fjordane hadde slett ikkje ei veldig dårleg utvikling i 2015. I så tilfelle var vi i godt selskap!

Første sjefen eg hadde her i fylket sa at sterk økonomisk vekst forsterka flyttestraumane innanlands og førte til auka sentralisering. Kanskje hadde han rett i det. Fylket vårt har i nyare tid alltid hatt relativt låg arbeidsløyse. Slik sett er det ikkje urimeleg at dempa vekst og jamvel stagnasjon bidrar til å dempe utflyttinga. Utfordringa

vår er likevel å greie å halde på mange av våre egne og ta godt imot dei som kjem til fylket.



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

## INNTEKTSSYSTEM

Nytt inntektssystem for fylkeskommunane vart innført frå 2015. For vår del gav det nye systemet ikkje vesentlege utslag dette året, då vi fekk kompensert innlagt reduksjon.

Internt i fylket held sentraliseringa fram. Dersom vi splittar tala på kommunar, ser vi at Sogndal (+162), Førde + Naustdal (+162) og Flora (+61) i sum auka meir enn heile fylket. Og at 15 kommunar opplevde auke og elleve nedgang. Dette siste er noko betre enn i 2014. Dei mest negative tala kom i industrikommunane Årdal (-70), Bremanger (-44) og i Vågsøy (-36).

## ØKONOMISK RESULTAT FOR 2015

Rekneskapan vår viser eit driftsoverskot på 57 mill. kr, noko meir enn gjennomsnittet dei fire siste åra. God budsjett disiplin og god økonomistyring ligg bak dette resultatet.

Vi får samstundes eit netto driftsresultat på 161 mill. kr, det vil seie 5,3 prosent av driftsinntektene. For fylkeskommunane tilrår ein no at denne indikatoren er på minst fire prosent. Forbetringa i forhold til 2014 (2,3 prosent), skuldast i stor grad den føringsmåten vi må nytte, som inneber at vi i 2015 må føre over relativt mykje driftsmidlar til investeringar.

Nytt inntektssystem for fylkeskommunane vart innført frå 2015. For vår del gav det nye systemet ikkje vesentlege utslag dette året, då vi fekk kompensert innlagt reduksjon.

I budsjettet skil vi mellom ordinære løyvingar og anslagsløyvingar. Dei førstnemnde er «styrbare», og der har vi bra kontroll på sluttresultatet. Anslaga er lite «styrbare» og sluttresultatet på desse postane er avhengig av faktorar vi i mindre grad kontrollerer.

For dei ordinære løyvingane har vi som prinsipp at vi skal ha budsjettdekning for dei tenestene vi yter. Med sterkt søkjelys på budsjett disiplin vert difor ikkje alle postar nytta fullt ut; vi styrer så nær opp til 100 prosent som råd. Dette gjev mindre innsparingar på ein god del postar. Med dette som felles utgangspunkt fekk vi ei netto innsparing på 30,6 mill. kr på sektornivået i 2015. Den samla ramma for sektorane var på vel 2,2 mrd. kr. Eit resultat på 30,6 mill. kr inneber ei budsjettgjennomføring på nær 98,6 prosent.

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje styrbare». Her fekk vi ei samla netto innsparing på 26,5 mill. kr. På skatt og rammetilskot, der vi gjennom året følgde statlege budsjetteringsråd, fekk vi ei meirinntekt på 13 mill. kr. På pensjons-sida fekk vi eit positiv nettoresultat på 7,8 mill. kr, inkludert premieavvik/premiefond. Kapitalinntekter og -utgifter, inkludert rentekompensasjon, viser ei mindre utgift på 5,9 mill. kr og skuldast i hovudsak høgre likviditet enn føresett.

Forvaltning står for netto 1,7 mill. kr av overskotet. Dei største avvika her er mindreforbruk på administrasjon (1,9 mill. kr) og på bygg/eigedomsforvaltning/lokale (1,6 mill. kr) og eit meirforbruk på diverse fellesutgifter (2,1 mill. kr).

Opplæring hadde i 2015 eit samla netto mindreforbruk på 23,8 mill. kr. Dei største postane her er vedlikehald og drift av skulebygg (4,6 mill. kr), ufordelte midlar til drift av vidaregåande skular/gjesteelevar (1,8 mill. kr), omstillingstiltak for pedagogisk personale (1,7 mill. kr), tilpassa opplæring (4,8 mill. kr), opplæring i bedrift (2,1 mill. kr), karriererettleiing (2,3 mill. kr) og pedagogisk-psykologisk teneste (PPT, 2,0 mill. kr).

Samferdsle hadde eit netto mindreforbruk på 4,8 mill. kr. Innsparingane kjem i hovudsak frå ikkje utførte FTU-tiltak i kommunane (1,2 mill. kr), mindreforbruk på fylkesvegferjer (1,3 mill. kr) og på mindreforbruk på båtruter (1,6 mill. kr).



## GOD ØKONOMIPLANPROSESS

Vi fekk til ein god økonomiplanprosess våren 2015, der vi gjennomførte utgreiingar, og nærare prioriteringar i hovudutvala la eit viktig grunnlag for fylkestinget sitt vedtak. Eg vonar vi får til tilsvarande gode prosessar våren 2016.

Fylkesveggar (vedlikehald og drift) har eit mindreforbruk på 49,1 mill. kr. Fylkesvegnettet har resultatoverføring (til 2016) og mindreforbruket påverkar såleis ikkje rekneskapsresultatet.

Tannhelse har ei innsparing på 1,4 mill. kr. Også denne sektoren har resultatoverføring (til 2016) og innsparinga påverkar såleis ikkje samla rekneskapsresultat.

Andre sektorar har mindre avvik som i sum gjev 0,3 mill. kr i netto innsparingar.

Førebelse KOSTRA-tal for 2015 viser at utgiftene pr. innbyggjar i dei ulike sektorane ligg godt over landsgjennomsnittet. Desse avvika har vore relativt stabile dei siste åra. Noko av grunnen til dette er at fylkeskommunen vår – i følgje inntektssystemet – har eit utgiftsbehov som ligg tilsvarande over landsgjennomsnittet.

## DEI VIDARE INNTEKTSUTSIKTENE

Pr. mars 2016 ser det ut som om inntektene våre fram til og med 2019 vil gå ned med 140–210 mill. kr årleg. Endeleg reduksjon er avhengig av om tapsekompensasjonen blir trappa vidare opp eller ikkje.

Slik eg ser det har vi kome godt i gang med å tilpasse utgiftene til eit lågar inntektsnivå. Vi fekk til ein god økonomiplanprosess våren 2015, der vi gjennomførte utgreiingar, og nærare prioriteringar i hovudutvala la eit viktig grunnlag for fylkestinget sitt vedtak. Eg vonar vi får til tilsvarande gode prosessar våren 2016.



Frå møte i fylkesutvalet på Fylkeshuset.  
Foto: Ingvild Ramstad

Mykje merksemd har så langt vore retta mot ulike driftsrelaterte tenester. Men det er og viktig kva vi gjer når dei verkeleg store «utgiftssakene» kjem på bordet. Går vi då for dei dyraste alternativa, eller vel vi noko meir nøkternt? Og kva gjer vi når vi realiserer verdiar i organisasjonen vår? Prioriterer vi å få ned den altfor høge lånegjelda, eller handlar vi meir kortiktig og vel å satse på nye investeringstiltak?

## EIGARSKAP SARBEIDET OG FJORD1-SAKA

Fylkestinget vedtok i oktober 2013, ved den årlege handsaminga av eigarskapsmeldinga, at vi skulle vurdere eigarpostane i ei rekke aksjeselskap. Fjord1 AS – med morselskapet F1 Holding – var det desidert største.

Frå dette tidspunktet og fram til fylkestingsvedtaket om nedsal av eigarposten i Fjord1/ F1 Holding i november 2015 skulle det altså gå vel to år. Eg trur få av oss ante kor tung og tidkrevjande denne prosessen faktisk kom til å bli.

I perioden fram til april 2014 skjedde det relativt lite. Då først gjorde fylkesutvalet, på oppdrag frå fylkestinget, vedtak om å få oppdatert Fjord1-materialet frå 2011. Dette tok tida fram til august 2014. I denne fasen vart det berre brukt opne kjelder. Neste materielle fylkesutvalsvedtak kom i september 2014. Då bestemte eit klårt fleirtal at ein ville få utgreidd tre ulike handlingsalternativ, deriblant nedsal/sal.

Den tidsmessige ambisjonen på ettersommaren 2014 var faktisk at fylkestinget skulle avgjere saka i april 2015. Etter kvart viste det seg at dette ikkje var mogleg.



Juv-vandring i Leirdal, Jostedalen.  
Foto: Oskar Andersen

Det same måtte vi konkludere med både i juni og oktober, og dermed var vi over i november 2015. Det spesielle då var at vi hadde fått nye folkevalde. Det var kompliserande. Men eg trur også at det «gamle» fylkestinget hadde fått ei stor sak i fanget. Heller ikkje dei ville ha hatt noka tung hand på rattet.

Resten av historia kjenner vi alle: Vedtak om nedsal og tilhøyrande opsjonar. Og etter at kravet om lovlegkontroll vart avgjort tidleg i 2016, kjem Konkurransetilsynet sin gjennomgang, visse vilkår som skal oppfyllest i samband med sjølv salsprosessen og det forhold at minoritetsaksjonæren har teke ut søksmål og krev såkalla løysingssett.

Pr. dato (31. mars 2016) kjenner vi ikkje utfallet av desse delprosessane. Eg trur likevel mange av oss i ettertid vil konkludere med at det meste av det som faktisk skjedde desse to åra ikkje var så uventa.

Slik eg ser det kom nokre viktige spørsmål kanskje for mykje i bakgrunnen:

Eit av desse er om det er rimeleg at ein offentleg aktør, som ein fylkeskommune eller kommune, med vanskelege økonomiske utsikter, skal ha plassert over 1 mrd. kr i konkurranseutsett næringsliv. Eit anna spørsmål er om det er mogleg for ein slik aktør, med den styreform vi har, å gjennomføre ein ryddig og god salsprosess. Sjølv tviler eg faktisk på dette siste, i alle høve dersom det ikkje er gjort eit innleiande og forpliktande vedtak, basert på stor grad av semje i organisasjonen.

## SLUTTORD

Den fylkeskommunale årsrapporten og tilhøyrande rekneskap er den viktigaste attendemeldinga fylkesrådmannen gir til fylkestinget. Begge delar er heimla i kommunelova § 48.

Etter rapporteringsåret 2012 har hovudutvala ikkje lagt fram eigne årsmeldingar. Årsrapporten og tilstandsrapporten for vidaregåande opplæring skulle og samordnast.

Det endrar ikkje føremålet med den administrative årsrapporten.

Som følgje av desse endringane vert årsrapporten og lagt fram i hovudutvala.

Eg vil takke fylkestinget for godt samarbeid også i 2015. Eg opplever at både administrasjonen og eg har tillit i det politiske miljøet, og vonar at vi viser oss denne tilliten verdig. Eg vil òg takke medleiarar, tilsette og organisasjonane for eit godt og utviklande samarbeid.

Leikanger, 31. mars 2016

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

# Fylkeskommunen - organisasjon og ressursar



Frå fylkestinget sitt møte i desember 2015.  
Foto: Matias Helgheim

# Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane styrer fylkeskommunen. Det gjer dei ved å velje representantar til fylkestinget, som er det øvste politiske organet i fylkeskommunen. Hovudansvarsområda er vidaregåande opplæring, tannhelse, samferdsle, kultur, næringsutvikling, fylkesvegar, energipolitikk og planlegging.

Vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne er det største tenesteområdet til fylkeskommunen. Vi har tolv vidaregåande skular med plass til vel 4400 elevar. Fylkeskommunen har også ansvaret for at lærlingar og lære kandidatlar får vidaregåande opplæring i bedrift.

Kultursektoren arbeider med å ta vare på kulturminne av regional og nasjonal verdi. Vi forvaltar spelemiddelordninga, administrerer Den kulturelle skulesekken og driv musikkarbeid i form av fylkes- og distriktsmusikarordningane. Vi støttar det frivillige kulturlivet og driv ungdomsarbeid.

Fylkeskommunen er den største vegeigaren i fylket med totalt 2607 km fylkesveg. Statens vegvesen har det vegfaglege ansvaret for fylkesvegnettet på vegner av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har også ansvar for kollektivtrafikktilbodet i fylket. Vi har fleire ordningar som er etablerte for å gje ungdom eit trygt og godt offentleg transporttilbod. Trygt heim for ein 50-lapp og ungdomskort er døme på slike.

Fylkeskommunen arbeider med planlegging etter plan- og bygningslova. Dette inkluderer samarbeid med og rettleiing av kommunane. Folkehelse, tettstadforming, prinsippet om universell utforming, omsynet til oppvekstvilkår for barn og unge og estetisk utforming er viktige omsyn her.

Det er ei overordna oppgåve for fylkeskommunen å leggje til rette for næringsutvikling i heile fylket. Vi er med på å gjere det mogleg å skape nye arbeidsplassar og nye næringar. Samstundes vidareutviklar vi eksisterande næringar. Vi samarbeider tett med kommunane og Innovasjon Noreg for at næringslivet og etablerarar skal lukkast.

Den offentlege tannhelsetenesta behandlar alle grupper klientell. Det er 28 tannklinikkar i Sogn og Fjordane, og av desse er fem klinikkar ikkje dagleg bemanna.

## POLITISK ORGANISERING


Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde i fylkestingsperioden 2011-15 39 medlemer. Etter valet hausten 2015 fekk fylkestinget 31 medlemer. Styringsforma er formannskapsprinsippet.

Fylkestinget vedtok i sak 39/14 at den politiske organiseringa i fylkeskommunen for valperioden 2015-19 skal vere slik:


- Fylkestinget skal ha 31 medlemer.
- Fylkesutvalet skal ha 9 medlemer.
- Fylkeskommunen skal ha 3 hovudutval, kvart med 9 medlemer: hovudutval for samferdsle, hovudutval for opplæring og hovudutval for næring og kultur.
- Kontrollutvalet skal ha 5 medlemer.

## ADMINISTRATIV ORGANISERING

Hovudrolla til sentraladministrasjonen i fylkeskommunen er å vere politisk sekretariat. Hovudoppgåvene er drift, forvaltning og utvikling.



Figur 1: Politisk organisering Sogn og Fjordane fylkeskommune per 31.12.2015.



Figur 2: Administrativ organisering Sogn og Fjordane fylkeskommune per 31.12.2015.

Fylkesrådmannen vedtok 22.10.2015 ei justert administrativ organisering som skal gjelde frå 01.04.2016.




Foto: Birthe johanne Finstad /Sogn og Fjordane fylkeskommune

## «SFJ 2019» - OMSTILLINGSARBEID I SOGN OG FJORDANE

### FYLKESKOMMUNE

Omstillingsarbeidet «SFJ 2019» har sitt utspring i at vi dei neste åra skal redusere det samla driftsbudsjettet i fylkeskommunen i tråd med det nye inntektssystemet for fylkeskommunane. For å imøtekomme innsparingskrava, la fylkesrådmannen hausten 2014 opp til ein gjennomgripande prosess som har omfatta alle ledd i organisasjonen.

Ein særleg viktig føresetnad for å lukkast i dette organisasjonsarbeidet, har vore ei god samhandling mellom politisk og administrativt nivå, der særleg finansutvalet har gjeve dei overordna rammene undervegs. Like eins har det vore eit sentralt vilkår å oppretthalde ein open og konstruktiv dialog med alle tilsette, og gjennom dette sikra tillitsvaldapparatet medverknad gjennom heile omstillingsprosessen. I endrings- og omstillingsarbeid er kommunikasjon om prosessar og aktivitetar avgjerande for ei vellukka omstilling.

Vinteren 2015 starta fylkesrådmannen og styringsgruppa for omstillingsprosjektet opp eit administrativt utgreiingsarbeid med til saman 41 utgreiingar:

- Vidaregåande opplæring: 12 utgreiingar
- Tannhelse: strukturutgreiing fase 1 og 2
- Plan og samfunn: 4 utgreiingar
- Næring: 9 utgreiingar
- Samferdsle: 9 utgreiingar
- Kultur: 4 utgreiingar
- Sektoroverskridande utgreiingar: 1 innanfor internasjonalisering

Utgreiingane vart lagde fram for politisk handsaming i mai, og denne vart grunnlag for endelege prioriteringar i handsaminga av økonomiplanen for perioden 2016-19 i juni. Utgreiinga knytt til ein eventuell ny driftsstandard for fylkesvegnettet samt tannhelseutgreiinga sin fase 2 vart ferdigstilt seinare på året, og var ikkje innarbeidd i økonomiplanvedtaket i juni. Dei tillitsvalde fekk samtlege utgreiingar til uttale i framkant av dei politiske handsamingane, og dei deltok på orienteringa om arbeidet under politikardagen i mai.

Personalforvaltninga har i 2015 i hovudsak vore knytt opp mot utfordringar innanfor vidaregåande opplæring. Prosess retta mot dei tillitsvalde i høve handtering av ein eventuell overtalssituasjon er klargjort gjennom definering av utveljingsområde og utvalskretsar.

# Rekneskapen 2015

Dei siste åra har rekneskapen vore gjort opp med overskot. Overskotet for 2015 er 57,978 mill. kr. Dette er noko i overkant av det vi har hatt tidlegare. 30,6 mill. kr av overskotet skriv seg av innsparingar på sektornivå medan 27,4 mill. kr er innsparingar på fellesinntekter/-utgifter.

## NYTT INNTEKTSSYSTEM

Nytt inntektssystem for fylkeskommunane vart innført frå 2015. For vår fylkeskommune gav det nye systemet ikkje vesentlege utslag dette året, då vi fekk kompensert innlagt reduksjon. Først frå 2016 vil fylkeskommunen sine inntekter gå vesentleg ned. Fram til og med 2019 er denne reduksjonen stipulert til 140-210 mill. kr årleg. Det endelege nivået vil avhenge av om dagens tapskompensasjon vert trappa vidare opp eller ikkje.

## DRIFTSREKNEKAPEN

Økonomisk oversikt - drift (mill.kr)	Budsjett 2015	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Skatt på inntekt og formue	558,0	571,4	547,0	534,3	508,4
Rammetilskot	1 738,4	1 738,1	1 566,2	1 632,1	1 663,2
Andre statlege overføringar	140,5	221,3	164,6	133,6	97,8
Konsesjonskraft+utbytte*	95,6	95,5	104,3	131,8	95,9
Andre driftsinnt. eks renter	195,8	443,4	512,2	606,0	485,1
Sum driftsinntekter	2 728,4	3 069,6	2 894,3	3 037,8	2 850,4
Driftsutgifter eks avskrivningar	2 415,7	2 745,4	2 677,7	2 525,4	2 396,9
Brutto driftsresultat	312,7	324,2	216,6	512,5	453,6
Renteinntekter	16,8	28,0	24,5	28,2	24,6
Renteutgifter	56,2	55,5	58,3	58,2	53,9
Avdrag på lån	133,8	134,4	116,1	88,2	80,5
Netto driftsresultat	139,5	162,3	66,7	394,3	343,8
Bruk tidl. år mindreforbruk	43,5	43,5	45,5	50,5	27,4
Bruk av disposisjonsfond	19,1	57,4	200,9	154,9	114,5
Bruk av bundne fond	3,3	267,0	161,4	93,0	37,4
Sum bruk av avsetningar	66,0	367,9	407,9	298,4	179,3
Avsett til disposisjonsfond	137,8	244,6	222,6	247,2	180,7
Avsett til bundne fond	0,1	160,0	123,7	115,1	86,5
Overført til investeringsrekn	67,7	67,7	84,7	284,8	205,4
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	0,0	58,0	43,5	45,5	50,5

Tabell 1:

\*Netto inntekt kosesjonskraft 58,2 mill. kr og utbytte 37,3 mill. kr er trekt som lokale inntekter.




Diagram 1




Diagram 2

Netto driftsresultat vert ofte nytta som indikator på kor god økonomi ein kommune eller fylkeskommune har. Det er tilrådd for fylkeskommunar å ha eit netto driftsresultat i storleiken fire prosent (av samla driftsinntekter). For 2015 har Sogn og Fjordane fylkeskommune eit netto driftsresultat på 5,4 prosent mot 2,3 prosent i 2014. Denne resultatforbetringa kjem i hovudsak frå høgare overføringar av driftsmidlar til investeringar i 2015 enn i 2014 (føringsmåte). Fylkeskommunane samla har eit netto driftsresultat på 4,3 prosent i 2015.

#### Renter og avdrag

Nivået på rente og avdragsbelastninga i prosent av samla driftsinntekter har auka frå 6,1 prosent til 6,3 prosent frå 2014 til 2015. Dette betyr at 6,3 prosent av alle inntektene til fylkeskommunen vert nytta til å dekke renter og avdrag.

I høve landet har vi gått frå å vere om lag som snittet av fylkeskommunane i 2013, til å ha ei rente/avdragsbelastning som er i overkant av 1 prosent høgare enn snittet i 2014 og 2015.

Avdragsbetaling på langsiktig gjeld i drifta utgjorde 134,4 mill. kr i 2015. I tillegg er 19,3 mill. kr utgiftsført som ekstraordinært avdrag/refusjon i investeringsrekneskapet. I 2015 er samla avdrag omtrent som i 2014.

Brutto renteutgifter er på 55,5 mill. kr. Dette er noko lågare enn i 2014. Lågare rentenivå gjer at vi - saman med ein liten reduksjon i lånegjelda - har hatt noko mindre renteutgifter enn i 2014.

#### Driftsutgifter spesifisert sektorvis

Sum netto driftsutgifter er auka med 4,5 prosent frå 2014 til

Sektor (mill. kr)	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	%-vis vekst
Forvaltning og fellesutgifter	133,117	120,031	9,8
Opplæring	810,126	814,464	-0,5
Tannhelse	83,204	83,599	-0,5
Plan og næring	99,837	111,860	-12,0
Kultur	71,597	74,234	-3,7
Samferdsle	989,322	884,077	10,6
Sum	2 187,203	2 088,265	4,5

Tabell 2

2015. Tek vi omsyn til løns- og prisveksten for kommunesektoren på 3,0 prosent er realauken 1,5 prosent. Det er store skilnader sektorane imellom. Opplæring, tannhelse, kultur og særskilt plan og næring har nedgang i netto driftsutgifter medan forvaltning/fellesutgifter og samferdsle har auke. Hovudforklaringa for nedgangen for plan og næring er kortsiktige innsparingstiltak og reduserte regionale utviklingsmidlar. For forvaltning/fellesutgifter sin del er auken i hovudsak kostnader i samband med «Fjord1-saka», medan det for samferdsle er auka kostnader til fylkesveg (tunnelforskrift etc).



Sektor (mill. kr)	Budsjett 2015	Rekneskap 2015	Avvik
Forvaltning og fellesutgifter	134,807	133,117	1,690
Opplæring	833,975	810,126	23,849
Tannhelse	83,216	83,204	0,012
Plan og næring	99,465	99,837	-0,372
Kultur	72,236	71,597	0,639
Samferdsle	994,113	989,322	4,792
Sum sektornivå	2 217,812	2 187,203	30,609
Felles utgifter og inntekter	-2 217,812	-2 245,181	27,369
Rekneskapsresultat	0,000	-57,978	57,978

**Budsjettavvik****Fellesutgifter og -inntekter**

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje styrbare» løyvingar. Samla fekk vi i 2015 ei netto innsparing her på 27,4 mill. kr.

Skatt og rammetilskot er hovudinntektskjeldene våre og utgjorde 2,2 mrd. kr i 2015. På desse to inntektspostane fekk vi ei meirinntekt på om lag 13 mill. kr (0,6 prosent). På bakgrunn av svak skatteinngang 1. halvår 2015 for fylkeskommunane samla vart skatteanslaget redusert frå 4,4 prosent til 3,3 prosent i

Tabell 3

revidert nasjonalbudsjett. Dette vart følgt opp med at vi reduserte vårt skatteanslag med 7 mill. kr pr. 2. tertial 2015. Frå midten av året betra skatteinngangen seg gradvis og endelege tal for fylkeskommunane samla viser ein vekst på 5,5 prosent.

Premieavvik/premiefond (pensjon) viser ein meirkostnad på 4,9 mill. kr i 2015, medan ufordelt pensjon utgjør ei meirinntekt på 12,6 mill. kr. Dette gjev ein positiv netto på 7,7 mill. kr.

Kapitalinntekter og -utgifter, inkludert rentekompensasjon, viser ei mindreutgift på 6,7 mill. kr og skuldast i hovudsak høgare likviditet enn føreset.

**Sektorane**

Sektornivået i fylkeskommunen har ei netto ramme på vel 2,2 mrd. kr. Med eit resultat på 30,6 mill. kr har sektorane, sett under eitt, ei budsjettgjennomføring på nær 98,6 prosent. Dette meiner fylkesrådmannen er svært bra.

**Forvaltning** står for netto 1,7 mill. kr av innsparinga. Dei største postane er eit mindreforbruk på 1,9 mill. kr på administrasjon, 1,6 mill. kr på bygg og eigedomsforvaltning/administrasjonslokale og eit meirforbruk på diverse fellesutgifter på 2,1 mill. kr.

**Opplæring** hadde i 2015 eit samla netto mindreforbruk på om lag 23,8 mill. kr, 2,8 prosent. Dei største postane her er vedlikehald og drift av skulebygg (4,6 mill. kr), ufordelte midlar til drift av vidaregåande skular/gjestelevlar (1,8 mill. kr), omstillingstiltak for pedagogisk personale (1,7 mill. kr), tilpassa opplæring (4,8 mill. kr), opplæring i bedrift (2,1 mill. kr), karriererettleiing (2,3 mill. kr) og pedagogisk-psykologisk teneste (PPT, 2,0 mill. kr).

Mindreforbruket på ufordelte midlar til drift av dei vidaregåande skulane/gjestelevlar er i hovudsak knytt til midlar øyremerka tilbod om fagopplæring i skule (vg3). Behovet for fagopplæring er lite føreseieleg og er m.a. avhengig av tilgangen på læreplassar.

Mindreforbruket på omstillingstiltak for pedagogisk personale har samanheng med at fleire overtalige etter skulebruksplanen har fått tilbod om vidareutdanning, finansiert over statlege kompetanseutviklingsmidlar.

Mindreforbruket på tilpassa opplæring er knytt til ufordelte midlar til dei vidaregåande skulane, eksternt kjøp av tenester og at berre to av tre innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar kom i gang i 2014-15. Dette er anslagsløyvingar, der bruken av midlar er vanskeleg føreseieleg.

Mindreforbruket på opplæring i bedrift kjem i hovudsak pga. at avsett løyving til stimuleringstiltak i fag og yrkesopplæringa ikkje vart nytta fullt ut. Bruken av denne løyvinga er i hovudsak retta mot individuelle tiltak og difor lite føreseieleg.

Dei unytta midlane til karrierettleing skriv seg frå 2012-14 og har samanheng med at vi då fekk meir statlege midlar til føremålet enn føresett. Midlane kan, etter godkjent rapportering på statlege midlar våren 2015, gå inn i den samla drifta (driftsresultatet) i fylkeskommunen.

Mindreforbruket på PPT skuldast vakante stillingar og høgare inntekter enn budsjettert. Dei vidaregåande skulane hadde ei samla innsparing på ordinær drift på om lag 1,5 mill. kr i høve budsjett 2015. Skulane har resultatoverføring (til 2016) og innsparinga påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

**Samferdsle** hadde eit samla netto mindreforbruk i 2015 på 4,8 mill. kr (0,5 prosent). Innsparingane kjem i hovudsak frå ikkje utførte FTU-tiltak i kommunane på 1,2 mill. kr, mindreforbruk på fylkesvegferjer på 1,3 mill. kr, samt mindreforbruk på båtruter på 1,6 mill. kr. Fylkesvegar - drift og vedlikehald - har eit mindreforbruk på 49,1 mill. kr. Fylkesvegnettet har resultatoverføring (til 2016) og mindreforbruket påverkar såleis ikkje rekneskapsresultatet.

**Tannhelse** har ei innsparing på 1,4 mill. kr. Også denne sektoren har resultatoverføring (til 2016) og innsparinga påverkar såleis ikkje samla rekneskapsresultat.

**Øvrige sektorar** har mindre avvik som i sum utgjer 0,3 mill. kr i netto innsparingar.



## INVESTERINGAR

Hovudtal (mill. kr)	Budsjett 2015	Rekneskap 2015	Avvik	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
Forvaltning	8,1	9,6	-1,5	10,9	6,5
Opplæring	115,5	86,4	29,1	80,5	89,2
Tannhelse	2,0	1,9	0,1	5,3	5,6
Kultur	-	-	-	-	4,9
Samferdsle	187,7	152,9	34,8	403,3	611,5
Investering i anleggs- midlar	313,3	250,9	62,5	500,0	717,7
Avdrag, avsetjingar, aksjar	14,1	25,5	-11,3	42,7	95,5
Finansieringsbehov	327,5	276,3	51,2	542,7	813,2
Bruk av lånemidlar	88,8	52,0	36,8	150,9	316,7
Inntekter frå sal av anlegg	9,6	16,5	-6,8	37,7	
Tilskot til investeringar	78,4	64,1	14,3	82,8	135,6
Mva- komp	56,0	41,6	14,4	89,3	-
Mottekne avdrag på utlån			-	0,5	2,4
Andre inntekter	2,9	9,5	-6,6	5,8	5,5
Overført frå drifta*	67,7	67,7	-	84,8	284,8
Bruk fond	24,2	25,0	-0,8	90,9	68,2
Sum finansiering	327,5	276,3	51,2	542,7	813,2
Udisponert	-			-	-

\*mva-komp investeringar utgjorde 114 mill.kr. i 2013  
Tabell 4

Investeringar i anleggsmiddel utgjorde 251 mill. kr. i 2015 mot 500 i 2014. Investeringane fordeler seg slik på sektorane:

- 9,6 mill. kr forvaltning
- 86,4 mill. kr til opplæring
- 1,9 mill. kr til tannhelse
- 152,9 mill. kr til samferdsle

Avvik i høve budsjett skuldast i hovudsak forseinkingar i gjennomføringa av investeringane. I tillegg har fylkeskommunen utgiftsført 25,5 mill. kr i ekstraordinære avdrag på lånegjelda, avsetjingar til fond og aksjekjøp. Det vesentlege her er ekstraordinære avdrag/refusjon som utgjer 19,3 mill. kr.

Av samla finansieringsbehov på 276,3 mill. kr utgjer låneopptaket 52 mill. kr eller 18,8 prosent. Tilsvarende tal for 2014 var 28 prosent.

## BALANSE

Oversikt - balanse (mill.kr)	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Sum anleggsmidler	7 009,3	6 896,0	6 489,4	5 839,3
Faste eigendomar og anlegg	4 815,7	4 766,0	4 445,8	3 883,5
Utstyr, maskinar og transportmidlar	130,7	132,4	131,8	129,0
Utlån	8,1	8,5	10,5	10,7
Aksjer og andelar	600,4	598,6	596,7	595,2
Pensjonsmidlar	1 454,4	1 390,6	1 304,6	1 220,9
Sum omløpsmidlar	1 234,0	1 079,8	1 234,2	1 122,7
Kortsiktige fordringar	114,7	118,1	207,7	125,6
Premieavvik	15,9	32,7	18,7	25,6
Obligasjonar	103,3	101,8	-	
Kasse, postgiro, bankinnskot	1 000,2	827,3	1 007,8	971,5
SUM EIGENDELAR	8 243,3	7 975,9	7 723,6	6 962,0
Sum eigenkapital	3 862,9	3 558,8	3 306,7	3 087,2
Disposisjonsfond	484,3	316,1	381,5	349,7
Bundne driftsfond	157,2	265,1	302,8	280,6
Ubundne investeringsfond	12,2	15,3	15,0	22,7
Bundne investeringsfond	4,3	2,1	1,6	
Rekneskapsmessig mindreforbruk	58,0	43,5	45,5	50,5
Udisponert i inv.rekneskap				
Kapitalkonto	3 188,6	2 958,5	2 602,2	2 425,5
Endr RK-prinsipp - AK Drift	-41,8	-41,8	-41,8	-41,8
Sum langsiktig gjeld	3 881,1	3 956,2	3 930,3	3 489,7
Pensjonsforpliktelsar	1 665,3	1 680,5	1 630,0	1 514,3
Andre lån	2 215,8	2 275,7	2 300,3	1 975,3
Sum kortsiktig gjeld	499,3	460,9	486,5	385,2
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	8 243,3	7 975,9	7 723,6	6 962,0

Tabell 5




Diagram 3




Diagram 4

Balansen gjev eit oversyn over eigedelane og gjelda til fylkeskommunen.

Bokført verdi av eigedomar og utstyr har auka med om lag 2,2 mrd. kr dei siste åra og avspeglar det høge investeringsnivået vi har hatt.

#### Lånegjelda

Lånegjelda til fylkeskommunen har i perioden 2010-2013 auka med om lag 1 mrd. kr. I løpet av 2014 og 2015 har lånegjelda blitt redusert med samla om lag 85 mill. kr til 2,216 mrd. kr. Lånegjelda er inklusive vegforskotering frå kommunar på 125,3 mill. kr. Ved utgangen av 2014 var lånegjelda på 2,276 mrd. kr.

Samla driftsinntekter auka med 188 mill. kr frå 2014 til 2015. Lånegjelda har auka frå å utgjere om lag 50 prosent av samla driftsinntekter i 2010, til å utgjere 73 prosent i 2015. Dette er 7 prosent lågare enn for 2014.

Lånegjelda til fylkeskommunen er på om lag kr 20 200 pr. innbyggjar, mens landssnittet (for fylkeskommunane) ligg på omlag 11 700 kr pr. innbyggjar. Lånegjelda pr. innbyggjar syner ein svak reduksjon for oss i 2015, medan den er svakt aukande for resten av landet.

#### Disposisjonsfond

Avsetjing til disposisjonsfond har vore stabilt høg over fleire år. Hovudgrunnen til oppbygginga av disposisjonsfonda er den vedtekne strategien for bruken av lokale inntekter (utbytte og konsesjonskraft) samt streng budsjettdisiplin. Til dømes er overskotet dei seinare åra (vel 160 mill.kr. 2011-14) i all hovudsak avsett til fond for å ha ein buffer når det varsla nedtaket av statlege overføringar grunna nytt inntektssystem sler inn for fullt.

Pr. 31.12.15 er det samla 484,3 mill. kr på disposisjonsfonda, noko som utgjør 16 prosent av sum driftsinntekter. Tilsvarende tal for alle fylkeskommunane samla er 6,4 prosent.

**KOSTRA**

	Sogn og Fjordane				Ref. fylke	Landet u/oslo
	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Finansielle nøkkeltal i % av brutto driftsinntekter						
Netto driftsresultat	12,2	13,2	2,3	3,5	4,7	4,6
Netto avdrag	2,8	3,0	4,1	4,4	3,2	3,1
Netto renter	-0,1	-0,9	-0,5	-0,3	-0,7	0,2
Netto lånegjeld	67,0	75,4	79,0	70,9	50,1	64,1
Arbeidskapital ekskl. premieavvik	25,3	24,5	20,6	23,7	14,2	12,0
Finansielle nøkkeltal i kroner pr. innbyggjar						
Brutto driftsutgifter	23 189	24 577	26 114	26 712	19 127	15 408
Brutto driftsinntekter	25 920	27 344	26 059	27 685	19 772	15 866
Frie inntekter	19 978	19 882	19 353	21 085	15 214	12 238
Netto lånegjeld	17 377	20 619	20 574	19 637	9 901	10 146
Fordeling av brutto driftsutgifter i %						
Adm, styring og fellesutg	6,1	5,3	4,8	4,8	4,7	4,2
Videregående opplæring	37,4	36,0	34,2	33,1	40,5	45,9
Tannhelsetenesta	3,8	3,7	3,8	3,8	4,4	4,4
Fysisk planlegging/ kulturminne o.l.	1,2	2,4	2,3	2,0	2,0	2,3
Kultur	3,8	3,7	4,7	4,2	4,5	4,4
Samferdsle	36,3	34,5	35,5	34,9	32,7	30,0
Næringutvikling	7,0	7,7	8,6	8,9	5,1	3,1

Tabell 6

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev informasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd: SSB offentliggjorde 15. mars ureviderte tal for 2015.

Reviderte tal vil bli lagt ut 15. juni 2016. I tabellen er det vist nokre nøkkeltal, for Sogn og Fjordane fylkeskommune dei 4 siste åra, og 2015-tala for referansefylkeskommunar og landet u/Oslo.

Sogn og Fjordane har vidare vesentleg høgere inntekter og utgifter pr. innbyggjar enn landet i heile perioden. Vår netto lånegjeld er over dobbel som høg som landet.

# Innbyggjarane møter fylkeskommunen



Mo og Øyrane vidaregåande skule  
Foto: Foto: Magne Sellevold/Sogn og Fjordane fylkeskommune

# Klima og miljø



Skifoto: Anne Kjersti Stavø Stenehem

## UTVIKLINGSARBEID KLIMA

Fylkesdelplan for klima og miljø, vedteke i fylkestinget i mars 2009, gjev føringane for det regionale klimaarbeidet saman med gjeldande handlingsprogram. Handlingsprogrammet vert rullert for to og to år og fylkestinget vedtok nytt for perioden 2016-2017 i desember.

## OMSTILLINGSFASE

2015 var på mange måtar ein milepæl i det offentlege ordsiftet om dei menneskeskapte klimaendringane. Den tradisjonelle tilnærminga, med gradvis reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing av samfunnet på sikt, vil ikkje vere tilstrekkeleg til å halde den globale temperaturauken under 2°C fram mot år 2100 slik FN sitt klimapanel har tilrådd. Klimapanelet meiner at vi no vert tvungne inn i ein omstillingsfase, der det er naudsynt å setje inn omfattande tiltak raskt.

Det er internasjonal semje om at innan 2050 skal utsleppa av klimagassar vere netto null, noko som betyr at eventuelle utslepp må kompenseras for, gjennom opptak i naturlege prosessar eller teknologi for karbonfangst. Omstillinga til dette nullutslepps-samfunnet inneber at «vekst og utvikling må skje innanfor tolegrensa til naturen».

## DET GRØNE SKIFTET

I samband med rulleringa av handlingsprogrammet for klima og miljø bad fylkespolitikarane om ei konkretisering av kva rolle fylkeskommunen kan ha i klimaomstillinga og «det grønne skiftet». Særleg skulle ein hente inn kunnskap om korleis fylkeskommunen kan påverke utviklinga gjennom eigne innkjøp, til dømes kollektivtilbod og bygg, samt i rolla som regional nærings- og samfunnsutviklar. På bakgrunn av dette har fylkeskommunen i 2015 gjennomført fleire FoU-prosjekt, der målet har vore å utforske kva rolle fylkeskommunen kan ha i det grønne skiftet, og samstundes involvere næringsliv, kommunar og andre samarbeidspartar. Ved fylkestinget sitt møte i juni vart det og handsama ein interpellasjon om det grønne skifte og korleis fylket kan ta ei tydelegare rolle i dette.

Fylkeskommunen har dette året tatt utgangspunkt i dei ulike utfordringar i samfunnet og sett på kva vi kan gjere for å få fram verdikjeder der det offentlege og private kan spele saman for å få til ei meir gjennomgripande klimaomstilling. Det har særleg blitt prioritert arbeid inn mot hydrogen som energibærer og tilpassing av bygg til låg og nullutsleppsbygg. Sjå eigen omtale av prosjekta. I tillegg har vi etablert eit samarbeid med SIMAS for å sjå på avfall som ressurs og moglege verdikjeder knytt til dette. Også dette prosjektet ligg inne som tiltak i handlingsprogrammet.

Saman med KS, Fylkesmannen og Vestlandsforskning deltek fylkeskommunen i ei eiga styringsgruppe som jobbar for å styrke det regionale samarbeidet om klima og miljø. I 2015 har denne gruppa søkt Regionalt Forskningsfond Vestlandet og fått tildelt tre millionar kroner til eit prosjekt som skal styrke kunnskapen om vilkåra for lokal





Foto: Trond Strømgren, Maritim Forening Sogn og Fjordane



Grøn konferanse i Hyen. Rådgjevar Elisabet Kjerstad Bøe i fylkeskommunen var ein av innleiarane på konferansen. Foto: Olav Klungre.

klimaomstilling og utvikle nye metodar for slik omstilling. Vestlandsforskning er fagleg ansvarleg i prosjektet med NVE og Statens Vegvesen som samarbeidspartar. Prosjektet startar opp i 2016.

### HYDROGENTEKNOLOGI I FORNYBARFYLKET SOGN OG FJORDANE

Grunnstoffet hydrogen finst det mykje av i naturen. Framstilling av hydrogen kan mellom anna skje i ein elektrolyseprosess der ein spaltar vatn ved hjelp av elektrisitet. Sogn og Fjordane er rikt på fornybare energikjelder som vasskraft, vindkraft, biomasse og bølgekraft. Produksjon av hydrogen i regionen kan difor skje med utgangspunkt i fornybare energikjelder, utan utslepp av klimagassar.

Hydrogen kan mellom anna nyttast som drivstoff til brenselceller. Dette er ein teknologi som produserer elektrisitet ved å omdanne hydrogen og oksygen til vatn i ein elektrokjemisk prosess. Hydrogen kan òg verte brukt som drivstoff i forbrenningsmotorar med null utslepp av klimagassar. Etterspurnaden etter hydrogen som energiberar vil truleg auke mykje i åra framover, då det kan redusere behovet for fossil energi i land som Tyskland, Japan og USA. Særleg innanfor land- og sjøbasert transport vil det vere eit stort potensiale for å ta i bruk hydrogen- og brenselcelleteknologi, både med tanke på utsleppsreduksjon og næringsutvikling for aktørane i dei aktuelle verdikjedene.

For å hente inn kunnskap om fylket sitt potensiale for kommersiell utnytting av hydrogen har fylkeskommunen gjennomført ei kartlegging av aktørar i ei hydrogenbasert verdikjede i maritim sektor. Studien konkluderte mellom anna med at det er mogleg for fleire bedrifter og aktørar i fylket å ta i bruk eksisterande hydrogen-teknologi i maritime applikasjonar, til dømes innanfor skipsdesign og verftsindustri. Realisering av ein maritim verdikjede med null utslepp basert på hydrogen som energiberar, krev likevel:

- både små- og storskala produksjon av hydrogen
- planlegging og utbygging av infrastruktur
- ein større marknad der andre bruksområde bidreg til å auke etterspurnaden

### UTVIKLINGSPROSJEKT I BEDRIFTER


Som ein del av kartlegginga inviterte fylkeskommunen til eit informasjonsseminar om hydrogen på Hellenes Verft i Førde. Der fekk over 60 påmelde frå næringslivet, FoU-miljø, utdanningsinstitusjonar, verkemiddelapparatet og interesseorganisasjonar kunnskap om temaet og høve til å knyte kontaktar for vidare samarbeid. Initiativet frå fylkeskommunen har bidrege til at fleire bedrifter har sett i gong utviklingsprosjekt i eigen organisasjon. Tilrådingane frå kartlegginga vart integrert i nytt handlingsprogram for klima og miljø 2016-2017, og fylkeskommunen arbeider no med ein strategi for vidare satsing på hydrogen, både i Sogn og Fjordane og i samarbeid med dei andre fylkeskommunane på Vestlandet.

### MILJØKRAV GJEV MOGLEGHEITER FOR BYGGENÆRINGA

Arnstad-utvalet, som vart nedsett i 2009, fremja ein ambisjon om å spare over 40 TWh i norske bygg årleg innan 2040. Dette inneber ei halvering av den årlege energibruken, som då var på 80 TWh. Utvalet peikte på forskriftsendringar, økonomiske støtteordningar, kompetanseheving, meir forskning og åtferdsendringar som naudsynte tiltak for å nå målet.

EU sitt nye Bygningsenergidirektiv II skal fremje energiytinga i bygningar. Dette er ei oppfølging av bygningsenergidirektivet, som allereie er implementert i Noreg, og som er grunnlaget for eksisterande tekniske føresegner og energimerkeordninga for bygg. Bygningsenergidirektiv II seier at alle nye bygningar skal vere på «nesten null-energi»-nivå innan 2020, som svarar til eit bygg omkring standard for passivhus der tilnærma 100 prosent av varmebehovet er dekkja av varmepumper, solfangarar og liknande. For offentlege bygningar skal kravet gjelde frå 2018. I tillegg er det venta strengare krav til energiforbruk ved renovering og oppgradering av eksisterande bygg. Fleire har hevda at det nye direktivet vil fremje innovasjon og kompetansebygging, auke verdiskapinga for byggebransjen og gje lokale aktørar like vilkår som utanlandske aktørar.

På bakgrunn av komande nye krav til energibruk i bygg, og ambisjonar om stor reduksjon i energibruken i bygg, gjennomførte fylkeskommunen ei kartlegging av miljøomsyn i planlagde offentlege byggeprosjekt i fylket. Alle offentlege utbyggarar i fylket, som kommunane, fylkeskommunen, Statsbygg og Helse Førde, var med i kartlegginga. Føremålet var å få kunnskap om kortsiktige og langsiktige investeringar i nybygg og oppgradering, samt energiambisjonar, klimatilpassing og miljømål i prosjekta.



Kartlegginga synte at det på kort sikt, i 2016 og 2017, skal byggast og oppgraderast for 1,865 mrd. kr i fylket. I langtidsplanane til offentlege utbyggarar ligg det førebels inne prosjekt for 1,868 mrd. kr. Til saman skal altså minst 3,7 mrd. kr investerast i offentleg bygningsmasse dei neste åra.

### POTENSIALE FOR INNSPARING

I analysen har ein fokusert på potensialet for energisparing i nybygga. Om ein ser alle prosjekta under eitt, både dei for 2016/2017 og dei i langtidsplanane, vil det årlege energiforbruket ved bruk av nye krav til bygg (TEK 10) vere på 14,8 GWh. Om alt vert bygd etter standard for passivhus vert energiforbruket på 7,6 GWh. Dersom offentlege utbyggarar går føre med eit godt døme i desse prosjekta og bygger til «nesten null-energi standard» vert energiforbruket 5,2 GWh pr. år, som dermed er ei innsparing på 9,6 GWh pr. år samanlikna med TEK10. Det totale sparepotensialet vil auke ytterlegare dersom ambisjonane for energieffektivitet også aukar i prosjekt med oppgradering.

Svara frå kommunane i undersøkinga viser likevel at det berre unntaksvis er fokus på at desse bygga skal møte framtidige miljøambisjonar. Helse Førde er den aktøren som har høgast ambisjonar ved at dei har planar om fleire prosjekt med passivhusnivå. Statsbygg har få planlagde prosjekt, men generelt ein tradisjon for å vise veg i nybygg, medan fylkeskommunen har mål om lågenergi-nivå.

### TILTAK FOR Å STIMULERE TIL GRØNT SKIFTE

Resultata frå kartlegginga vart presenterte på Miljøbyggkonferansen 2015 på Nordfjordeid, der både byggebransjen og kommunane var invitert. Føremål med konferansen var å legge til rette for dialog mellom offentlege innkjøparar og tilbydarar av løysingane som kravst for å møte dei nye krava til effektivisering og reduksjon av energibruk. Det offentlege vil ha behov for nye produkt og tenester i nær framtid. Gjennom konferansen ville fylkeskommunen og samarbeidspartane skape ein møteplass og stimulere til lokale bransjesamarbeid om utvikling av energi- og miljøløysingar i bygg.

Etter funna i kartlegginga og innspel frå konferansedeltakarane fekk fylkeskommunen tilråding om følgjande tiltak for stimulere til det grønne skiftet i byggenæringa og det offentlege innkjøpsapparatet:

- Bidra til å auke det generelle kunnskapsnivået om tematikken blant dei som kan ta avgjerd på alle nivå, særleg å auke «bestillarkompetansen» til byggherrar
- Etablere møteplassar og nettverk både for byggherrar og leverandørsida
- Bidra til å knyte lokale prosjekt opp til nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt og pilotar, slik at ein sikrar at byggebransjen i fylket kan hevde seg i ein internasjonal konkurranse
- Bidra til å auke interessa for dette i det offentlege ordskipet




Foto: Asbjørn Ness/Sogn og Fjordane fylkeskommune

# Ny heimeside

## PÅ SFJ.NO FINN DU

- 8 395 enkeltsider
- 2 597 dokument
- 3 994 mediefiler

Sfj.no har meir enn 80 000 sidevisningar i månaden.

Mest brukte utgåande lenke på sfj.no går til Kringom.no.

Mest trafikk kjem frå Førde, Sogndal, Oslo, Leikanger og Florø.


## NY, BRUKARVENLEG NETTSTAD: WWW.SFJ.NO

Fylkeskommunen kunne 14. juni 2015 presentere ein ny og moderne nettstad for folk i fylket, sfj.no. Brukarvenleg informasjon og oppgaveløysing er målet med heimesida, sjølv sagt på god nynorsk:

- **Brukaren i sentrum:** Grafisk utforming og navigasjon tek utgangspunkt i brukaren sine behov, og innhaldet er tilpassa lesing på nett. Tenestetilbod, oppgaveløysing og kontakt med fylkeskommunen skal vere lett tilgjengeleg for folk.
- **Ein framtidretta nettstad:** Det er lagt til rette for at brukaren her skal kunne løyse flest moglege oppgåver sjølv. Nettstaden har og eit godt samspel med sosiale mediekannalar. Informasjon og tenester er tilgjengelege for alle, nettstaden stettar krav til universell utforming.
- **Førsteval:** Nettstaden skal vere førstevalet når ein vil finne fylkespolitiske vedtak og prosessar, og fylkeskommunen sine aktivitetar og tenestetilbod.

Nettstaden har nye, digitale løysingar for visning og sjølvbetjening i postlista, og politiske møte og saker. Arbeidet med nettstaden var leia av informasjonssjefen, og har vore ein stor og viktig dugnad for heile sentraladministrasjonen, med produksjon av webtilpassa innhald. Ein nettstad er aldri ferdig, det blir jobba kontinuerleg med utvikling og innhald.

Leverandør er Custom Publish, som fekk oppdraget etter anbod med forhandlingar i 2014.



# Kultur

Kunst og kultur har ein eigenverdi som det er viktig å hegne om. Effekten kan vi sjå att på mange samfunnsområde. Deltaking og oppleving er sentrale stikkord om vi vil sjå på kunst og kultur si rolle i folkehelsearbeidet. Deltaking er også avgjerande for å halde oppe og styrke demokratiet, og kultur er ein arena for mangfald i samfunnet. Kunst og kultur er ei god investering når vi vil bygge eit samfunn av trygge, skapande menneske.

Som samfunn får vi mykje positivt att for dei midlane som vert sett av til kultur. Eit av kjenneteikna ved kultursektoren er svak lovgjeving og mykje bruk av avtaler der offentlege, frivillige og/eller private instansar satsar i fellesskap. Dette gir god økonomisk effekt og viktig verdiskaping i samfunnet. Denne modellen er ein styrke for kulturlivet når dei økonomiske pilene peikar oppover. Når pila går andre vegen, slik som er tilfelle for vår fylkeskommune, vert dette ei utfordring. Effekten av eit fylkeskommunalt kutt vert fort tre- til firedobla. Regjeringa sitt uttalte mål om kunst og kultur i heile landet kan lett slå sprekker når fylkeskommunen skal redusere sitt driftsbudsjett.

Nynorskfylket Sogn og Fjordane har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk i alle kanalar. Gjennom fylkesbiblioteket har fylkeskommunen engasjert seg i tiltak som kan fremje nynorsk leseglede. Saman med instansar som Nynorsksenteret i Volda, Nynorsk kultursentrum i Ørsta, Foreningen les! og Det norske samlaget har vi arbeidd aktivt for å få nasjonale styresmakter med på å styrke formidlinga av nynorsk barne- og ungdomslitteratur. Gjennom dette arbeidet har vi fått gjort nynorsk litteratur meir kjend, og vi har sett søkjelys på bruken av nynorsk litteratur i skuleverket over heile landet. Vi arbeider vidare med desse ideane, og samordnar innsatsen med dei andre vestlandsfylka. Ein annan måte å fremje nynorsken på, er ved å engasjere ungdommane. Gjennom bloggprosjektet «Mine meiningar på mitt språk» har 10 ungdommar levert til saman 30 innlegg til kulturbloggen. Mange av desse har også prega lokalavisene i fylket siste halvåret. Kommune- og regionreforma har også eit språkperspektiv. Dette perspektivet må Sogn og Fjordane løfte fram.

I arbeidet med handlingsprogrammet for regional plan for fysisk aktivitet har vi i 2015 kome tett på dei som legg til rette for auka fysisk aktivitet på lokalplanet. Dette er eit spennande og motiverande arbeid der mange er med og gjer sin del, og der vi i samarbeid med Sogn og Fjordane idrettskrins og kommunane jobbar med å omsetje nasjonale føringar og regionale prioriteringar i konkret handling lokalt. Same effekten i arbeidet ser vi i arbeidet vårt med lokale kulturminneplaner.

I kultursektoren har vi arbeidd over lengre tid med inkludering. Konferansen «Møteplass for inkludering» i oktober var høgaktuell, og viste også den store interessa som finst hos kommunar og frivillige til å stille opp og bidra til å gjere ein forskjell. I den samanheng vil eg særleg trekke fram biblioteka si rolle som møteplass og læringsarena. Biblioteket er ei lovpålagt oppgåve for kommunane. Det er eit lågterskeltilbod som flyktingar og innvandrarar i stor grad gjer seg nytte av. Fylkeskommunen si oppgåve er å støtte opp om folkebiblioteka, koordinere felles satsingar og bidra til kompetanseheving for tilsette i biblioteka.

Sentralt i integreringsdebatten i dag er møtet mellom menneske og mellom kulturar. Kva skjer med den enkelte sin identitet og med samfunnet sin identitet i dette møtet? Inkludering handlar om å bygge ned synlege og usynlege barrierer, og å bygge opp trygge, sjølvstendige borgarar som utviklar samfunnet. Då må vi starte med det første steget, og gjere dei enkle tinga - eit smil, eit hei, ein kopp kaffi. Så handlar det om språk, og om korleis vi omtalar kvarandre og dei utfordringane vi står i. Det startar der. Så er det hardt arbeid vidare. Mange har erfaring og må dele med andre. Fylkeskommunen si rolle vil vere å legge til rette for møte mellom menneske og mellom kulturar. Vi bidreg til at prosessar vert sett i gang og til å formidle erfaring. Vi har ingen fasit, men vi trur på møtet, og på det å ta det første steget. Og igjen - gjennom satsing på kunst og kultur kan vi vere med og bygge eit samfunn av trygge, skapande menneske.

## ØKONOMI:

Nettobudsjett for kultur i 2015 vart på 72,236 mill. kr med slik fordeling:

Teneste		Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Justert budsjett 2015	Vedteke budsjett 2015
	ALLE	74 234	71 597	72 236	68 215
7400	Bibliotek	6 847	6 500	6 498	6 283
7500	Kulturminnevern	14 697	13 491	13 735	13 157
7600	Musé	16 877	16 244	16 244	16 244
7710	Kunstformidling	9 919	10 251	9 986	8 356
7720	Kunstproduksjon	11 077	11 494	11 474	11 474
7750	Idrett	2 697	2 526	2 508	2 472
7900	Andre kulturaktivitetar	12 120	11 093	11 791	10 229

Tabell 7

Sektoren forvalta i tillegg ca. 55 mill. kr i statlege tilskot til kulturaktivitet i fylket (Den kulturelle skulesekken, Rikskonsertane, freda bygg, spelemidlar og andre statlege tilskot).

## FYLKESKULTURPRISEN

Fylkeskulturprisen 2015 vart tildelt Hilde Bjørkum for arbeidet med å bygge opp Førdefestivalen til ei av dei sterkaste kulturmerkevarene fylket har i dag.



Fylkeskulturprisen 2015 vart tildelt  
Hilde Bjørkum  
Foto: Matias Helgheim

## KULTURFORMIDLING

Området kunstformidling omfattar Den kulturelle skulesekken (DKS), musikk, digital kulturformidling og kultur og helse.

### Den kulturelle skulesekken (DKS)

Alle elevane i grunnskulen fekk fire ulike tilbod. Det vart gjennomført 27 turnear fordelt på kunstområda scenekunst, musikk, film, litteratur, kulturarv og visuell kunst. Sogn og Fjordane teater synte framsyninga «Vaffelhjarte» for alle elevar på 1.-7.steget i fylket (9616 elevar).


Frå hausten 2015 vart også vg1 i den vidaregåande skulen med i ordninga. Dermed er alle elevar i grunn- og den vidaregåande skulen no omfatta av DKS. Det er gjennomført seks turnear i vidaregåande skule.

Det var totalt 1 010 framsyningar i DKS hjå skulane i fylket i 2015.

Sjå diagram nr 5 for fordeling av dei ulike kunstuttrykka. Tilboda vart gjennomførte i samarbeid med dei nasjonale aktørane på dei ulike kunstfelt.

Den tradisjonelle DKS-konferansen vart hausten 2015 utvida til ein felles kulturkonferanse, «Felles barn, felles ansvar» for DKS, UKM og kulturskulane. Konferansen samla mange av kulturkontaktane på skulane til presentasjon og

DKS - Fordeling av turneane på dei ulike kunstuttrykka



Visuell kunst 1 % • Crossover 1 % • Kulturarv 1 % • Film 2 % • Litteratur 8 % • Scenekunst 5 % • Musikk 15 %

Diagram 5

Tal arrangement




Diagram 6

Tal publikum




Diagram 7

drøfting av DKS, samt drøfting av høve til samarbeid innan dei ulike ordningane.

Hausten 2015 vart det halde fagdagar for DKS i den vidaregåande skulen på tre stader i fylket. Alle dei vidaregåande skulane var representerte.

### Musikk

Fylkeskommunen samarbeider med Rikskonsertane om både skulekonsertar og barnehagekonsertar. I 2015 vart det klart at Rikskonsertane får ei ny rolle som omfattar eit heilskapleg ansvar for Den kulturelle skulesekken på nasjonalt nivå.

Dei 15 distriktsmusikarane i vertskommunane Førde, Gloppen og Leikanger vart nytta av Opera Nordfjord, Sogn og Fjordane symfoniorkester, Førde kammerkor og Gloppen Musikkfest, samt i omfattande turneverksemnd for skulekonsertordninga og Den kulturelle skulesekken.

Omorganiseringa av fylkesmusikarordninga, der fylkeskommunen ønskjer å styrke distriktsmusikarordninga med stillingar innan folkemusikk, er utsett grunna ein framleis krevjande økonomisk situasjon i fylkeskommunen. I dag er det tre folkemusikarar som er tilsett, fordelt på to stillingar. To av dei har deler av arbeidet sitt knytt til Fylkesarkivet. Fylkeskommunen sitt samarbeid med Bergen Filharmoniske orkester førte til fleire konsertar i dei fire kommunane som er med på samarbeidet - Førde, Gloppen, Flora og Sogndal.

### Digital kulturformidling

Dei tre viktigaste digitale satsingane i 2015 var skuleprosjektet, ungdomsbloggprosjektet og arbeidet med ny heimeside. I tillegg til dette har det vorte jobba med digital formidling av kulturarv, kulturminne, kultur og helse, friluftsliv og fysisk aktivitet, med meir.

Prosjektet «Skulen min» er eit samarbeidsprosjekt med blant andre Fylkesarkivet som skal gå over tre år. Målet er å formidle skulehistorie frå heimfylket samla i ein digital portal. Prosjektet er finansiert blant anna av eksterne midlar frå Riksarkivet og Statens Vegvesen.

Med prispengar etter kåringa som årets nynorsk-kommune i 2012 gjennomførte vi i 2015 eit bloggprosjekt for ungdom. I tillegg til ei felles kurshelg gjekk midlane til blogg stipend til kvar av dei ti ungdomane. Alle innlegga kan lesast på [sfj.no/kulturbloggen](http://sfj.no/kulturbloggen).

### Kultur og helse

Kunst og kulturuttrykk som musikk, samt utviklingsarbeid og forskning står sentralt i arbeidet for å gjere kultur tilgjengeleg og i bruk for alle.

LEV VEL-aktiv senior, starta i 2015 og er eit prosjekt i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), Utviklingsenteret for sjukeheimar og heimeteneste i Sogn og Fjordane og Flora kommune. Målet er å betre samarbeid mellom kulturinstitusjonar og pleie- og omsorgssektor.



Barnehagekonserten Takk v/ Ann Kristin  
Andersson.  
Foto: Øyvind Lyslo



Planperioden for regional plan for fysisk aktivitet,  
idrett og friluftsliv er forlenga til 2019 og alle  
handlingsprogramma er rullert.  
Foto: Donald Duck games

Gjennom samarbeid med Norsk forbund for utviklingshemma i Sogn og Fjordane vart kulturfestival for utviklingshemma gjennomført for 27. gong. Festivalen har bra deltaking (100 deltakarar) der menneske med spesielle behov får høve til å oppleve og meistre ulike kulturuttrykk.

Å vere eit inkluderande samfunn er vorte sett ekstra på dagsorden i 2015. Gjennom konferansen Møteplass for integrering, og råd og rettleiing, arbeider vi for å motivere frivillig, offentleg og privat sektor til å skape opne inkluderande møteplassar. Om lag ein mill. kr frå Den kulturelle spaserstokken vart fordelt til alle kommunane i fylket.

Vi følgjer tett arbeidet i POLYFON, eit vestlandsk forskingsnettverk for musikkterapi.

## KUNSTPRODUKSJON

### Knutepunkt og kulturinstitusjonar

Dei fire profesjonelle kunstproduserande institusjonane er viktige stolpar i kulturlivet i fylket. Dei gir innbyggjarane i Sogn og Fjordane moglegheit for å sjå og oppleve profesjonell kunst og kultur i heimfylket. Dei bidreg også til identitet, aktivitet og verdiskaping.

Publikumstal og tilbod frå institusjonane er stabilt, sjå diagram nr 6 og 7.

Stortinget har i samband med handsaminga av statsbudsjett 2016 avvikla knutepunktordninga. Dette rammar Førdefestivalen og Norsk Countrytreff. Ansvaret for tilskot til festivalane er overført til Norsk Kulturråd.

## FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG ANLEGG

Satsinga på kompetanseheving til frivillige lag og organisasjonar gjennom spelemiddelkurs viser no igjen i talet på godkjende spelemiddelsøknadar. Målet har vore å auke kvalitet på spelemiddelsøknadane til anleggsutbygging og vi ser ei auke i tal godkjende søknader. Total løyving til anlegg for spelemidlar i 2015 var 37,1 mill. kr, dette er ein auke på 8,9 mill. kr frå 2014.

I 2015 gjeld 30 prosent av søknadane rehabilitering av anlegg, dette er ei auke på 10 prosentpoeng frå 2014. Verdiskapinga gjennom dugnadsinnsats og frivillig arbeid er stor innan feltet.

Vi har også hatt eit styrka fokus på å følgje opp kommunar som har revisjon av sine kommuneplanar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I samarbeid med idrettskrisen har vi vitja åtte kommunar der vi på dagtid har møtt kommunen og på kveldstid frivillig sektor. Resultatet er at kommunane i sine planer får større fokus på fysisk aktivitet. Dette er eit vellukka samarbeid som vert vidareført.

### Lokale kulturbygg

9 av 14 søknader fekk til saman 3,9 mill. kr til opprusting og fornying av lokale kulturbygg (del av spelemiddeloverskotet). Vi starta samarbeid med Sogn og Fjordane ungdomslag/Huset i bygda og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane for å auke talet på søknader til lokale kulturbygg. Det er ei utfordring at ordninga nasjonalt sett ikkje er behovsprøvd, og at det ikkje går klart fram kva kriterier staten legg til grunn for si fordeling av midlar til fylka.

## ANDRE KULTURAKTIVITETAR

Området omfattar innsats på, og løyvingar til barne- og ungdomssatsingar, frivillig sektor og utviklingstiltak.







Diagram 8

Midlar andre kulturaktivitetar 2015



- Midlar andre kulturaktivitetar 2015
- Fylkesdekkande kulturorganisasjonar
- Festivalar
- Arrangement/kulturtiltak
- Kunstnarstipend/kulturpris
- Ungdomstiltak, UPU/UKM, fylkesting for ungdom
- Idrett/idrettsanlegg
- Utviklingstiltak

Diagram 9

Utvikling tal deltakarar og innslag på UKM i heile Sogn og Fjordane




Diagram 10

### Fylkesting for ungdom (FFU) og ungdomspolitisk utval (UPU)

Fylkesting for ungdom vart gjennomført i april med 31 deltakarar frå 13 kommunar og fire organisasjonar og politiske parti. I november arrangerte vi ei årleg samling for ungdomsråda i fylket, der hovudtema var opplæring av medlemmane i ungdomsråda. Det deltok 33 deltakarar frå 15 kommunar. Det ligg ei utfordring i å få alle kommunane med i dette arbeidet.

### UKM (Ung kultur møtest)

Fylkesmønstringa 2015 vart arrangert i Førdehuset med Førde kommune som hovudarrangør. Arrangementet hadde 250 deltakarar. Som ledd i å utvikle arrangementet vart det gitt tilbod til unge konferansierar og ei utviding av tilbodet innan UKM Media. I tillegg kom scene-framsyningar og kunstutstilling som har vore med heile tida. Fem sceneinnslag, ein film, fire utstillingsarbeid, ein fotograf (UKM Media) og ein ung arrangør representerte fylket på UKM-festivalen i Trondheim.

Avtalen med Førde kommune som hovudarrangør vart forlenga til og med 2016. Det vart samstundes starta ei evaluering av arrangørmodellen.

Hausten 2015 vart det arrangert kommunemøte for UKM-ansvarlege i kommunane. 16 kommunar deltok, noko som er ei auke frå 2014.

### KULTURMINNE

Fylkeskommunen har eit mål om at kulturminna skal vere ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane. For å nå målet arbeider vi både forvaltnings- og utviklingsretta.

Prosjektet Lokale kulturminneplanar som starta i 2012, held fram. Prosjektet er kommuneretta og har som mål å styrke lokal kulturminneforvaltning. 25 av kommunane i fylket er i gong med utarbeiding av lokal kulturminneplan.

Fylkeskommunen handsama 13 kommuneplanar og kommunedelplanar, seks områderegeringsplanar, 101 detaljreguleringsplanar og 156 dispensasjons-søknader. Inkludert landbruks-, vassdrags-



#### Vakre vegars pris

Tildelinga av Vakre Vegars pris til Verdiskapingsprosjektet Kongevegen over Filefjell vart markert på Borgund stavkyrkjesenter og langs Vindhellavegen 11. september. Juryen framheva prosjektet som eit framifrå døme på korleis ein gjennom samarbeid tek vare på kulturminneverdiar og samstundes legg til rette for friluftsliv og næringsutvikling. Kongevegen over Filefjell er nominert som Noreg sitt bidrag til den europeiske kulturminneprisen Europa Nostra Awards for 2016.

og energisakene handsama vi til saman 397 saker der vi vurderte omsynet til kulturminne og kulturmiljø. Fylkeskommunen gjennomførte 48 kulturminneregistreringar.

Det vart fordelt 5,5 mill. kr i statlege midlar til freda bygg og bygningsmiljø og 1,5 mill. kr til verdsarv.

Fylkeskommunen varsla oppstart av freding av eigedomen Heimdalsstrand i Balestrand. Eigedomen representerer historia til den tidlege turismen knytt til kunstnarmiljøet i Balestrand på tidleg 1900-tal.

Fylkeskommunen deltek i interimsstyret for Urnes stavkyrkje, der det vert arbeid med etablering av eit verdsarvråd etter modell frå Vestnorsk fjordlandskap.

For tusenårsstaden Gulatinget er det utarbeidd ny strategi og avtale mellom fylkeskommunen og Gulen kommune fram til 2020 og det er starta opp arbeid med å etablere eit nasjonalt tingstadnettverk.

Ved gravfeltet på Vie i Førde, som er eitt av dei tre største gravfelta på Nordvestlandet, vart det sett opp kulturminneskilt. På mellomalderkyrkjestaden Hauge i Lærdal vart kyrkjegardsmuren restaurert.

Kongevegen over Filefjell og Kystpilegrimsleia gjekk vidare som verdiskapingsprosjekt. Kulturarven knytt til industristadar (ERIH) vart avslutta som verdiskapingsprosjekt i 2015.

Fylkeskommunen deltok i lag med Riksantikvaren, NIKU, Fylkesmannen, NVE, Nærøyfjorden Verdsarvpark og Aurland kommune i pilotprosjektet «Kulturminner og klimaendringar». Målet med prosjektet har vore å få eit bilete over risikoen for klimarelaterte skader på kulturminne og kulturmiljø, og kva førebyggjande tiltak som kan setjast i verk. Det er utarbeidd rapport for pilotprosjektet.

#### FYLKESBIBLIOTEKET

Fylkesbiblioteket driv e-bokordning i fylket, saman med folkebiblioteka og bibliotek i vidaregåande opplæring. Dei deltakande biblioteka har forplikta seg til å setje av ein del av mediebudsjetta til ei felles e-boksamling. Fylkesbiblioteket administrerer òg transportordning og felles katalogsøk for biblioteka i fylket, og rådgiving og kvalitetssikring av statistikk frå folke- og skulebiblioteka er sentrale oppgaver.

Fagområda informasjonskompetanse, litteraturkunnskap, digital kompetanse, formidling og leing vert prioriterte ved planlegging og gjennomføring av fylkesbibliotekets mange kurs og samlingar. I samarbeid med NLA Høgskolen i Bergen tilbydde fylkesbiblioteket studiet Munnleg formidling (15 studiepoeng) i 2014–2015. Våren 2015 avla 18 studentar avsluttande eksamen.

Gjennom prosjektet Lettare litteraturnett utviklar fylkesbiblioteket ein mal for digital formidling av lokale forfatterskap i samarbeid med Nordland fylkeskommune, og byggjer samstundes opp forfattarnett for Sogn og Fjordane. Artiklar frå lokalhistoriske publikasjonar vert registrerte i eigen base.

Prosjektet Lesarhistoria - ny veg til lesaren 2015–2017 handlar om å vidareutvikle formidlinga med utgangspunkt i det mangfald av trykte og digitale tekstar som barn og unge les. Bibliotek, skular og barnehage i fem kommunar deltek i prosjektet. Høgskolen i Oslo og Akershus følgjer arbeidet og skal syte for dokumentasjon.

I samarbeid med Aldateateret og Sogn og Fjordane teater tilbydde fylkes-

biblioteket teaterstykket Herr Kurz og damene. Femten folkebibliotek stod som lokale arrangørar for framsyninga. Målet var både å vise kunstuttrykk av høg kvalitet i biblioteka og å auke kompetansen på arrangement og samarbeid.

Fylkesbiblioteket koordinerer Nettverk for bibliotekarar i vidaregåande opplæring, og har etablert Forum for formidling av barne- og ungdomslitteratur. I samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa oppretta fylkesbiblioteket i 2015 ei ordning med lesegleddarar, formidlarar av barne- og ungdomslitteratur. Ti lesegleddarar har gjennomgått kurs og tek oppdrag i barnehagar, skular og bibliotek kringom i fylket.

Den landsdekkande satsinga «Lesar søker bok» har som mål å utvikle særlege tilbod for grupper med lese- og skrivevanskar. Fylkesbiblioteket er kontaktledd til folkebiblioteka. Kurs for leseombod, frivillige som les for andre, vart gjennomført som del av kultur og helse-satsinga i Flora kommune i 2015. Tiltaket skal vidareførast med regionvise kurs for leseombod i 2016.

Gjennom utlån av klassesett, nyheitsbrev til skular og bibliotek og samarbeid med DKS driv fylkesbiblioteket aktiv formidling av barne- og ungdomslitteratur med særleg vekt på den nynorske litteraturen.

Bokbåtordninga vart avslutta i 2015. Boksamlinga som hørte til ordninga vart tilbydd folkebiblioteka, først i vårt eige fylke, deretter bibliotek over heile landet. I tillegg hadde fylkesbiblioteket boksamlinga i samband med arrangementet «Jul i Førdehuset» i desember 2015.

## FYLKESARKIVET

Fylkesarkivet har opplevd stor interesse for det materialet vi forvaltar. Gjennom avleveringar frå offentlege organ og private verksemder blir viktig informasjon om einskildpersonar og lokalmiljø, og rettar for einskildpersonar, gjort tilgjengeleg. Parallelt med at fylkesarkivet handsamar enkeltførespurnader, arbeider vi kontinuerleg med å forbetre tilgjenge til materiale gjennom å ta i bruk ny teknologi og forbetre våre arbeidsmetodar.

Fylkesarkivet ordnar, registrerer og digitaliserer private og offentlege arkiv. I tillegg tek vi også på oss ordningsprosjekt for kommunane og fylkeskommunen. Det er i 2015 digitalisert 140 kommunestyre/ formannskapsprotokollar.


Fylkesarkivet fekk i 2015 inn 24 avleveringar med privatarkiv som omfattar 50 nye einskildarkiv, og i omfang utgjer dette om lag tolv hyllemeter. Ein har i 2015 ordna 37 arkiv som totalt utgjer om lag 20 hyllemeter. 1242 filer med kjeldekopiar er digitalisert og gjort tilgjengelege for publikum på nett. Ein starta i 2015 opp arbeidet med ein felles bevaringsplan for privatarkiv i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal i samarbeid med IKA Møre og Romsdal IKS.

Musikkarkivet har i 2015 gjort opptak av 13 melodiar frå Haukedalen Songlag i Førde kommune. Ein har vidare motteke opptak av 26 melodiar frå hardingfelespelar Nils Johannessen Næsse frå Balestrand. Elles har det blitt arbeidd ein del med å skaffe bruksløyve til tradisjonsmusikkamlinga der dette manglar. Musikkarkivet har i 2015 handsama 45 tingingar som omfattar alt frå enkeltbestillingar til utkopieringsprosjekt med fleire hundre lydopptak.

Innan foto har fokus vore på prosjektutvikling, utvikling av nytt fagsystem for foto og etablering av nytt fotomagasin på Leikanger. På samlingsforvaltningssida har vi



Ordfører i Leikanger, Jon Håkon Odd; på besøk på Fylkesarkivet med Askedalen barnehage.  
Foto: Arn Ola Fidjestøl



Fotoarkivar Elin Østevik digitaliserer gamle foto som ein del av samlingsforvatninga. Dei digitaliserte bileta er tilgjengelege i Fylkesarkivet sin fotodatabase på nett og nokre er også tilgjengelege til fri bruk gjennom fototensta Flickr.



Malla Moe (1863-1953) frå Hafslo jobba som misjonær i Swaziland frå 1892 og fram til ho døydde 90 år gamal. I løpet av alle åra som misjonær sende ho både brev og bilete heim til slektningar, vener og støttespelarar. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har digitalisert og gjort fleire av desse bileta fritt tilgjengelege på Flickr.

prioritert ordningsarbeid. Det er ordna nærare 9 000 bilete og digitalisert ca. 2 500 bilete. Sjølv om innsamling ikkje har vore prioritert fekk vi inn om lag 24 000 nye foto til samlinga i løpet av året. Det kan elles nemne at gjennomsnittleg tal sidevisningar på Flickr Commons har auka frå 3 400 visningar pr. dag til 3 600, noko som har samanheng med at bileta på vårparten vart profilerte av Flickr og at VG presenterte slides frå Flickr-samlingane over 3 avissider. Fotoarkivet har vore involvert i fem ulike prosjekt i 2015.

I underkant av 9 000 stadnamn frå Luster og Stryn er blitt vitskapleg handsama og digitalisert. Det er blitt jobba mykje med utvikling av ny registrerings- og publiseringsløyning for stadnamn. Ved utgangen av året var integrasjon av systemet mot ny versjon av Fylkesatlas.no nesten ferdig.

Fylkesarkivet har jobba med planlegging og utvikling av nytt websystem for å gjere samlingane meir tilgjengelege og lettare å bruke.

#### FT-SAKER

Sak nr 3/15	Forvaltningsrevisjon Fylkesarkivet
Sak nr 55/15	Regional plan for fysisk aktivitet - forlenga planperiode og rullering av handlingsprogram
Sak nr 57/15	Tusenårsstaden Gulatinget - strategi og avtale

#### AVVIKSRAPPORTERING - POLITISKE SAKER

Hovudutval for kultur handsama i alt 40 saker. Det nye hovudutval for næring og kultur handsama 21 saker, av dette var sju reine kultursaker. Det er ikkje registrert avvik i oppfølginga av dei politiske sakene i 2015.

#### ORGANISATORISK UTVIKLING OG EFFEKTIVISERING

Kulturstrategi 2015 - 2018 peiker ut satsingar og strategiar for kulturarbeidet. Handlingsprogram 2015 vart vedteke i hovudutvalet.

Arbeid med ein fylkeskommunal strategi for UKM vart starta opp.

Det vart inngått utviklingsavtale med Sogn og Fjordane idrettskrins, og gjort eit førebauande arbeid for utviklingsavtale med Sogn og Fjordane ungdomslag.

I samband med endra inntektssystem for fylkeskommunen vart det gjennomført fire utgreiingar på kulturområdet:

- kulturarv
- kulturformidling
- kunstproduksjon
- frivillig sektor

## KOSTRA NØKKELTAL

Indikator	SFJ 2012	SFJ 2013	SFJ 2014	SFJ 2015	Ref. fylke 2015	Landet u/Oslo 2015
Netto driftsutgifter i alt til kultursektoren pr. innbyggjar	463	474	772	601	434	329
Brutto driftsutgifter kultursektoren pr. innbyggjar	887	916	1 216	1 114	852	672
Brutto investeringsutgifter kultursektoren pr. innbyggjar	162	45	0	0	2	1
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av samla netto driftsutgifter	2,5	2,5	3,8	2,9	3	2,8
Netto driftsutgifter bibliotek pr. innbyggjar	54	63	59	55	48	31
Netto driftsutgifter museer pr. innbyggjar	138	132	159	148	98	88
Netto driftsutgifter kunstproduksjon pr. innbyggjar	48	95	101	105	44	37
Netto driftsutgifter kunstformidling pr. innbyggjar	94	87	80	94	126	87
Netto driftsutgifter idrett pr. innbyggjar	87	-55	261	80	59	34
Netto driftsutgifter andre kulturaktivitetar pr. innbyggjar	217	153	112	119	59	52

Frå 2014 har vi endra rekneskapsføringa av tilskot til tilsegnstidspunktet. I ein overgangsperiode vert det avvik fordi bruk/avsetning av fond ikkje er med i KOSTRA-rapporteringa  
Tabell 8



Gjennom fylkeskommunen si satsing på tusenårsstaden Gulatinget er det etablert god kontakt med dei andre regionale lagtinga frå mellomalderen. Lagtinga representerer eit viktig kulturhistorisk element i utviklinga av rettsstat og styringssystem i Norge, og påverka også utviklinga i nærområda våre. I august 2015 vart det gjennomført møte i Gulen med deltaking av representantar for Frostatinget, Eidsivatinget, Borgartinget og Gulatinget. Eit nasjonalt tingstadnettverk er målet for denne delen av arbeidet.

Foto: Sigrun Espe

## MÅLEKART KULTUR

SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ	EVALUERING/ RESULTAT
Tenesteyting (T)			
T1 Gode tenester innan kulturformidling. Dette gjeld tilbod fylkeskommunen har ansvar for å tilby i fylket: Formidling av ei profesjonell kulturoppleving, historisk kunnskap og/eller mulegheit til å delta i kulturaktivitetar.	T1.1 Nøgd partnerskap og nøgde brukarar. Brukarundersøkingar: 2015 Kultur for alle 2016 Kulturminne (arkeologi, fartøy) 2017 Arkivtenesta, digital kulturformidling 2018 Tilbod til born og unge: DKS, UKM.	T1.1-1 75 prosent av respondentane er tilfredse (score 4 av 6) med tenesta.	Brukarundersøking vert gjennomført i 2016.
	T1.2 Godt tilbod til publikum v/ kulturinstitusjonane. Publikumsundersøking: 2015 Opera Nordfjord 2016 Sogn og Fjordane teater 2017 Musea i fylket 2018 Norsk Countrytreff 2019 Førdefestivalen	T1.2-1 75 prosent av respondentane er tilfredse (score 4 av 6) med tenesta.	Opera Nordfjord har førebudd publikumsundersøking som vart gjennomført i januar 2016.  Også dei andre institusjonane har arbeidd aktivt mot ulike publikumsgrupper.
T2 Gode tenester innan språk og litteratur. Dette gjeld litteraturformidling som fylkeskommunen sjølv står for eller legg til rette for gjennom utviklingsarbeid og kompetansebygging, med vekt på formidling av nynorsk språk og litteratur og formidling til barn og unge.	T2.1 Nøgd partnerskap og nøgde brukarar. Brukarundersøkingar: 2015 Bruk av nynorsk i fylkeskommunen 2016 Litteraturformidling til born og unge 2017 Litteratur med tilknytning til Sogn og Fjordane	T2.1-1 Positiv utvikling over tid.	Språkbruksplanen vert aktivt nytta i møte med nye medarbeidarar. Planen er eit viktig hjelpemiddel i produksjon av skriftleg materiale i sentraladministrasjonen.  Gjennom deltaking i nettverket Nynorskfylket er det også sett søkjelys på nynorskbruk i statlege etatar i fylket, og tilbagemeldingane er i hovudsak positive for nynorskbruken. Det skjer ei aktiv formidling av nynorsk litteratur til barn og vaksne. Nytt i 2015 var leseledarordninga. I den kulturelle skulesekken var 24 prosent av tilbodet i 2015 knytt til nynorsk litteratur.

SUKSESSFaktor	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ	EVALUERING/ RESULTAT
T3 Kunnskapsdeling gjennom å gjere historiske kjelder tilgjengeleg.	T3.1 Utvikle gode og oppdaterte digitale tenester for kulturformidling: Digitaliserte kjeldesamlingar, arkivmateriale, fakta, kulturstatistikk. Skape nye formidlingskanalar. Tenestene skal vere universelt tilrettelagt. Kartlegging i 2015 og 2019.	T3.1-1 Positiv utvikling over tid: Auka etterspurnad når fleire viktige historiske kjelder vert tilgjengelege.	Fylkesbiblioteket registrerer lokalhistoriske artiklar, og utviklar regionalt forfattarnett  På Fylkesarkivet er publikumspågangen stabilt høg. Dette er eit naturleg resultat av at bestanden stadig aukar og formidlingskanalane vert forbetra.  Fylkesarkivet er i gang med eit omfattande arbeid i oppgradering og forbetring av databasane for å betre tilgangen til foto, stadnamn, musikk og anna arkivmateriale.  Fylkesarkivet hadde ei auke i tal sidevisningar i Flickr Commons. I snitt var det i 2015 3 600 sidevisningar pr. dag på Fylkesarkivet sine foto i Flickr.
Regionalutvikling (R)			
R1 Fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.	R1.1 Gode tenester innan kulturformidling. Sikre føreseielege rammevilkår for kulturlivet. Fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturlivet.	R1.1-1 Positiv utvikling over tid.	Avtalar om bibliotek-samarbeid inngått i alle regionane. Dette styrker fagleg samarbeid på tvers av kommunegrensene, bidreg til kompetanseheving, prosjektutvikling.  Utviklingsarbeid UKM igongsett. DKS samhandlar med kulturinstitusjonar nasjonalt og regionalt. Handlingsprogram kulturstrategi viser fylkeskommunen sine satsingar og rammevilkår.

SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ	EVALUERING/ RESULTAT
R2 Kulturområdet si rolle i samfunnsutviklinga vert styrkt.	R2.1 God samhandling med kommunane og frivillig sektor, jf. årlege tilbake-meldingar.	R1.1-1 Positiv utvikling over tid.	Fylkesbiblioteket har tett samarbeid med kommunane om bibliotekutvikling, jf R1.1-1.  Fylkeskommunen og Sogn og Fjordane idrettskrins samarbeider om dialog-møter med kommunane som reviderer plan for fysisk aktivitet. Forum for fysisk aktivitet er gjennomført. Dialogmøter i samband med rullering av regional plan for fysisk aktivitet. Deltaking på regionale nettverksmøter. Fylkesarkiv samarbeider med kommunane og frivillig sektor i fleire prosjekter der arkivmateriale har sin naturlege plass.
	R2.2 Tal kulturtilsette i kommunane som deltek i kompetansehevande tiltak innan planlegging, utvikling og tilrettelegging for kultur-utvikling aukar.	R2.2-1 Positiv utvikling over tid.	Auka tal kurs, konferansar og fagsamlingar innan bibliotek-sektoren fører til høgare tal deltakarar samla sett. Studiepoenggivande kurs - nytt tilbod 2014-15.  Spelemiddelkurs gjennomført med god oppslutning. Nettverkssamling for utvikling av UKM og DKS i kommunane har god oppslutning.
	R2.3 Initiere kompetansebyggande tiltak innan dei ulike kulturfagområda. Årleg kartlegging av deltakarar og tal.	R2.3-1 Positiv utvikling over tid.	Sjå R2.2-1
	R2.4 Innspeil til kommunale planstrategiar og samfunnsdelen til kommuneplan.	R2.4-1 Ambisjon: Kultur skal uttale seg om alle planstrategiar og kommuneplanar sin samfunnsdel.	Vi har ikkje hatt slike saker i 2015. Dette er oppgåver som kjem ein gong i kvar valperiode. Vi ventar det kjem denne typen saker i 2016 og 2017.
R3 Stimulere til verdiskaping bygd på kulturarv-verdiar i Sogn og Fjordane.	R3.1 Kommunane kartlegg kulturminna og tek desse i bruk i lokalsamfunns-utviklinga.	R3.1-1 Ambisjon: Alle kommunar kartlegg kulturminne. I 2015 har > 20 kommunar sett i gang arbeidet med å utarbeide lokal kulturminneplan.	25 kommunar i fylket har starta opp arbeidet med utarbeiding av lokal kulturminneplan.



SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ	EVALUERING/ RESULTAT
	R3.2 Verdiskapingsprosjekt basert på utvikling av kulturminneverdiar vert initiert.	R3.2-1 Positiv utvikling over tid.	Verdiskapingsprosjekta «Kongevegen over Filefjell» og «Reiseliv i Industriens vogge» har stimulert lokale bedrifter til å satse på utvikling av reiselivsprodukt som tek utgangspunkt i formidling og tilrettelegging av kulturarven. Verdiskapingsprosjekt med basis i lokale kulturmineplaner starta ikkje opp i 2015. Målet er å komme igong med dette i 2016.
R4 Dialogen og samhandlinga med kultur-aktørane vert vidareutvikla.	R4.1 Tal regelmessige møteplassar.	R4.1-1 Arrangere årlege dialogmøte mellom frivillig sektor/ kulturarrangørar og kulturinstitusjonane.	Dialogmøte om frivillighet og inkludering gjennomført.  «Felles barn - felles ansvar» er etablert som årleg møteplass for å utvikle UKM, DKS og kulturskulane.
		R4.1-2 Deltok på minst 1 møte med kvart regionale kulturnettverk i året.	Delteke på møter i Nordfjord og Sunnfjordnettverket.
		R4.1-3 Initiere, delta i og vidareutvikle faglege nettverk.	Nettverk innan bibliotek, arkiv, kultur og helse, fysisk aktivitet, og konferansen «Felles barn felles ansvar».
	R4.2 Utviklingsavtalar m. fagmiljø og frivillig sektor.	R4.2-1 Minst 3 nye avtalar vert inngått kvart år.	Inngått avtale med Sogn og Fjordane idrettskrins.

# Opplæring

Med heimel i opplæringslova § 13-10 er fylkeskommunen som skuleeigar pålagt å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i den vidaregåande opplæringa. Tema skal vere læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Tilstandsrapporten skal leggjast fram for fylkestinget. Årsrapport 2015 dekkjer krava som ligg til ein slik tilstandsrapport.

## INNLEIING

Fylkestinget har gjennom mål- og strategidokumentet «God-betre-best!» vedteke at Sogn og Fjordane skal ha den beste opplæringa i landet. I målekartet har fylkestinget vedteke konkrete ambisjonsnivå for trivsel, meistring, eksamens- og karakterresultat, gjennomføringsgrad og samsvar mellom tilgjengelege læreplassar og søkjarar til desse som indikatorar på om ein har den beste opplæringa i landet. Indikatorane viser at ein er i landstoppen i eksamensresultat, gjennomføringsgrad og i kva grad elevane trivst. Samstundes må ein halde fram utviklingsarbeidet for å nå målet om den beste opplæringa i landet.

Satsingane i opplæringssektoren var i 2015 knytt opp til målsettingane i målekartet. Det har særleg vore prioritert å arbeide for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Dei siste tala frå Skoleporten viser det er ein liten nedgang når det gjeld talet elevar som gjennomfører fem år etter at dei byrja i vidaregåande opplæring. Dette gjeld elevane som byrja i 2009. Samstundes er det oppløftande resultat i 2015 for talet elevar som fullfører og består vg2 yrkesfag: Færre elevar sluttar. Det er òg oppløftande at det er ein auke i tal søkjarar med ungdomsrett som har fått godkjent lærekontrakt i 2015. Dette vil truleg gje utslag på gjennomførings-tala i 2017 og 2018.



## ØKONOMISKE RAMMER

Teneste	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Rekneskap 2014
Utgifter til lokale	60 535	59 398	65 091
Vedlikehald og drift av skulebygg	38 161	43 013	40 889
Forvaltning og fellesutgifter	47 640	49 029	48 142
Fellesutgifter	9 098	9 569	7 807
Eleveksamen	2 595	2 473	2 469
Elev- og lærlingombod	940	880	885
Pedagogisk leining mv.	61 119	81 293	64 305
Pedagogiske fellesutgifter	14 570	16 026	16 778
Gjesteelevar	5 305	4 742	4 447
PC-ordninga	2 055	2 362	2 751
Utdanningsprogramma	350 200	334 344	341 735
Gratis læremiddel	155	556	161
Jordbruksskulegardar	2 912	2 629	2 874
Fagskuleutdanning	22 807	23 867	22 006
Landslinjer	5 218	4 734	3 278
Tilpassa opplæring	-	-	1
PP - tenesta	11 581	13 459	12 039
Oppfølgingstenesta	6 022	6 987	5 469
Tilpassa opplæring	62 215	68 087	63 665
Fagopplæringsnemnda	138	222	147
Opplæring i bedrift	81 654	83 009	75 297
Fagprøver	11 079	11 086	10 611
Vaksenopplæring	3 290	4 812	5 616
Opplæring i sos-/med.institusjonar	7 458	7 752	6 411
Privatisteksamen	2 115	2 625	3 319
Tilskot til elevorganisasjonar	14	40	17
Karriererettleiing	381	662	1 145
Opplæring - andre områder	-634	319	104
Resultat skulane	1 503	-	6 992
<b>T O T A L T</b>	<b>810 126</b>	<b>833 975</b>	<b>814 451</b>

Tabell 9



Mo og Øyrane vidaregåande skule.  
Foto: Magne Sellevold/Sogn og Fjordane fylkeskommune

#### Driftsresultat for sektoren samla

Opplæringssektoren hadde i 2015 eit nettobudsjett på 834 mill. kr. Rekneskapan viser eit samla netto mindreforbruk på om lag 23,8 mill. kr (etter resultatoverføring på skulane).

Dei største postane her er:

- vedlikehald og drift av skulebygg, 4,6 mill. kr
- ufordelte midlar til drift av vidaregåande skular/gjesteelevar, om lag 1,8 mill. kr
- omstillingstiltak for pedagogisk personale, 1,7 mill. kr
- tilpassa opplæring, 4,8 mill. kr
- opplæring i bedrift, 2,1 mill. kr
- karriererettleiing, 2,3 mill. kr
- pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), om lag 2,0 mill. kr

Mindreforbruket på vedlikehald og drift av skulebygg er i hovudsak knytt til energi-utgifter og at nokre rehabiliteringsprosjekt ikkje vart gjennomført som planlagd.

Mindreforbruket på ufordelte midlar til drift av dei vidaregåande skulane/gjesteelevar er i hovudsak knytt til midlar øyremerka tilbod om fagopplæring i skule (vg3). Behovet for fagopplæring i skule er lite føreseieleg og er mellom anna avhengig av tilgangen på læreplassar.

Mindreforbruket på omstillingstiltak for pedagogisk personale har samanheng med at fleire tilsette som vart overtalige etter skulebruksplanen har fått tilbod om vidareutdanning, finansiert over statlege kompetanseutviklingsmidlar.

Mindreforbruket på tilpassa opplæring er knytt til ufordelte midlar til dei vidaregåande skulane, eksternt kjøp av tenester og at berre to av tre innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar kom i gang skuleåret 2014-2015. Dette er anslagsløyvingar, der bruken av midlar er lite føreseieleg.

Mindreforbruket på opplæring i bedrift kjem i hovudsak som følge av at avsett løyving til stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa ikkje vart nytta fullt ut. Bruken av denne løyvinga er i hovudsak retta mot individuelle tiltak og såleis lite føreseieleg.

Dei unytta midlane til karriererettleiing skriv seg frå perioden 2012-2014 og har samanheng med at fylkeskommunen då fekk meir statlege midlar til føremålet enn føresett. Midlane kan, etter godkjent rapportering på statlege midlar våren 2015, gå inn i den samla drifta (driftsresultatet) i fylkeskommunen.

Mindreforbruket på PPT skuldast vakante stillingar og høgare inntekter enn budsjettert, mellom anna som følge av at ein del inntekter som var knytt til 2014 vart rekneskapsførte i 2015.

Dei vidaregåande skulane hadde ei samla innsparing på ordinær drift på om lag 1,5 mill. kr i høve budsjett 2015. Skulane har resultatoverføring (til 2016) og innsparinga påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

Fagskulen i Sogn og Fjordane hadde i 2015 eit mindreforbruk på 2,6 mill. kr. Skulen har resultatoverføring. Akkumulert mindreforbruk i 2015 var på 1,4 mill. kr.

Landslinetilboda hadde i 2015 eit samla meirforbruk på 1,1 mill. kr. 0,6 mill. kr av meirforbruket var knytt til Sogn jord- og hagebrukskule. Skulen hadde i 2015 eit akkumulert mindreforbruk på 1,3 mill. kr. 0,5 mill. kr av meirforbruket var knytt til landslina i yrkessjåfør ved Sogndal vidaregåande skule. Grunna rekneskapstekniske tilhøve må meirforbruket på yrkessjåfør i 2015 sjåast i samanheng med det samla rekneskapsresultatet på Sogndal vidaregåande skule.



Frå bretur til Haugabreen for elevar ved Firda vidaregåande skule.  
Foto: Hans Græsli



Opplæringssektoren samla hadde i 2015 eit mindreforbruk på om lag 2,9 prosent i høve budsjettet.

#### Nærare om rekneskapsresultatet på dei vidaregåande skulane (utan landslinene)

Samla hadde skulane i 2015 ei innsparing på 0,7 mill. kr knytt til ordinær skuledrift. Seks skular hadde meirforbruk på den ordinære drifta i 2015, medan fem skular hadde mindreforbruk. Storleiken på meirforbruket varierer frå om lag 0,1 mill. kr til om lag 1,2 mill. kr, medan mindreforbruket varierer mellom 0,3 mill. kr til om lag 1,4 mill. kr. Akkumulert hadde skulane eit mindreforbruk på om lag 7,2 mill. kr knytt til ordinær skuledrift.

På anna verksemd hadde skulane eit meirforbruk i 2015 på om lag 0,8 mill. kr. Akkumulert hadde skulane samla eit mindreforbruk på 9,0 mill. kr knytt til anna verksemd.

Fylkeskommunen har resultatoverføring, der eventuelt meirforbruk og mindreforbruk ved dei vidaregåande skulane vert overført til året etter. Denne ordninga gir skulane større handlingsrom, eit meir langsiktig perspektiv og høve til å styre mot planlagde over-/underskot einiskilde år.

Fylkesdirektøren vil også i 2016 jobbe særleg med oppfølging av skular med større avvik. Oppfølging av driftsresultata ved dei vidaregåande skulane er eit tema mellom anna i samband med styringsdialogen fylkesdirektøren har med skulane.

#### AKTIVITETSTAL

##### Søkjartal

Det var i 2015 totalt 5214 søkjarar til vidaregåande opplæring, 93 færre enn i 2014. Dette skuldast at avgangskullet frå grunnskulen gjekk ned.

Av det totale søkjartalet søkte 668 opplæring i bedrift, 68 fleire enn i 2014. Dette har samanheng med at det var fleire elevar på vg2 yrkesfag skuleåret 2014-15 enn det var i 2013-14.

4795 av søkjarane til vidaregåande opplæring hadde ungdomsrett, av desse 583 til bedrift.

Kjelde: Vigo

##### Elevar i vidaregåande skule

Skuleåret 2015-2016 vart 4071 søkjarar tekne inn til dei fylkeskommunale vidaregåande skulane, mot 4121 året før. Sogn og Fjordane fylkeskommune betalte for 48 elevar som gjekk på skular i andre fylke.

Halvparten av elevane Sogn og Fjordane betalar for i andre fylke, kjem inn under Hordalandsavtalen. Dei fleste innanfor avtalen går på Austrheim vidaregåande skule, medan nokre få går på skulane på Voss. Av tungtvegande grunnar vert det òg i enkelte tilfelle kjøpt elevplassar i andre fylke. Dei resterande er elevar som går på programområde som Sogn og Fjordane ikkje tilbyr.



Mo og Øyrane vgs, TIP-avdelinga. Niandeklassingar kom på besøk og fekk sjå demonstrasjonar og fekk opplæring i ulike disiplinær i faga på TIP. Dei fekk sjå maskinteknikk, sveising, teikning på data (DAK) og styringsteknikk (pneumatikk).

Foto: Magne Sellevold/Sogn og Fjordane fylkeskommune

51 elevar frå Sogn og Fjordane går på privatskule i eige fylke.

Kjelde:Vigo

#### Lære- og opplæringskontraktar

Søkjarar med ungdomsrett som har fått godkjent lærekontrakt i 2015, utgjer 70,2 prosent mot 65,2 prosent i 2014. Gjennomsnittet for landet i 2015 er 66,8 prosent. Ved utgangen av 2015 var det registrert 1070 løpande lærekontraktar og 93 opplæringskontraktar. I 2015 var det 583 primærsøkjarar med ungdomsrett som søkte læreplass. 409 var registrerte med læreplass ved utgangen av året.

Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet.

#### Søkjarar utan tilbod om læreplass

Tal søkjarar med ungdomsrett utan tilbod om læreplass eller vg3 i skule i 2015 var tre.

Fylkesdirektøren har gjennomført ulike tiltak for å redusere tal søkjarar utan tilbod om læreplass i 2015. Til dømes vart alle utan læreplass pr. 15. august inviterte til eit møte der dei mellom anna fekk informasjon om vg3 i skule.

Fylkeskommunen starta i 2015 opp vg3 i skule i faga industrimekanikar, køyretøy og elektrofag. I tillegg har fylkeskommunen kjøpt vg3 i matros og brønnteknikk i andre fylke. Søkjarar til helsefag og barne- og ungdomsfag fekk tilbod om vg3 i anna fylke, men ingen takka ja til dette tilbodet. Dette syner at når ungdomane ikkje får førstevealet sitt om læreplass, vel dei andre løysningar som ikkje fører dei fram til fagarbeidarkompetanse.

I tillegg gjennomførte vi i 2015 eigne kvalifiseringsopplegg for søkjarar som ikkje var kvalifiserte til læreplass. 18 søkjarar fekk tilbod og 12 starta på opplæringa.

### GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Oversynet nedanfor viser prosent gjennomføring - fullført og bestått innan fem år etter oppstart i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane, sett i høve til landssnittet (2009-kullet).

	Studieførebuande	Yrkesfag	Samla
Sogn og Fjordane	87,9	61,7	73,6
Landssnittet	83,1	57,9	70,8

Tabell 10

Elevar og lærlingar som fullfører innan fem år. Tal i prosent.




Diagram 11

Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet

Sogn og Fjordane har eit resultat over landssnittet, både samla og når vi skil mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Fylket hadde i 2014 ein liten nedgang på gjennomføringa (for kullet som starta i 2009), og fylkesdirektøren har stor merksemd på å snu denne utviklinga.

Dei vidaregåande skulane har utvikla gode samarbeidsrutinar om overføring av elevinformasjon for elevar som byter skule. Skulane skal ha oversikt over elevane til ei kvar tid.

Tabellen under viser overgang frå vg1 til vg2 yrkesfag i perioden 2010-2014:

Ordinær progresjon frå vg1 2010-2014	2010	2011	2012	2013	2014	Endring 2010-2014
Sogn og Fjordane	84,8	87,4	87,6	87,1	86,9	2,1
Nasjonalt	83,1	84,5	83,7	84	84,7	0,9

Tabell 11

Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet

Kartleggingsprøvene og dei læringsstøttande prøvene på vg1 i rekning, lesing og engelsk er obligatoriske og vart gjennomførde på alle skulane. Resultata dei siste åra har vist dårlege leseresultat på enkelte utdanningsprogram. Fylkeskommunen har difor tilbydd etterutdanning i lesing og lesestrategiar til programfaglærarar og fellesfaglærarar. Alle dei vidaregåande skulane har skulebasert kompetanseutvikling i skrivning og/eller lesing for heile kollegiet. I tillegg er alle dei vidaregåande skulane med i nasjonal FYR-satsing (fellesfag, yrkesretting og relevans) i løpet av ein treårsperiode. Fylkesdirektøren har i FYR-satsinga hatt stor merksemd på at fellesfaga skal vere ein naturleg del av undervisninga i alle fag på alle programområde. Målet er at elevane skal sjå samanhengen mellom fellesfaga og programfaga, og oppleve at undervisninga er nyttig og relevant både i notid og i framtid. Utfordringane i å få det forankra på skulane ligg i møtstruktur, felles satsing frå leiargruppa i konkurranse med andre satsingar og å få lærarane til å sjå nytten av yrkesretting og relevans.

## GJENNOMFØRING I VGO

73,6 prosent av elevane i Sogn og Fjordane gjennomfører vidaregåande opplæring innan fem år. I dei studieførebuande utdanningsprogramma gjennomfører 87,9 prosent, medan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma har lågare grad av gjennomføring, 61,7 prosent.

Fylket har det siste året hatt ein liten nedgang på gjennomføringa og fylkeskommunen har stor merksemd på at denne tendensen ikkje må feste seg.

Av dei som starta i lære i 2011 har 83,5 prosent fullført, mot 79,6 prosent av dei som starta i lære i 2012. Dette inneber at om lag 4 prosent færre gjennomførte på normert tid.

Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet.

Å auke gjennomføringa føreset samhandling og godt innarbeidde rutinar på, og mellom alle nivå i utdanningsløpet. Å drive god opplæring er ein dynamisk prosess som krev at alle som er aktørar i dette arbeidet er i utvikling.

Fylkeskommunen arbeider aktivt for å styrke fagopplæringa og auke gjennomføringa på normert tid, mellom anna gjennom betre formidlingsprosess og tett oppfølging i læretida.

I Sogn og Fjordane vel om lag 50 prosent yrkesfaglege utdanningsprogram.

Tabellen under viser overgang frå vg2 (2014-tal):

Ulike retningar	Prosent
Til læreplass	38,3
Til yrkeskompetansegevande løp-vg3	5,9
Til påbygg	18,3
Til studiespesialiserande løp	2,3
Repetisjon på lavare eller same trinn	7,0
Ute av vidaregåande opplæring eitt år	22,4
Anna	5,8

Tabell 12

Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet

For å få fleire til å fullføre yrkesfaglege løp, er det viktig å vere merksam både på formidling til opplæring i bedrift, og oppfølging undervegs i opplæringsløpet.

Frå 2015 har det vore lagt klare føringar for at dei vidaregåande skulane skal ta større ansvar i høve formidlinga av elevar til opplæring i bedrift. Alle dei vidaregåande skulane med yrkesfaglege utdanningsprogram har tilsett arbeidslivkontakt. Frå 2015 er det gjort endringar i deira arbeidsoppgåver slik at gjennomføring og overgang frå skule til bedrift er blitt deira hovudarbeidsområde.

For elevane på yrkesfag har fylkeskommunen streka under at det å kvalifisere seg til opplæring i bedrift er noko meir enn å få bestått i alle fag. Det handlar også om å ha lite fråvær, gode ordenskaraktarar, kunne «selje seg» på ein god måte gjennom utplassering i programfaget prosjekt til fordjuping (PTF), skrive god søknad og CV og øve på intervjusituasjonar. Vi har vore tett på skulane og møtt alle elevane som har søkt læreplass.

Både hovudutval for opplæring, fagopplæringsnemnda, opplæringskontor, rektorar og elevrepresentantar har med rettleiing frå fylkesdirektøren arbeidd med overgangen frå skule til bedrift. Fylkesdirektøren har vore pådrivar for at skulane, saman med det lokale næringslivet, arbeider med å utvikle gode lokale læreplanar for PTF på vg1 og vg2. Utplassering i PTF er den viktigaste faktoren i å skape kontakt mellom søkjar til læreplass og potensiell lærebedrift. Samarbeid i fagnettverka om innhald og organisering av PTF er viktige føresetnader for ein god overgang frå skule til bedrift. Gjennom hospiteringsordninga prioriterte fylkeskommunen i 2015 frikjøp av bedriftsrepresentantar og programfaglærarar til å arbeide med lokale læreplanar i PTF. Mange skular og utdanningsprogram/programområde har fått midlar til slikt arbeid.





Frå fagbrevutdelinga i Førde 2015  
Foto: Jørn-Arne Tomasgard

Fylkeskommunen har også gjennomført andre tiltak for å auke gjennomføringa:

- Læreplasskurs for ungdom som ikkje fekk læreplass etter vg2
- Tilrettelegging på individnivå for å følge opp og kvalifisere elevar og lærlingar
- Nettverksarbeid mellom dei vidaregåande skulane og det lokale næringsliv om organisering av lokale læreplanar i PTF og bruk av PTF
- Dialogmøte med kommunane om grunnopplæringa (1-13)
- Tett oppfølging av skulane og praksis i klasserommet for grunnleggjande dugleikar, yrkesretting og relevans i yrkesfaga

Eventuell effekt av tiltaka som vart gjennomført i 2015 vil ikkje fullt ut kome til syne i statistikk for gjennomføring før i 2020 (2015-kullet).

## ETTER- OG VIDAREUTDANNING

«Kompetanse for kvalitet» er ein statleg strategi for **vidareutdanning** av lærarar og skuleleiarar fram mot 2025. For skuleåret 2015/16 fekk fylkeskommunen 24 lærarar med under denne ordninga og fekk statleg støtte på omlag 5,0 mill. kr. Vidareutdanning i matematikk, norsk, engelsk og naturfag var prioriterte fag.

Det har vore nytta 1,5 mill. kr i **etterutdanningsmidlar** til skulebasert kompetanseutvikling. Arbeidet med grunnleggjande dugleikar i alle fag, vurdering og ulike hospiteringstiltak i skule og næringsliv er prioriterte. Skulane rapporterer om stort behov for ulike fagspesifikke etterutdanningstilbod. Skulebasert kompetanseutvikling har som mål å få i gang læreprosessar slik at heile skulen som organisasjon lærer, ikkje berre einskildlærarar.

## VIDAREGÅANDE OPPLÆRING FOR VAKSNE

Det vart i 2015 registrert 307 nye søknader om vidaregåande opplæring for vaksne, fordelt på 30 ulike sluttkompetansar.



Hybelmatkurs ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.  
Foto: Tove Nedrebø

226 vaksne deltok i opplæring særskilt tilrettelagt for vaksne, av desse 108 med vaksenrett og 15 med fullføringsrett.

Per 01.01.16 stod totalt om lag 150 søkjarar (akkumulert tal) utan tilbod, av desse 26 søkjarar med vaksenrett. Å gje tilbod til vaksne med rett er kostnadskrevjande, då dei har rett til opplæring fram til den sluttkompetansen dei har som første val. Opplæringa strekkjer seg over lengre tid enn tidlegare. Søkjarane har mindre praksis frå yrket dei ynskjer sluttkompetanse i, og treng meir opplæring. I tillegg er ein aukande del av søkjarane med rett, minoritetspråklege.

I 2015 gav budsjettet rom for å starte til saman seks yrkesfaglege kurs (vg1 og vg2). Eitt av desse vart delfinansiert av fylkesmannen. Samla er dette tre færre kurs enn året før.

Det vart vidare arrangert tre praksiskandidatkurs i barne- og ungdomsarbeidarfaget på oppdrag for og finansiert av fylkesmannen.

Det vart i 2015 gjeve tilbod i fire fag i generell studiekompetanse - tre av desse i Førde, Eid og Sogndal, og eitt fag berre i Førde. I dei to resterande faga til generell studiekompetanse vart det gjeve tilbod om rein nettbasert opplæring med privatisteksamen. Det er utfordrande å måle gjennomføringsgrad i vaksenopplæringa, då progresjonen som dei vaksne vel er svært ulik. Det vert arbeidd med å måle gjennomføringsgraden i to av faga, norsk og engelsk, til generell studiekompetanse.

#### EFFEKTIVISERINGSTILTAK

Dei vidaregåande skulane har for skuleåret 2015-2016 ei oppfylling på om lag 94,8 prosent, mot 93,5 prosent året før.

Oppfylling pr. nivå:

- Vg1: 97 prosent (som året før)
- Vg2: 92 prosent (auke på 2 prosent i høve året før)
- Vg3: 96 prosent (auke på 2 prosent i høve året før)

Kjelde: Vigo

#### SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

##### Fylkestinget

- |           |  |
|-----------|--|
| Sak 19/15 | Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Presisering av § 2 Inntaksområde - kriterium for tungtvegande grunnar |
| Sak 22/15 | Ekstraordinært vedlikehald ved Sogn jord- og hagebruksskule  |
| Sak 27/15 | Verksemdoverdraging av PPT Sogndalsregionen til Sogndal kommune frå 01.01.2016   |
| Sak 30/15 | Forvaltningsrevisjon - Læringsmiljø og PPT-tenesta - rapport   |
| Sak 67/15 | Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017   |
| Sak 69/15 | Endring i lokal inntaks- og formidlingsforskrift   |

##### Hovudutval for opplæring

- |          |   |
|----------|---|
| Sak 1/15 | Vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane frå 2016 - arbeid med nytt mål- og strategidokument |
| Sak 3/15 | Ekstramidlar 2015   |
| Sak 4/15 | Fråsegn til NOU 2014:14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg                              |
| Sak 5/15 | Kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane                               |
| Sak 6/15 | Organisering av oppfølgingstenesta (OT)   |
| Sak 7/15 | Arbeidslivskontakt ved dei vidaregåande skulane   |

Sak 8/15	Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2015-2016
Sak 10/15	Høyringsfråsegn - framlegg til endringar i avgjersle om vurdering og innføring av fráværsgrenser
Sak 11/15	Økonomiplan 2016-2019, prioritering av utgreiingar innan opplæringssektoren
Sak 14/15	Høyringsfråsegn NOU - 15:2 Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø
Sak 21/15	Budsjett 2016 - sektorbudsjett for opplæring. Målekart for 2016
Sak 23/15	Strategiar for fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane - kvalitet og gjennomføring
Sak 24/15	Høyringsfråsegn - NOU 2015:8 Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser
Sak 27/15	Opplæringstilbodet for 2016-2017
Sak 29/15	Val av nye medlemmer til styret for Opplæringsfartøy AS
Sak 30/15	Høyring - Endringar i opplæringslova, friare skulevalg, høve til å tilby meir grunnskuleopplæring m.m.
Sak 34/15	Val av fagopplæringsnemnd for perioden 2016-2020

#### KOSTRA NØKKELTAL

Indikator	SFj 2012	SFj 2013	SFj 2014	SFj 2015	Ref. fylke 2015	Landet u/Oslo 2015
Netto driftsutgifter til videregående opplæring, pr. innbyggjar 16-18 år	169 016	178 794	182 958	184 237	175 808	161 395
Økonomisk belastning 510-562 videregående opplæring i skule pr. elev	161 128	163 637	170 420	171 838	159 415	151 911

Frå 2014 har vi endra rekneskapsføringa av tilskot til tilsegnstidspunktet. I ein overgangsperiode vert det avvik fordi bruk/avsetning av fond ikkje er med i KOSTRA-rapporteringa  
Tabell 13

Indikator	SFj 2012	SFj 2013	SFj 2014	SFj 2015	Landet u/Oslo 2014	Landet u/Oslo 2015
Andel elevar og lærlingar som har bestått vgo i løpet av fem år*	75,9	77,3	74,1		71	
Andel elevar som har slutta i løpet av året - alle årssteg	3,5	4	3,2	2,5	4,8	4,4
Andel av elevar som startet på yrkesfag som har oppnådd yrkeskompetanse/fag-/svennebrev i løpet av fem år*	37,5	39,5	33,7		32,7	
Andel elevar med direkte overgang fra videregående opplæring til høgere utdanning*	40,2	46,4	41,0		44,1	
Andel beståtte fag- og svenneprøver	93,9	93,0	93,8	93,8	93,4	92,5
Andel elevar vg2 yrkesfaglige utdprog i fjor, i lære i år	41,9	44,4	45,4	50,2	39,8	40,4

\*Nytta 2014-tal. Tala for 2015 er ikkje klare før i juni 2016.  
Tabell 14

## MÅLEKART OPPLÆRING

SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ	EVALUERING/ RESULTAT
<b>Tenesteyting (T)</b>			
T4 Læringsmiljø	T4.1 Trivsel	T4.1-1 Elevar 4,4 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga	Snittverdi: 4,3. Ambisjonsnivået er ikkje nådd. Avviket er lite, og det er uråd å identifisere årsaka til dette.
		T4.1-2 Lærlingar 4,5 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga	Snittverdi: 4,5 Ambisjons- nivået er nådd.
	T4.2 Meistring	T4.2-1 Elevar 3,8 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga	Snittverdi: 4,0 Ambisjonsnivået er nådd.
		T4.2-2 Lærlingar 4,0 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga	Snittverdi: 4,2 Ambisjonsnivået er nådd.
T5 Læring	T5.1 Karakterutvikling/ resultat	T5.1-1 15 fag med sentralt gitt eksamen med resultat over landssnittet.	18 fag med sentralt gitt eksamen har resultat over landssnittet. Ambisjons- nivået er nådd.
		T5.1-2 25 prosent av lærlingane som tek fag- og sveineprøve oppnår resultatet: Bestått/ Mykje godt.	22 prosent av lærlingane som tek fag- og sveineprøve oppnår resultatet: Bestått/ Mykje godt. Ambisjonsnivået er ambisiøst og er ikkje nådd.
	T5.2 Standpunktkarakter og eksamensresultat i norskfaget	T5.2-1 <0,4 karaktergrader i avvik.	Avviket mellom standpunkt og eksamensresultat i norskfaget våren 2015 er 0,3. Ambisjonsnivået er nådd.
T6 Gjennomføring	T6.1 Gjennomføringsgrad	T6.1-1 I 2015 skal 77 prosent av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2010 ha gjennomført opplæringa.	73,6 prosent av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2010 har gjennomført opplæringa. Ambisjonsnivået er ikkje nådd og det bør vurderast om ambisjonsnivået må justerast.
<b>Regional utvikling (R)</b>			
R5 Samsvar mellom dimensjon- ering av opplæringstilbodet og behovet for fagarbeidarar.	R5.1 Grad av samsvar mellom tilgang til læreplassar og tal søkjarar til læreplass.	R5.1-1 Alle med ungdoms- eller vakseirett som søker læreplass som første ønske får tilbod.	Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.

# Plan og næring

## INNLEIING

Året 2015 vart i større grad prega av regionalt planarbeid enn vanleg. Revisjon av regional planstrategi vart starta opp på våren. Planstrategi er eit krevjande arbeid både internt og eksternt som krev mykje ressursar og merksemd for å få den naudsynte framdrifta. Eit viktig mål er å styrke koplinga mellom regionalt og kommunalt plan- og utviklingsarbeid. Dette vart gjort gjennom breie, men tidsavgrensa prosessar med involvering av kommunane og regionale aktørar for å avklare kva for større utfordringar det var viktig å gripe tak i no. Vi trur at prosessane så langt har styrka både samarbeidet mellom kommunane og regional planmynde og dei regionale aktørane seg i mellom.

Året har vist kor viktig det er å styrke samarbeidet i fylket. Dette bør gje føringar for å legge enno meir vekt på samarbeids- og utviklingsavtalar på regionalt nivå og mellom nivåa for å nytte ressursar og verkemiddel for å nå felles mål. I 2015 har vi vist at fylkeskommunen er ein viktig utviklingsaktør som evnar å ta tak i store utfordringar for samfunnet og at vi evnar å gå nye vegar for å finne løysingar. Dei beste døme på dette er satsingane kring hydrogen og andre klimarelaterte initiativ.

Fylkeskommunen sin næringsinnsats skal legge til rette for at næringslivet vårt utviklar seg, og at etablerarar tek spranget og opprettar si eiga bedrift. Dette er eit lagspel der fylkeskommunen gjer sitt for at dei offentlege hjelparane skal vere koordinerte. Verdiskapingsplanen er eit godt hjelpemiddel til å samordne innsatsen, då denne peikar ut hovudretninga for næringsinnsatsen og legg føringar for arbeidsdelinga mellom dei ulike hjelparane. 2015 har vore prega av høg aktivitet, der det mellom anna er arbeidd med å setje verdiskapingsplanen ut i livet. Som ein del av verdiskapingsplanen vedtok fylkestinget hausten 2015 ein eigen industristategi for fylket.



## ØKONOMI

Sektoren plan og næring hadde eit budsjett på 105,97 mill. kr til utviklingstiltak i fylket i 2015. Midlane gjekk til næringsarbeid, regional planlegging, folkehelsearbeid, lokal samfunnsutvikling, miljø, naturressursar og administrasjon. Fram til september 2015 rapporterer sektoren til hovudutval for plan og næring. Frå september 2015 rapporterer næringsdelen til det nye hovudutval for næring og kultur. Kommunal- og moderniseringsdepartementet gav i tillegg 41,2 mill. kr i kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift i Førde, Sogndal og Flora. Midlane vart forvalta av stiftinga Interkommunal Næringsretta Utviklingsordning Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF), på grunnlag av ein handlingsplan som vart godkjend av hovudutvalet for plan og næring. Sogn og Fjordane fekk 18,5 mill. kr frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom, tidlegare Post- og teletilsynet) til utbygging av breiband i fylket i 2015. Fylkeskommunen fekk også 1,6 mill. kr frå Landbruks- og matdepartementet til arbeid med rekruttering og kompetanseheving innan landbruket.

Større satsingar (mill. kr)	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Budsjett 2015
Bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Norge	39,7	32,7	26,3	26,3
Omstillingsarbeid i kommunar	8	8,6 <sup>1</sup>	9,0 <sup>2</sup>	9,0
Kommunale næringsfond	18,5	15,6 <sup>3</sup>	11,3 <sup>4</sup>	11,3
Reiseliv	10,5	9,5	6,5	6,5
Tettstadutvikling	4,9	3,5	1,7	1,7
Folkehelse	4,7	4,8	4,2	4,7
Utviklingsarbeid klima	2,1	1,6	1,9	1,9

Tabell 15

<sup>1</sup> medrekna 1,500 mill. kr dekkja med midlar frå tidlegare år

<sup>2</sup> medrekna 0,960 mill. kr avsett til bruk i 2016

<sup>3</sup> medrekna 1,000 mill. kr dekkja med fondsmidlar

<sup>4</sup> medrekna 0,050 mill. kr avsett til bruk i 2016

## REGIONAL PLANLEGGING

Det er sett i gang ei revidering på utvalde deler av Fylkesdelplan for arealbruk i samband med nye behov for å sjå på senterutvikling knytt til kjøpesenter.

Det er starta ein prosess mot kommunane for å få på plass ein meir forpliktande plattform for arbeidet med ein strategisk plan for kysten. Dette er ei oppfølging av gjeldande planstrategi. Arbeidet er forsinka og har vore nedprioritert av ressursmessige omsyn.

Første generasjon Regional plan for vassforvaltning vart ferdig og godkjent i 2015. Dette har vore eit stort og krevjande planarbeid med mange involvert, stort engasjement og sterke interessegrupper. (Sjå eigen omtale)

To felles planar med nabofylka for villreinområda Ottadalen og Nordfjella har vore under avslutning. Grunna innspel om endringar i planane gjennom høyringar vert planen for Ottadalen villreinområde ikkje ferdig handsama før i 2016. Handlingsprogrammet knytt til Nordfjella villreinområde vert og ferdig handsama i 2016.



Fylkesgruppe i samtidsdans v/Leyeune Avdal  
Foto: David Zadig

## FOLKEHELSE

I juni 2015 fekk vi den fyrste regionale planen for folkehelse i fylket. Planen vart utarbeida i nært samarbeid med partnerskapen gjennom verkstadar og separate møter med organisasjonar og institusjonar kvar for seg. Planen supplerer regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Handlingsprogrammet er knytt til strukturelle tiltak og tiltak som skal styrke kunnskap om folkehelse i dei ulike livsfasane og korleis vi kan implementere denne i dei ulike sektorane som kan handle.

Som ein del av det strategiske planarbeidet har vi i 2015 utarbeida eit nytt oversiktsdokument knytt til levekår, helse og livskvalitet. Dokumentet viser at vi framleis skorar godt på indikatorar for levekår og helse, men at vi har område der vi har ei negativ utvikling. Vi ser og at resten av landet utviklar seg betre og er i ferd med å ta igjen fylket på fleire indikatorar. Dette gjeld mellom anna lesedugleik i skulen og sosial ulikskap.

I 2015 vart det i samarbeid med Fylkesmannen, etablert regionvise læringsnettverk for planleggarar i fylket. Målet med dette er mellom anna å styrke samarbeidet mellom kommunane og ha ei felles tilnærming til utfordringane og det som er mogleg å få til. Tiltaket er eit av prioriterte tiltak i handlingsprogrammet til Regional plan for folkehelse. Nettverk for kommunale folkehelsekoordinatorar er vidareført og kopla tettare mot planmiljøet på fylkes- og kommunalt nivå.

Det er etablert fire nye treårige partnerskaps- eller utviklingsavtalar om folkehelse med frivillige. Dette er med Redningsselskapet, Fotballkretsen, Skikrinsen og DFS Fjordane krets (Det frivillige skyttarvesen).

For å prøve å kople rolla og aktivitetane til fylkeskommunen til behova i kommunane vart det gjennomført ei kartlegging blant folkehelsekoordinatorane i fylket. Tilbakemeldinga er tydeleg på at kommunane ynskjer bistand til: bygging av nettverk, kunnskapsutvikling, prosjekt på tvers av kommunane, evaluering av tiltak og lokale prosessar.

### Ny kunnskap om levekår og livskvalitet

I 2015 vart det lagt ned eit relativt stort arbeid for å få på plass ei oversikt over helsetilstanden i fylket gjennom undersøkinga: «Helse, miljø og livsstil i Sogn og Fjordane». Elevar på 6., 8. og 10. klassetrinn vart kartlagde. Undersøkinga er ei oppfølging av tidlegare undersøkingar, og er gjort for å få fram kvantitative data lokalt og å kunne samanlikne situasjonen mellom ulike stader og utviklinga over tid.

### Konferansar og samlingar

Vi har gjennomført to konferansar på levekårsområdet. Den eine var eit samarbeidsprosjekt med Fylkesmannen som del av oppfølginga av «Sjumilssteget». Den åleine samla 200 deltakarar. I tillegg har det vore to samlingar for folkehelsekoordinatorane (juni og november) med deltaking frå dei fleste kommunane.

### Danseverkstadane

Kommunale verkstadar der ungdom lærer ungdom. Eit viktig tiltak for å styrke deltaking, personleg utvikling og oppleving av meistring hjå unge.

### Ernæring

Målet er å stimulere til sunnare kosthald i barnehagar. Det vart derfor gjennomført 15 kurs i 2015 for barn og foreldre, tilsette i barnehage og SFO, framandspråklege og lærar. Målet om å nå 160 deltakarar vart nådd. Det er vidare teke initiativ til å utvide tilbodet til innvandrarkvinner.

Det er gjennomført ei nettverkssamling for kantinetilsette ved alle dei vidaregåande skulane. Tema for samlinga var bruk av økologiske råvarer og produkt, meir bruk av vegetabiliske matvarer og større variasjon i kantina.

### Psykisk helse

Fylkeskommunen har ført vidare den økonomiske støtta til prosjektet «Førebyggjande arbeid i skulen» i regi av SMISO (Senter for incest og seksuelle overgrep). Dette er eit langsiktig og stort prosjekt for å fremje god psykisk helse og tidleg intervensjon blant barn i skulealder og rettar seg mot 6.-klasseelevar i heile fylket. Prosjektet involverer helsesøstre og lærarar. Undervisinga er eit helsefremjande tiltak om vanskelege tema som incest og seksuelle overgrep, rus og vald i heimen, skilsmisse og psykisk sjukdom.

## REGIONAL PLANSTRATEGI



Loftesnesfjellet med utsikt til Sogndal.  
Foto: Anne Kjersti Stavø Stenehjem

Arbeidet med regional planstrategi for perioden 2016-2020 vart starta opp før sommaren 2015. Planstrategien gjer greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurderer kva som kan vere moglege langsiktige utviklingar og konkretiserer langsiktige utviklingsmål for fylket. Planstrategien skal til handsaming i fylkestinget i juni 2016.

Planstrategien kjem med konkrete framlegg til revisjon av gjeldande planar, avvikling av gjeldande planar og utarbeiding av nye regionale planar. Planstrategien legg og føringar for gjeldande planar og anna strategiarbeid gjennom å definere eit målbilete for perioden. Planstrategien er ikkje ein regional plan med konkrete tiltak og mål, men skal være så tydeleg at den gjev retning for bruk av verkemiddel og grep som er naudsynte, ut frå dei utfordringane som er gjort i arbeidet med planstrategien.

Plan- og bygningslova set krav til at arbeidet med regional planstrategi skal skje i samarbeid med kommunar, statlige etatar, organisasjonar og institusjonar. I og med at statlige og regionale organ og kommunane skal legge den regionale planstrategien til grunn for eige planarbeid, er det avgjerande at dei kjenner seg att i utfordringane og at dei kan sjå si rolle i å bidra til å møte utfordringane framover. Det er difor gjennomført separate møte med regionråda, organisasjonar og institusjonar

for å få ei felles forståing for utfordringane i fylket og mogleg innretning på planstrategien i planperioden.

Planstrategien har i seg sjølv ingen økonomiske konsekvensar, men den legg føringar for ressursbruken framover. Gjennomføring av dei ulike planarbeida vil krevje ressursar som må vurderast som lekk i dei årlege budsjetthandsamingane.

## KOMMUNAL PLANLEGGING

Det er ei heilt sentral oppgåve for fylkeskommunen å støtte opp under



kommunal planlegging. Arbeidet med strategisk overordna planlegging har vore ei viktig satsing for å hjelpe kommunane til å bli langsiktige og strategiske utviklingsaktørar. Fylkesspegelelen, Fylkesatlas, regionalt planforum knytt til kommunale samfunnsplanar, og vårt arbeid med regional planstrategi er døme på den typen tilrettelegging vi har lagt vekt på i 2015.

Fylkeskommunen har i 2015 gitt administrativ fråsegn til ni kommune- og kommunedelplanar og seks områdeplanar. Reguleringsplanar er i liten grad prioriterte i 2015. Regionalt planforum har i 2015 gjennomført sju møter. Fire av møta var om kommuneplan og kommunedelplan. Fylkeskommunen har delteke fagleg og økonomisk i fleire lokale planprosessar i 2015 som t.d. «Pilot Måløy» og kommunedelplan for Dale sentrum og Stryn sentrum.

Fylkeskommunen er òg sentrale i eit prosjekt for kartlegging av havbotn i kystkommunane frå Florø til Selje. Kartlegging vart starta opp sommaren 2015. Data frå prosjektet skal nyttast vidare i regional og kommunal planlegging.

### **KOMMUNALT OG REGIONALT UTVIKLINGSARBEID**

---

Det statlege prosjektet LUK (Lokal samfunnsutvikling i kommunane) er avvikla. Fylkeskommunen har i 2015 nytta restmidlar til å støtte prosjektet Flytt til Sogn, der kommunane Vik, Balestrand og Høyanger var med. Undervegs i arbeidet vart det nytta mest prosesshjelp til Balestrand i forståing med dei andre kommunane om at dette skulle vere ein modell for arbeidet også for dei.

### **STADUTVIKLING OG STADFORMING**

---

Hovudmålet med arbeidet er å støtte kommunane fagleg og økonomisk med stadutvikling og stadforming. Vi har difor nytta eigen kompetanse i eit aktivt samarbeid med kommunane Vågsøy, Stryn og Fjaler dette året.

Den økonomiske støtta skal styrke tettstadane sine særpreg og eigenkarakter, sikre allmenn tilgang til felles verdier og demokratisk medverknad. Støtta skal brukast til å utvikle og forme komplementære samfunnsstrukturar som er økologiske og berekraftige. Gode og attraktive møteplassar. Alle tiltak vert tufta på ei analytisk kartlegging tilpassa stad og føremål. Fylkeskommunen har tildelt 1,7 mill. kr til delfinansiering av prosjektet med fjordsti i Sogndal kommune i 2015. (Dei har også fått lovnad om ytterlegare 1,3 mill. kr i 2016). Det er i tillegg gitt fagleg og økonomisk støtte til pilotprosjekt på Reed i Gloppen kommune og på Flolid i Gulen kommune, for å sjå på alternativ tilnærming til utforming av reguleringsplanar. Gjennom piloten på Flolid har det i tillegg blitt etablert ein «Steinbyggjarskule» for å ta vare på lokal- og vestnordisk bygningshistorie og byggjetradisjon i framtidig stadutvikling.


### **FYLKESATLAS OG GEOGRAFISKE INFORMASJONSSYSTEM**

---

Fylkesatlas er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Her er det samla tilgang til sjøkart, landkart, satellittbilete, ortofoto og temakart som natur, kultur, landbruk, planlegging og andre kartfesta tema.

Målgruppene for fylkesatlas er sakshandsamarar hjå Fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane og private. I mai 2015 vart kartløyisinga gradert opp til ny versjon. Sidan då har det vore over 20 000 besøkande på sida. Av dei var over 10 000 unike brukarar.

Ved utgangen av 2015 har fylkeskommunen 17 datamaskiner med programvare for geografisk informasjonssystem (GIS). GIS vert brukt til registrering av kulturminne,



Istappar ved Storelva i Dale.  
Foto: Magnus Halsnes/Flickr



Foto: Andreas E. Nygjerd

vegprosjekt, eigeidomsversikt, kartillustrasjonar, geografiske analysar med meir, og vert mellom anna nytta aktivt av sakshandsamarar i eigen organisasjon.

## FYLKESPEGEL FOR SOGN OG FJORDANE

Fylkesspegelen er ein felles nettstad der ein kan finne ulike typar statistikk og kart i høve til kunnskap om, og utviklinga i fylket.

Utvikling og drift av nettstaden er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og NAV Sogn og Fjordane. Fylkesspegelen konsentrerer seg om regionale problemstillingar, men legg også til rette for analysar av bu- og levekår og utfordringar i kommunane. Dei viktigaste indikatorane vert oppdatert kontinuerleg. Dette gjeld og lokale data som ligg tilgjengeleg fordelt på den einskilde kommune.

## ENERGIRELATERTE SAKER I 2015

### Uttale til konsesjonssøknader

Fylkeskommunen gjev uttale til vasskraftsaker der det er søkt om konsesjon (småkraftverk frå 1 MW og oppover og større kraftverk). Det er fylkesutvalet som har mynde til å gje uttale. Det er gitt uttale til 30 konsesjonssøknader i 2015. I tillegg er det gitt administrativ uttale til fire mindre søknadar om endring av planar som er tilrådd utbygd.

### Vurdering av konsesjonsplikt

Fylkeskommunen er uttalepart til NVE si konsesjonspliktvrdering. NVE tek avgjerd om ei sak er konsesjonspliktig eller ikkje. Dette gjeld i hovudsak minikraftverk og mikrokraftverk (installasjon opp til 1 MW). Vi gav administrativ uttale til ei slik sak i 2015.

### Kraftlinjesaker

Det vart gjeve uttale til to saker knytt til kraftlinjer og transformatorar med spenningsnivå over 22 kV.

### ENØK - fond

Fylkeskommunen har eit ENØK-fond med saldo pr. februar 2015 på om lag 3,9 mill. kr. Etter utlysing vart det gitt tilsegn til ni søkjarar på i alt 1 928 725 kr. I tråd med handlingsprogrammet til Klima og miljøplanen skal tildeling frå ENØK-fondet halde fram til det er tomt.

### Administrativ uttale i andre saker

Det er gjeve uttale til søknad om løyve til uttak av vatn frå Søreboelva og Vetleelva i Høyanger kommune. Det er også gjeve innspel til Samarbeidande kraftfylke i samband med endringar i energilova og oreigningslova.

## REGIONAL PLAN FOR VASSFORVALTNING

Regional plan for vassforvaltning med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram vart vedteke 8. desember 2015 av Fylkestinget, og sendt til godkjenning i Klima- og miljødepartementet.

Vassforvaltningsplanen fastset miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Miljømåla skal på ein heilskapleg og best mogleg måte verne om vassførekomstane og sikre ei berekraftig bruk av dei. Planen gjeld alle sektorar og skal medverke til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Kommunar, regionale organ og statlege etatar er



Padling i Brufjorden.  
Foto: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

gjennom planen forplikta til å legge miljømåla til grunn for si planlegging og verksemd.

Tiltaksprogrammet omtalar aktuelle tiltakstypar som skal til for å nå miljømåla. Dei ulike fagetatane på lokalt/regionalt/nasjonalt nivå, har skissert tiltak innafør egne ansvarsområde og er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka. Miljøtilstand, miljømål og skisserte tiltakstypar for alle innsjøar, elver, grunnvatn, fjordar og kystområde er tilgjengeleg på <http://vann-nett.no/portal/>

Handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla i planen. Programmet viser kva for oppfølging planen krev og peikar ut ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for å få gjennomført planen. Handlingsprogrammet er avgrensa til prosessen med å følgje opp planen og sikre framdrift og samhandling omkring konkrete tiltak.

Omstilling til ei meir berekraftig og heilskapleg vassforvaltning krev utstrakt samarbeid mellom ulike sektorstyresmaktar, dvs. ulike regionale statlege etatar, alle kommunane og fylkeskommunane. Samarbeidsarenaer er tidlegare skipa ved etablering av vassregionutval, arbeidsutval til vassregionutvalet og vassområdeutval.

Fylkeskommunen fekk i 2015 overført 1,285 mill. kr frå Miljødirektoratet til planarbeidet.

Fylkeskommunen tilsette prosjektleiar for Nordfjord og Sunnfjord vassområde 1. mai 2015. Det er og tilsett prosjektleiar for vassområda Ytre Sogn og Indre Sogn som tek til i stillinga våren 2016. Prosjektleiarstillingane i vassområda er eit spleiselag mellom staten, fylkeskommunen og kommunane. Prosjektleiaren koordinerer arbeidet i vassområda med kunnskapsinnhenting og tiltaksanalyse mellom statlege styresmaktar, kommunar og fylkeskommunen.

## FRILUFTSLIV, VILT OG FISKE

Fylkeskommunen tildeler midlar frå Klima- og miljødepartementet til viltformål og friluftslivsformål. Vi handsama i fjor 14 søknader om tilskot på til saman 1,5 mill. kr til vilttiltak. Ramma for tildeling var på 0,5 mill. kr, og seks søkjarar fekk midlar. Det største tilskotet på 0,35 mill. kr gjekk til «Prosjekt forvaltning av hjortebestand» i regi av Vestskog.

Fylkeskommunen har i perioden 2013–2015 hatt utviklingsavtalar med fire frivillige fylkesdekkande organisasjonar innan friluftsliv, jakt og fiske. Vi har i 2015 ikkje gjennomført dialogmøter med desse organisasjonane grunna vakante stillingar. Utviklingsavtalane har førebels ikkje vorte forlenga.

Innan friluftslivstiltak handsama vi 34 søknader om tilskot på til saman 3,6 mill. kr. Ramma for tildeling var på 0,9 mill. kr, og 20 søkjarar fekk midlar. Det største tilskotet på 0,2 mill. kr gjekk til Sogn og Fjordane Turlag. Vi handsama og to søknader om tilskot til tiltak i statlege sikra friluftslivsområde for til saman 0,86 mill. kr. Ramma for tildeling var på 0,37 mill. kr. Søknaden om tiltak på parkeringsområdet ved Langeland ski- og fritidssenter vart prioritert og fekk tildelt heile ramma. Fylkeskommunen var også i 2015 med på å dele ut støtte til merking og gradering av turløyper i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen bidrog med 0,21 mill. kr og Gjensidigestiftelsen med 0,60 mill. kr. Dei 14 prosjekta som fekk støtte har ein totalkostnad på om lag 1,9 mill. kr inklusiv lokal økonomisk støtte og dugnadsinnsats.



Halvor Greguson i Rocketfarm på Fosshaugane Campus, fortel om produktutvikling innan IT og Automasjon.  
Foto: Distriktssenteret

## REGIONAL PLAN FOR VERDISKAPING

Verdiskapingsplanen syner kva dei ulike aktørane saman skal få til innan næringsutvikling. Denne vart vedteken i fylkestinget i juni 2014, medan handlingsplanen vart vedteken i desember 2014. I 2015 vart det arbeid med gjennomføring av verdiskapingsplanen på grunnlag av eigen årsplan. Som ein del av verdiskapingsplanen vart det utarbeidd ein industristrategi som var vedteken av fylkestinget i oktober 2015. Landbruks-satsinga vart sendt ut på høyring i 2015, og vert politisk behandla våren 2016. Nyskaping og Kunnskap er gjennomgåande plantema i verdiskapingsplanen. Planen omhandlar elles sjømatnæringar, reiseliv og energi (både fornybar og olje/gass), i tillegg til industri og landbruk.

## NYSKAPING - EVNE TIL Å FANGE OPP GODE INITIATIV

### Næringsretta innsats saman med kommunar og næringssselskap

Vi arbeider med å spele kvarande betre innan næringsutvikling, og dette er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Innovasjon Norge, kommunane og næringssselskap. Gjennom denne innsatsen vert det arrangert ei rekkje kurs og samlingar for å styrke kompetansen i næringsapparatet, og for å sikre god informasjonsutveksling mellom dei ulike aktørane som arbeider med næringsutvikling. Vi kan nemne kurs og samlingar innan sakshandsaming og god forvaltning av næringsfond, statsstøtte-regelverket, PLP (prosjektleiarprosessen) og Smidig oppstart (Lean startup). Det vart også gjennomført ein studietur til Oslo, der næringsmedarbeidarane våre henta inspirasjon frå etablerarar og tilretteleggarar i gründermiljøa i Oslo.

Arbeidet var fram til våren 2015 organisert som eit samarbeidsprosjekt. Store deler av aktiviteten er no lagt inn som ei driftsoppgåve i fylkeskommunen si næringsavdeling, som samarbeider med dei andre aktørane. Det vart våren 2015 gjennomført ei evaluering som tyda på at innsatsen har vore vellukka.

### Fleire etablerarar

Det vart gjennomført etablerarkurs i heile fylket, for å hjelpe etablerarar i gong med å starte si eiga verksemd. Om lag 40 deltakarar gjennomførte etablerarkurs i 2015. Det vart våren 2015 gjennomført ei undersøking blant dei 170 som var på kurs i 2012-2014. Her melde 57 prosent av deltakarane at dei hadde etablert bedrift eller hadde ein ide under utvikling. Det vart hausten 2015 utvikla eit nytt etablerarkurs som vert tilbode frå 2016.

Ein inkubator bidreg til å utvikle innovasjonsbedrifter i tidleg fase ved bruk av kompetanse og nettverk. Fylket har to inkubatormiljø; Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og Fram Flora. Fram Flora hadde i 2015 ti bedrifter i pre-inkubasjon og fem inkubatorbedrifter. Kunnskapsparken hadde i 2015 fire bedrifter i pre-inkubatoren og seksten inkubatorbedrifter. Ordninga vert delfinansiert gjennom kompensasjonsmidlar/INU-midlar.

### Preså Kornfond

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og Sparebanken Sogn og Fjordane har etablert eit preså kornfond som skal gå inn med eigenkapital i bedrifter i ei tidleg fase. Fylkeskommunen ytte i 2015 1,5 mill. kr til dette fondet, mellom anna ut frå verdiskapingsplanen sine formuleringar om lettare tilgang til risikovillig eigenkapital.

## GRÜNDERPRIS

Gründerprisen for ungdom vart delt ut på fylkestinget 8. desember 2015. Årets vinnar, SGN Skis, lagar topptur- og frikøyringsski med ein ny kolfiberteknologi. Prisen er på 50 000 kr.



Foto: Bård Basberg

## TEKNOLOGICAMPUS I FØRDE

Som oppfølging av industristrategien tok fylkeskommunen i 2015 initiativ til å utvikle «teknolog-campus i Førde». Dette arbeidet handlar også om å utvikle utdanningsinstitusjonane si rolle som kompetansesenter for vidare- og etterutdanning. Både vidaregåande opplæring, fagskulen og høgskulen deltek i arbeidet som er initiert etter invitasjon frå Sfiinx AS (Hel- lenes gruppa).

## Midlar til kommunale næringsfond

Fylkeskommunen tildelar midlar til kommunale næringsfond i Sogn og Fjordane. Midlane skal hjelpe kommunane til å vere gode støttespelarar for etablerarar og lokalt næringsliv. I 2015 var løyvinga til kommunale næringsfond på 11,33 mill. kr. Dette er ein nedgang på over fire mill. kr frå 2014.

## Omstillingsarbeid i kommunar

Kommunane Askvoll, Hyllestad og Lærdal hadde omstillingsstatus i 2015. For Hyllestad var dette siste året med omstillingsstatus.

Det vart løyvd 8 040 000 kr i ordinære omstillingsmidlar.

Desse vart fordelt slik:

- Askvoll 2 040 000 kr
- Hyllestad 3 000 000 kr
- Lærdal 3 000 000 kr

Den årlege vurderinga av omstillingsarbeidet (programstatusvurderinga) viste framgang på dei aller fleste indikatorane i høve til året før, og det vart arbeidd strukturert og målretta med omstillingsarbeidet i alle områda også i 2015.

Innovasjon Norge spelar også ei viktig rolle i arbeidet med omstillingskommunane. IN tilbyr verktøy og tenester som skal hjelpe til med å oppnå eit meir robust næringsliv og gjere kommunane meir attraktive for næringslivet. Dette er eit pågåande arbeid.

## Entreprenørskapsarbeid i skulen - legg grunnlaget for framtidige etablerarar

Fylkeskommunen har ein toårig avtale med Ungt Entreprenørskap om arbeid med nyskaping og etablering i skulen. I perioden 2015-2016 bidreg fylkeskommunen årleg med 900 000 kr til Ungt Entreprenørskap i Sogn og Fjordane. Ungt Entreprenørskap er ein viktig aktør i satsinga på entreprenørskap i heile utdanningsløpet. Tal elev- og ungdomsbedrifter som vert starta per år er på ca. 60-80 bedrifter, medan talet på studentbedrifter er lågt. Det vert arbeidd med å få opp talet studentbedrifter.

Med hjelp av EØS-midlar har fylkeskommunen saman med Ungt Entreprenørskap initiert eit samarbeid med partnerar i Romania og Bulgaria om å gjennomføre ein gründercamp for ungdom. Ein vellukka gründercamp vart gjennomført på Sandane.

## KUNNSKAP

Satsinga Kunnskap som del av verdiskapingsplanen har fire arbeidsområde:

- forskning og utvikling
- opplæring
- tilgang til kunnskap gjennom rekruttering
- utvikling av kunnskapsintensive, tenesteytande næringer

## Forsking og utvikling

Det er løyvd midlar til ein utviklingsavtale mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Eit viktig føremål i 2015 var å forsterke forskingsmiljøa sin relevans for fylket.

Fylkeskommunen arbeider saman med Norges Forskningsråd for å mobilisere næringslivet til å ta i bruk FoU, med prosjektet VRI - Verkemiddel for regional forskning, utvikling og innovasjon. Verkemidlet «kompetansemekling» er vellukka.

Meklinga medverkar til konkret samarbeid mellom bedrifter og forskingsmiljø. Nærare informasjon: [www.facebook.com/vrisfj](http://www.facebook.com/vrisfj)

### Opplæring

I 2015 tok vi saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane initiativ til eit internasjonalt prosjekt knytt til entreprenøriell læring med målgruppe lærarar. Dette initiativet er under utvikling.

Fylkespartnarskapen medverka også i 2015 til å få finansiering frå Innovasjon Norge til to prosjekt innan ordninga Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljø.

- IKT-utdanning
- Kompetanse knytt til havrommet og havromsteknologi (Maritim Forening)

### Rekruttering

Rekrutteringsarbeidet er primært følgt opp gjennom engasjementet fylkeskommunen har i Framtidsfylket AS og i Karrieresenteret.

### Kunnskapsintensive og tenesteytande næringar

Fylkeskommunen samarbeider med SIVA, mellom anna i samband med vidareutvikling av tre næringshagemiljø. Gulen-Masfjorden Næringshage har no 10 målbedrifter, Sognefjorden Næringshage har 19 og Næringshagane i Nordfjord 30 målbedrifter. Næringshagane har dermed auka tal målbedrifter med tre sidan 2014. Også gjennom nyskappingsarbeidet i inkubatorane, i regi av IT-forum og gjennom innsatsområdet IT og teknologi i VRI-prosjektet vert det arbeid for å legge til rette for utvikling av denne typen tenesteytande næringar.

### Internasjonalt arbeid

Viktige handelsforhandlingar som vedkjem Noreg (kalla TISA og TTIP) er i gong. Fylkesutvalet gav ei fråsegn til norske styresmakter om kva interesser som er viktige for å sikre offentlege styresmakter rett til sjølve å organisere offentlege tenestester og til å setje miljø- og sosiale standardar. Fylkesordføraren fremja deretter temaet for styret i Euromontana. Fråsegna vart sendt EU-kommisjonen.

### Reiseliv

Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane har som mål å auke verdiskapinga i reiselivet og skape fleire heilårs arbeidsplassar. I reiselivsplanen jobbar fylkeskommunen, Fylkesmannen og Innovasjon Norge tett saman for å nå måla og lytte til næringa for å innrette innsatsen etter behova.

Fylkeskommunen løyvde 6,5 mill. kr til satsing reiseliv i 2015 over budsjettet. Løyvingane frå fylkeskommunen er øyremerkta destinasjonsselskapa, NCE Tourim Fjord Norway og Fjord Norge AS, i tillegg til administrasjon av reiselivsplanen. Reiselivs-satsing disponerte 4,57 mill. kr til å jobbe vidare med infrastruktur gjennom ulike prosjekt.

### SJØMATNÆRINGANE

I gjennomføringa av verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane arbeider vi med tre problemstillingar:

- Arealbruk
- Innovasjon og nyskaping
- Rekruttering og kompetanse

For programområde «Arealbruk i sjø» vart det i 2015 utarbeidd ei skisse med mål, organisering og hovudaktivitetar. Arbeidet i programmet startar opp i 2016. I 2015 er det jobba med å få ein undervisningskonsesjon knytt til Måløy vidaregåande skule. Målet er å utvikle ei attraktiv fagutdanning på Måløy vidaregåande skule retta mot sjømatnæringar.

### SULEFISK

Sulefisk fekk, som einaste selskapet her i fylket, tildelt ein ny «grøn konsesjon» til oppdrett av laks og aure i 2015. Søknaden baserte seg på konseptet med eit lukka merdssystem. Totalt vart det tildelt ti slike «grøne» konsesjonar på landsbasis.



Arbeid på lakseanlegg.  
Foto: Lena Merete Søderholm



Foto: Frode Hovland

### Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane

Fondet gjennomførte ei utlysning av midlar til å utvikle ei berekraftig akvakultur-næring, men tildelte ikkje støtte til nokon av prosjekta som søkte. Fondet hadde ei ny utlysning allereie i november 2015. Søknadane vert handsama våren 2016.

### Vestlandssamarbeidet marin sektor (VestMarin)

Dette er eit marint fylkesovergripande samarbeid for næringsutvikling innan havbruk, fiskeri, sjømat og bioteknologi. Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane deltek og Rogaland hadde leiarskapen i 2015. Programmet arrangerte mellom anna felles Vestlandsstand under akvakulturmessa Aqua-Nor i Trondheim. Elles er det samarbeida om politiske høyringar i fylka og det er utarbeida høyrings-saker til Vestlandsrådet.

### North Sea Commission

Fylkeskommunen er gjennom administrativ representasjon deltakar i internasjonalt marint samarbeid i faggruppa Marine Resources Group. Gruppa har mellom anna kystsonoplanlegging, rekruttering til marine næringar og fiskeripolitikk på agendaen.

### Miljøseminar for oppdrettsnæringa

Sogn og Fjordane fylkeskommune arrangerte saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fiskeridirektoratet region Vest, Mattilsynet og Sjømat Norge eit miljøseminar i Florø. Dette var det fjerde i rekka, og tok opp tema knytt til overvaking av miljø, ny oppdrettsteknologi og forskning og utvikling (FoU) i næringa.

Det var ein nedgang i tal handsama akvakultursøknader i høve til 2014. Det var likevel auke i satsing på ny teknologi og forskning, mellom anna fekk vi tilsegn om tre nye FoU-løyve.

Det har også kome søknader om landbasert produksjon basert på resirkulering av vatn, noko som syner at næringa er inne i ei omstilling når det gjeld produksjon av settefisk.

## LANDBRUK

Fylkeskommunen er høyringsinstans for nasjonale prosessar og har løfta fram dei viktigaste produksjonane i fylket i fråsegn til jordbruksoppgjær og innspel til jordbrukspolitikken. Vidare har fylkeskommunen fordelt 1,8 mill. kr til kortsiktige kurs og langsiktige prosjekt som har målsetnad om å auke rekrutteringa og kompetansen i landbruket i fylket. Av dette var 1,6 mill. kr 2015- midlar medan resterande var disponible midlar frå tidlegare år. Nettbasert agronomutdanning er framleis det største og mest målretta tiltaket som gjev kompetanse til nye næringsutøvarar i fylket. Etterspurnaden etter denne aukar kvart år.

## INDUSTRI


Industristrategien vart vedteken i fylkestinget 13. oktober 2015. Det vert forma tre hovudstrategiar:

- Etablere temabaserte møteplassar som støttar opp om kunnskaps- og informasjonsdeling for auka innovasjon og verdiskaping
- Styrke koplinga og relevans mellom industrien og utdanningssystema
- Akkvisjonsstrategi

I tillegg vedtok fylkestinget innspel til nasjonal industripolitikk. Strategien vart følgt opp alt i høyringsfasen ved at fylkeskommunen tok initiativ til kontakt med Nordland fylkeskommune om industripolitikk. Denne kontakten førte til at det var

### SUBSEAUTDANNING

Hausten 2013 starta subsea bachelorutdanning opp i Florø. Nye kull vart teke opp i 2014 og 2015, og fortset i 2016. Oljeprisane er for tida låge og studievala vert påverka av dette. Studietilbodet vert no forsøkt vinkla mot ei breiare plattform innan havrommet.



Breibandutbygging på Leikanger  
Foto: Olav Skarsbø

gjennomført ein studietur til «Campus Helgeland» supplert med «Kuben» i Oslo og innovasjonssenteret på Ås. Dermed var vi klar til arbeid med teknologicampus i Førde straks strategien var vedteken.

### TILRETTELEGGING FOR AUKA OLJE- OG GASSVERKSEMD I SOGN OG FJORDANE

Fjord base har ein sentral plass i petroleumsnæringa i Sogn og Fjordane. Statoil er den største kunden på basen. Engie (tidlegare GdF Suez) driv logistikk- og støttefunksjonar til Gjøa-feltet frå Florø. BG Norge har i løpet av året starta drifta av Knarrfeltet, og det er bygd opp ei base- og driftsavdeling på Fjord base.

Det er opparbeidd infrastruktur for ny aktivitet på Lutelandet i Fjaler. Eit sentralt satsingsområde er å rive utrangerte offshoreinstallasjonar. I 2014 fekk Veolia-gruppen oppdraget med å fjerne Yme-plattformen. Yme skal demonterast på Lutelandet. Dette skulle ha skjedd i 2015, men grunna forseinka ferdigstilling av skipet som skal frakte plattformen til land («Pioneering Spirit»), er arbeidet utsett til 2016. Boreriggen Leiv Eiriksson var derimot innom Lutelandet for eit kortare vedlikehaldsoppdrag mot slutten av året.

I verdiskapingsplanen har Maritim forening Sogn og Fjordane hovudansvar for å utvikle leverandørverksemdene. Dei organiserer arbeidet gjennom utviklingsprogrammet «Supply Chain Network Sogn og Fjordane», som har som overordna målsetting å doble den petroleumsrelaterte omsetnaden i løpet av ein femårsperiode (frå 2013).

### FORNYBAR ENERGI

Fornybar energi er også eit satsingsområde i verdiskapingsplanen. Fylket har store fornybarressursar, ikkje minst innan vass- og vindkraft. «Forum for grøn energi» ligg an til å erstatte Vindkraftforum og markere ei breiare satsing på fornybarområdet.

### BREIBAND

Tilgang til breiband er ein føresetnad for verdiskaping og digital deltaking. Eit godt utbygd breibandnett er viktig for norske innbyggjarar, eit konkurransedyktig næringsliv, offentlige verksemdar og frivillige organisasjonar.

Regjeringa har etablert ei tilskotsordning for breiband. Gjennom ordninga ynskjer regjeringa å sikre eit tilstrekkeleg godt breibandstilbod til dei stadene der det ikkje er kommersielt lønnsamt å bygge ut for leverandørane i marknaden. Sogn og Fjordane var i 2015 det fylket som fekk mest tilskotsmidlar til breibandutbygging, 18,5 mill. kr til 15 breibandprosjekt i 15 kommunar i fylket. Dei statlege midlane løyste ut 1,5 mill. kr frå fylkeskommunen og 4,5 mill. kr frå kommunane. Leverandørane går og inn med sin del, noko som gjer at det vert bygd ut breiband for om lag 55 mill. kr i 2016.

Fylkeskommunen har i dag ei rolle som bindeledd mellom Nasjonal kommunikasjonsmyndighet og kommunane. Vi gjev råd til kommunane innan ei rekke område og arbeider med å styrke kompetansen på breibandutbygging i kommunane. Spreidd busetnad og utfordrande topografi med fjell og fjordar gjer breibandutbygging i Sogn og Fjordane kostbar. Det vil framleis vere behov for ei satsing på breiband og mobil i mange år framover.



Sogn og Fjordane sin del av total støtte - % kumulativt år for år




Diagramm 12



Eco Innovation Camp Norway 2015 vart arrangert på Sandane i Gloppen kommune.  
Foto: Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane ved Jørn Helgheim

## REGIONALT FORSKINGSFOND VESTLANDET

Regionalt forskingsfond Vestlandet hadde to utlysingar for hovudprosjekt i 2015. For forprosjekt var det fortløpande utlysingar. Fondet tok imot søknader innan tema berekraftig matproduksjon, energi, offentlege utviklingsoppgåver på Vestlandet og reiseliv. Fondet gav støtte til to søknader om forprosjekt og seks søknader om hovudprosjekt frå Sogn og Fjordane i 2015.

Etter fordelingsnøkkelen til Kunnskapsdepartementet skal Sogn og Fjordane ha 21,7 prosent av midlane til Regionalt forskingsfond Vestlandet. Dei siste åra har vi lege under dette målet (diagram nr 12).

I 2015 kan fylket rapportere om 100 prosent måloppnåing etter seks år med fondet. Fleire aktørar har arbeidd godt saman for å få søknader av høg kvalitet frå Sogn og Fjordane, og har lukkast godt.

## BEDRIFTSRETTE STØTTE GJENNOM INNOVASJON NORGE

Fylkeskommunen løyvde 26,3 mill. kr til Innovasjon Norge (IN) i 2015. Hovudsatsingane var i samsvar med føringane i tilsegnsbrevet, og innanfor desse områda:

### Fleire gode gründerar

IN sitt seminar «Frå Ide til marknad» vart introdusert i 2015 med sju samlingar i løpet av året og med totalt 70 deltakarar. Dette er IN sitt tilbod til tidlegfase-gründerar. Seminaret gir introduksjon til forretningsmodellering, Lean startup (smidig oppstart) og informasjon om etablerartilskotsordninga til IN. IN har også vore med og utarbeidd opplegget for den nye etableraropplæringa i fylket.

Gründerdagen Z vart gjennomført 13. mai i samband med næringsdagane og i samarbeid med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Ernst & Young, Fjord Invest og SNU. Målsetning med dagen er fagleg oppdatering, inspirasjon, samt å sikre ein møteplass for gründerar til nettverksbygging. Det kom ca. 70 deltakarar frå heile fylket.

### Fleire vekstkraftige bedrifter

IN har gjennom dei seinare åra aktivt brukt kompetanseprogram og finansieringsverkemiddel for å stimulere til auka verdiskaping og sysselsetting innanfor kunnskapsintensiv tenesteyting og IKT, og ser i dag at fleire av bedriftsmiljøa i fylket innanfor desse næringane hevdar seg nasjonalt. Fleire har òg internasjonale vekstambisjonar. Ei spanande satsing er datasenterprosjektet til Lefdal Mine Datacenter AS som fekk 62,5 mill. kr i lån frå IN i 2015.



Jostedalbreen.  
Foto: Rolf Sørensen



Foto: Rolf M. Sørensen

### Fleire innovative næringsmiljø

IN har i 2015 oppmoda bedriftene til meir samarbeid. Dette har ført til sterk auke i bruk av verkemiddelet «Bedriftsnettverk» som er ei ordning som skal bidra til etablering av strategisk og kommersielt samarbeid mellom bedrifter. Vi har støtta i alt elleve bedriftsnettverk innanfor ulike bransjar med totalt 4,2 mill. kr i tilskot. Dette er ei kraftig auke i høve 2014.

### Reiseliv

IN har ansvar for Aktørprogrammet som eit av tre delprogram i Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010–2025. Målet for arbeidet er å medverke til auka verdiskaping i reiselivsbedriftene i fylket.

Samhandling og nyskapande produktutvikling er hovudfokus for den bedriftsretta reiselivssatsinga i Sogn og Fjordane, med tre prioriterte tiltak: bedriftsnettverk for tematiserte opplevingskonsept, tilrettelegging av årleg nettverksarena, samt profilering og finansiering av IN sine kompetanseprogram for reiselivsnæringa.

I 2015 har IN finansiert fleire nye nettverk i forstudie- eller forprosjektfasen, der hovudtyngda av desse er i Sogn. Felles er målet om nye og marknadsretta produkt med auka fokus på profesjonalisering av salsarbeidet.

I november 2015 vart konferansen Fjordane frå bre til hav arrangert i eit samarbeid mellom IN, Fylkeskommunen, Sparebanken Vest, Fylkesmannen og NHO Reiseliv. Tema var berekraft og opplevingar i reiselivet, som grunnlag for nytenking og vekst. Når det gjeld større engasjement i 2015, har IN gjeve lånetilsegn til etablering av gondolbane frå Loen til Hoven med mål om ulike heilårsaktivitetar i Loen. I tillegg bidrog IN til gjennomføring av tematisert seminar rundt sykkelturisme i august 2015, der næringa sjølv sto som initiativtakar/arrangør. Sykkelturisme er i sterk vekst og er eit prioritert satsingsområde både i IN og i NCE Tourism. IN deltok også finansielt til gjennomføring av seks kurs for reiselivet i 2015.

### Energi og miljø

IN har delteke i arbeidet med å få etablert eit forum for grøen energi i Sogn og Fjordane. Vi har vore særleg opptekne av at eit slikt forum må vere styrt av aktørar frå næringslivet med det offentlege som ein viktig bidragsytar. IN har bidrege med støtte til etablering av eit bedriftsnettverk av bedrifter frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

På kompetansesida har det vore gjennomført eit FRAM-program for leverandørbedrifter med energieffektive løysingar til bygg. Deltakarbedriftene kjem frå både Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

IN har også bidrege med finansiering til fleire spennande miljøprosjekt. I Miljøteknologiordninga har vi delteke med finansiering i fem prosjekt der målet er utvikling av ny miljøvenleg teknologi.

### Kommuneretta arbeid

IN er rådgjevar for førstelinetenesta i kommunane når det gjeld handtering av kommunale næringsfond. Det har vore gjennomført opplæring for kommunane i moderne entreprenørskap, Lean Startup og sakshandsaming av næringsfondssaker.

### Sjømatnæringane

IN har i 2015 finansiert utviklingsprosjekt for å redusere problem med lus og sjukdom i laksenæringa. Dette omfattar mellom anna utvikling av nye behandlingskonsept, samt utvikling av ulike løysingar på lukka oppdrettsteknologi. IN har vidare bidrege med finansiering og rådgjeving i samband med utvikling av nye marknader for sjømatprodukt frå fylket. Våre utanlandskontor har hatt ei sentral rolle i desse prosjekta.

Sogn Aqua AS, som driv med landbasert oppdrett av kveite på Høyanger sørside, sette seinhausten spaden i jorda for ei storstilt satsing på nytt produksjonsanlegg i Ortnevik. Prosjektet vil setje selskapet i stand til ei kraftig auke i produksjonen av kveite. IN har vore med i utviklinga av Sogn Aqua AS over lang tid og bidrege med 10 mill. kr i risikolån til dette prosjektet.

#### FYLKESTINGET HANDSAMA

---

Sak 16/15	Regionalt forskingsfond Vestlandet, årsrapport 2014
Sak 20/15	Melding om kystskogbruket 2015
Sak 21/15	Regional plan for folkehelse 2015-2025 med handlingsprogram for perioden 2015 - 2018.
Sak 35/15	Industristrategi
Sak 49/15	Petroleumsrådet - Endring av reglement og val for valperioden 2015-2019
Sak 56/15	Bestilling til Regionalt forskingsfond Vestlandet 2016-2019
Sak 58/15	Rullering av handlingsprogram for klima og miljø 2016-2017
Sak 59/15	Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 med tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2016 - 2018 samt tiltaksprogram for 2016 - 2021.
Sak 60/15	Regional plan for vassregion Hordaland
Sak 61/15	Regional plan for vassforvaltning for vassregion Glomma
Sak 62/15	Regional plan for vassregion Møre og Romsdal
Sak 63/15	Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Vest-Viken 2016-2021

#### PLANUTVALET HANDSAMA

---

Sak 4/2015	Regional strategisk plan for kysten - planprogram
------------	---



## MÅLEKART NÆRING

SUKSESSFaktor	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSnivÅ	EVALUERING/ RESULTAT
Regionalutvikling (R)			
R6 Framdrift og effektivitet i prosjekta fylkeskommunen støttar.	R6.1 Tal avslutta prosjekt registrert i databasen regionalforvaltning.no	R6.1-1 Komplett oversyn over prosjekt og registrert avslutning på ferdige/ikkje sette i gang prosjekt.	Godt oversyn på regionalforvaltning.no.
		R6.1-2 Samsvar budsjett og rekneskap i alle registrerte prosjekt.	Stort sett samsvar.
R7 Bestillarkompetanse.	R7.1 Tal spesifiserte oppdrag, vurdering av kvalitet.	R7.1-1 Ambisjon Komplett oversyn over oppdrag i samband med regional plan for verdiskaping.	Har oversyn over oppdrag i samband med verdiskapingsplanen.
R8 Nøgd regional partnerskap.	R8.1 Nøgd partnerskap og nøgde brukarar. Brukarundersøking årleg.	R8.1-1 Samla skår på 80 prosent nøgde partnerar.	Har gjennomført ei spørjeundersøking blant næringsmedarbeidarar og fått tilbakemelding på arbeidet med å styrke næringsarbeidet til kommunane. Bra tilbakemeldingar. Har ikkje gjennomført noko større undersøking blant partnerane.
R9 Rask sakshandsaming.	R9.1 Tal marine saker handsama i tråd med forskrift.	R9.1-1 Alle sakene handsama i tråd med forskrift.	Alle komplette søknader vert som regel handsama innan 20 veker. Kravet i forskrifta er 22 veker. Lengre tid skuldast som regel behov for å hente inn meir opplysningar og/eller sein uttale frå andre etatar. I samsvar med forvaltningslova syter vi for at søknadene vert handsama utan ugrunna opphald.
	R9.2 Andre saker Informasjonsnivå til søkjarar, god skriftleg standard.	R9.2-1 Alle søkjarane skal ha informasjon i tråd med skriftleg standard.	Har klare rutiner, og det er kun unntaksvis at dette ikkje vert følgt godt opp.
R10 Utvikling i tal arbeidsplassar jf. målsetting i verdiskapingsplanen.	R10.1 Tal brutto og netto nye arbeidsplassar.	R10.1-1 Saman med partnerskapen legge til rette for 500 nye arbeidsplassar kvart år, med ein arbeidsplassvekst på netto 100 i året.	Tala for 2015 er ikkje klare enno. I 2014 var det samla sett 320 fleire arbeidsplassar i Sogn og Fjordane enn året før.

## MÅLEKART PLAN OG SAMFUNN

SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ	EVALUERING/ RESULTAT
Regionalutvikling (R)			
R11 Formalisert og godt samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen om planstrategiar og planarbeid.	R11.1 Tal kommunar som er med i samarbeidet.	R11.1-1 Minst 50 prosent av kommunane deltek.	Etablert plannettverk i regionane der alle kommunane er med.
	R11.2 Tal årlege møtepunkt i samarbeidet.	R11.2-1 Minst fire årlege møtepunkt.	Gjennomført møter med alle regionråda i to omgangar om regional planstrategi og koplinga til kommunale planstrategiar. Har gjennomført eitt møte i kvart av plannettverka pluss to felles seminar
R12 Formalisert og godt plansamarbeid i samband med satsinga på dei 3 byregionane i Sogn og Fjordane.	R12.1 Tal leiande kommunar i byregionsatsinga som er med i plansamarbeidet.	R12.1-1 Alle dei tre leiande kommunane er med i samarbeidet.	Det er etablert formelt samarbeid mellom FK og dei to regionsentra (Sogndal og Førde) der det er etablert byregionprogram.
	R12.2 Tal kringliggjande kommunar som er med i plansamarbeidet.	R12.2-1 Minst 50 prosent av dei kringliggjande kommunane er med i samarbeidet.	Alle dei definerte kommunane i kvar «byregion» er aktivt med.
	R12.3 Tal årlege møtepunkt i plansamarbeidet.	R12.3-1 Minst tre årlege møtepunkt.	Har gjennomført tre samlingar/møte.
R13 Kommunane har god og oppdatert kunnskap om viktige fakt. for eiga utv.	R13.1 Etablert eit felles statistikk- og indikator-system for berekraftig samf. utv. i kommunane.	R13.1-1 Alle kommunar som deltek i samarbeidet har implementert systemet.	Det er ikkje etablert eit slikt system.
	R13.2 Samanfatte eit «samfunnsbarometer» for heile fylket.	R13.2-1 Årleg presentasjon av utviklinga.	Presentert som del av kunnskapsgrunnlaget til regional planstrategi
R14 Sterke regionale samfunnsbyggjande organisasjonar.	R14.1 Forpliktande samarbeidsavtalar mellom einskild-organisasjonar og fylkeskommunen innanfor satsingsområda.	R14.1-1 Minst to samarbeidsavtalar innanfor kvart satsingsområde.	Vi har forpliktande samarbeidsavtalar med om lag sju organisasjonar.
	R14.2 Etablert dialog for evaluering og vidareutvikling av samarbeid.	R14.2-1 Gjennomføre dialogmøte på leiarnivå to gonger i året.	Det er gjennomført to dialogmøter med organisasjonar vi har avtale med. I tillegg delteke på deira arena for å forankre samarbeidet.

# Samferdsle

## INNLEIING

---

Regional transportplan (RTP) med handlingsprogram er det viktigaste styringsdokumentet vårt, og vert lagt til grunn for prioriteringane i arbeidet med budsjett- og økonomiplan. Tunnelvedlikehald er høgt prioritert etter at tunneltryggleiksforskrifta tok til å gjelde frå 1.januar 2015. Dette året vart «Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet» utarbeidd og vedteken av fylkestinget med ei kostnadsramme på 1,4 mrd. kr for perioden 2016-2025.

2015 har vore eit hektisk år for samferdsleavdelinga. Nytt inntektssystem og reduserte overføringar til fylkeskommunen førte til mange krevjande utgreiingsoppgåver om moglege innsparingstiltak. Eit av innsparingstiltaka som vart sette i verk i 2015 var byte til mindre fartøy på hurtigbåtruta mellom Bergen og Sogn.

Samferdsleavdelinga brukar mykje ressursar på ulike arbeidsoppgåver knytt til utarbeiding og tildeling av anbod, og oppfølging av kontraktane for buss og båt. Dette vart særleg krevjande i 2015 sidan vi dette året både hadde drift av busskontrakt i Nordfjord, førebuingar til oppstart av drift i Sunnfjord og utarbeiding og utlysing av ny kontrakt i Sogn. Anbudsutsetjinga har ført til at mange av arbeidsprosessane som tidlegare vart utførte av ruteselskapa no blir flytta over til fylkeskommunen.

I 2015 vart Kringom etablert som merkevarenamn på kollektivtilbodet som er drifta av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vi fekk òg ny nettside, [www.kringom.no](http://www.kringom.no), med reiseplanleggar og informasjon om rutetider, billettar, rabattar og skysskort.

Samferdsleavdelinga gjennomførte brukarundersøkingar i Nordfjord før anbodsdrifta starta opp i 2014, og ei ny undersøking etter om lag eitt års drift hausten 2015. Passasjerane som reiser med buss i Nordfjord er gjennomgåande godt nøgde med tilbodet. Det er planlagt tilsvarande undersøking i Sunnfjordområdet før oppstart av anbodet. Slike undersøkingar vil bli gjennomførte både på buss og båt framover. Tal på reisande med buss og båt er om lag på same nivå som i 2014, med ein svak auke på begge.

15. juli 2015 oppstod det ein brann i Skatestraumstunnelen der 16 500 liter bensin tok fyr. Tunnelbrannen i Skatestraumtunnelen var den første norske brannen på RWS-nivå<sup>1</sup>, som er dei mest ekstreme brannane i tunnel. Temperaturen under brannen har truleg vore oppe i 1300-1400 grader. Totalskadane på tunnelen vart store. Ingen vart alvorleg skadd i samband med brannen. Beredskapsarbeidet i samband med brannen fungerte godt. Som følgje av brannen vart Skatestraumstunnelen stengt i fleire månader. Umiddelbart etter brannen vart det sett i gong eit arbeid for å få på plass ei alternativ løysing med ferje. 20. juli vart ferja MF Dalsfjord satt inn på sambandet Smørhamn - Kjelkenes. 7. september opna Skatestraumstunnelen for kolonnekøyring med ti kolonnar kvar veg kvar dag. Kolonnetidene vart utarbeidde i samarbeid med Statens vegvesen og Bremanger kommune og tilpassa lokale behov. 9. desember opna tunnelen for fri ferdsel.

Frå konstitueringa hausten 2015 vedtok fylkestinget personsamanfall mellom medlemne i trafikktryggingsutvalet og samferdsleutvalet. Det skal vere eigne møte i dei to utvala.

<sup>1</sup>RWS er ei brannkurve definert av nederlandske Rijkswaterstaat i samband med brannsikring av senketunnelar i Nederland. Denne estimerer tid- og temperaturkurva som gjeld ved store brannar, som til dømes når ein tankbil tek til å brenne i ein tunnel. Skatestraumtunnelen var ikkje brannbeskytta i høve RWS-krava før brannen, slik krava er for bergtunnelar. Likevel er dette ein RWS-brann fordi ei tankvogn brenn.

## DRIFTSBUDSJETT

Fylkeskommunen har ansvaret for:

- kollektivtrafikktilbodet inkludert skuleskys
- løyvetildeling
- drift og vedlikehald av 2 600 km fylkesveg
- investeringar på fylkesvegnettet


I 2015 hadde samferdsle eit samla driftsbudsjett på 994,1 mill. kr. Rekneskapsresultatet syner eit forbruk på 989,2 mill. kr. Midlane vart nytta slik:

Fordeling av driftsmidlar i samferdslesektoren	i mill. kr
Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	497,3
Bilruter	263,3
Fylkesvegferjer	105,5
Båtruter	114,2
Tilrettelagt transport	8,9
<b>Totalt</b>	<b>989,2</b>

Tabell 16

Tala som kjem fram i tabellen er nettokostnad etter at inntekter er trekt frå. Fylkeskommunen har inntekter frå billettsal, kommunale opsjonar og ambulansébåt på om lag 220 mill. kr i 2015. Det totale kjøpet av kollektivtenester er på over 700 mill. kr i året.

Fordeling av midlar i samferdslesektoren



- Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak
- Bilruter
- Fylkesvegferjer
- Båtruter
- Tilrettelagt transport

Diagram 13


## FYLKESVEG

### Sams vegadministrasjon

Statens vegvesen har det operative ansvaret for oppfølging av fylkesvegnettet og fylkesvegferjene på vegne av fylkeskommunen. Statens vegvesen vert styrt gjennom den årlege leveranseavtalen. Fylkeskommunen har eit tett og godt samarbeid med Statens vegvesen.

### Tunneltryggleiksforskrift for fylkesvegtunnelar

I desember 2014 vedtok Regjeringa Forskrift for tunnelsikkerhet på fylkesvegtunnelar, gjeldande frå 1. januar 2015. Fylkestinget vedtok «Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet» i desember 2015, sak 54/14. Det er lagt til grunn ei ramme på 1,4 mrd. kr til tunnelvedlikehald og oppgradering av fylkesvegtunnelar etter tunneltryggingforskrifta i perioden 2016-2024. Tunnelar som er omfatta av krava i tunneltryggleiksforskrifta skal vere ferdig utbetra før 2025.



Lading av salve for sprenging av teknisk nisje.  
Foto: Svein Rune Vie, Statens vegvesen.

### Rehabilitering av Høyangertunnelen

I november 2015 starta arbeidet med rehabilitering av fv. 55 Høyangertunnelen. I tunnelen skal det utførast eit svært omfattande vedlikehaldsprosjekt med kostnad rundt 195 mill. kr. Fylkestinget har vedteke at det også skal monterast naudnett og DAB-radio i tunnelen.

### Rehabilitering av Bermålstunnelen

I 2015 vart det også starta opp arbeid med rehabilitering av fv. 53 Bermålstunnelen i Årdal kommune.

### Brannen i Skatestraumstunnelen

Onsdag 15. juli mista eit vogntog hengaren inne i Skatestraumstunnelen på fv. 616. Hengaren inneheldt 16 500 liter bensin. Etter kort tid utvikla det seg til brann og det var fleire eksplosjonar i samband med brannen. Alle som var inne i tunnelen kom frå hendinga utan alvorlege skader. Tunnelen var påført svært store skader og vart først opna for fri ferdsle 9. desember. Dei totale kostnadane med brannen er berekna til om lag 64 mill. kr, inkludert kostnader med ferjedrift mellom Smørhamn og Kjelkenes i perioden tunnelen var heilt stengt.

### Ressursbruk

Fylkeskommunen nytta 436,0 mill. kr brutto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i 2015. Dette er ein reduksjon på 41,7 mill. kr frå året før. I 2015 vart det nytta 22,1 mill. kr i tilbakebetaling av skjønnskott til Kommunal- og moderniseringsdepartementet grunna for mykje utbetalt tilskott etter stormen «Dagmar». Til investeringar på fylkesvegnettet vart det samla nytta 153,9 mill. kr. Reduksjon i investeringar var 246,4 mill. kr i høve til 2014.

Driftsutgifter til fylkesvegforemål	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Budsjett 2015
Renter for vegforskoteringar	1,0		3,0	3,0
Drift og vedlikehald (netto)	312,2 <sup>1</sup>	329,4 <sup>2</sup>	436,1 <sup>3</sup>	436,1
Skadefond for fylkesvegnettet	21,6		0,6	0,6
FTU-arbeid og tiltak	5,5	5,6	4,5	6,2
Fond til samferdsleforemål	10,0			
Driftsmidlar til investering	169,4	65,8	49,7	49,7
Fylkesveg - administrasjon		3,4	3,4	3,3
Sum	519,7	404,2	497,3	498,9

Tabell 17

<sup>1</sup> Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 32,2 mill. kr til disposisjonsfond

<sup>2</sup> Rekneskapsresultatet er inkludert eit overført underskot på 21,4 mill. kr

<sup>3</sup> Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 49,1 mill. kr til disposisjonsfond





Etter brannen i Skatestraumtunnelen.  
Foto: Tommy Steinnes, Statens vegvesen



Frå arbeidet med rehabilitering av Bermålstunnelen  
på fv 53 mellom Lærdal og Årdal.  
Foto: Heidi Ravnestad, Statens vegvesen




Diagram 14

Det vart lagt 64 km nytt dekke og sett opp 18 km rekkverk på fylkesvegnettet i 2015. Tala for 2014 var 114 km nytt dekke og 15 km rekkverk.




Diagram 15

Spordjupne seier noko om kvaliteten på vegdekket. Auka bruk av midlar til dekkelegging i 2012 – 2014 har gitt ein reduksjon i spordjupne.

### Drift og vedlikehald

Det var i budsjettet for 2015 sett av 436,1 mill. kr netto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Rekneskapan syner eit overført overskot på 49,1 mill. kr. Midlane vil bli lagt til i tildelinga til Statens vegvesen i 2016.

Rekneskapan for drift av fylkesvegnettet syner eit samla mindreforbruk på 6 mill. kr brutto.

Innanfor vedlikehald var det eit samla mindreforbruk på 37 mill. kr brutto. Årsaka til mindreforbruket er i hovudsak knytt til tunnelvedlikehald med eit samla mindreforbruk på 28 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak lågare fakturering enn forventa på fv. 55 Høyanger-tunnelen. Vidare vart fv. 53 Bermålstunnelen lyst ut seinare enn forventa grunna forseinka prosjektering.

Refusjon av meirverdiavgift vart om lag 1,8 mill. kr høgare enn føresett i budsjettet.

## TRAFIKKTRYGGINGSPRISEN

Trafikktryggingsprisen for 2015 vart tildelt Redningsselskapet for det store og viktige arbeidet selskapet gjer i Sogn og Fjordane. Prisen var på 25 000 kr.



Foto: Birthe Johanne Finstad/ Sogn og Fjordane fylkeskommune



Om lag 550 elevar markerte vegopninga med å gå i tog frå barneskulen til omsorgssenteret i Florø – i nye refleksvestar frå fylkeskommunen.  
Foto: Ole Ingar Hagen Hæreid, Sogn og Fjordane fylkeskommune

## FYLKESTRAFIKKTRYGGINGSUTVALET OG TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) hadde 6,2 mill. kr til disposisjon i 2015. Av disponibel ramme er det brukt 4,5 mill. kr. Midlane er brukt slik:

- Trafikktryggingstiltak i kommunane: 3,7 mill. kr med eit mindreforbruk på 1,2 mill. kr
- Ulike aktivitetar knytt til trafikktrygging: 0,8 mill. kr med eit mindreforbruk på 0,4 mill. kr

Det var 14 kommunar som fekk utbetalt midlar til trafikktryggingstiltak.

Mindreforbruket skuldast at tiltaka ikkje er gjennomførte eller at tiltaka hadde lågare pris enn forventa.

I oktober 2015 vedtok fylkestinget at trafikktryggingsutvalet skal ha personsam- anfall med hovudutval for samferdsle. Det skal framleis haldast egne møte som trafikktryggingsutval. Ordninga skal evaluerast innan utgangen av 2018.

## VEGINVESTERINGAR OG RASSIKRING

Fylkesveg- føremål	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Budsjett 2015
Investeringar	703,1	400,3	153,9	187,7

Tabell 18

Samla ramme til investeringar var 187,7 mill. kr i 2015. Det vart nytta 153,9 mill. kr fordelt med 80,7 mill. kr til ordinære investeringar og 73,3 mill. kr til rassikring. Samla mindreforbruk på veginvesteringane var 33,8 mill. kr. Mindreforbruket på ordinære investeringar var 15,5 mill. kr, medan vi hadde eit mindreforbruk knytt til rassikring på 18,3 mill. kr.

Det vart nytta 21,6 mill. kr til dei store fylkesvegprosjekta i 2015. Dalsfjordsam- bandet hadde eit mindreforbruk på 5,4 mill. kr. Det vart nytta 17,4 mill. kr til mindre utbetringar med eit samla mindreforbruk på om lag 3,1 mill. kr.

### Gang- og sykkelveggar

Til gang- og sykkelveggar vart det nytta 23,1 mill. kr. Midlane vart i hovudsak nytta til fv. 545 Kinnvegen med 21,8 mill. kr. Kinnvegen vart opna av fylkesordføraren 2. oktober 2015.

### Skredsikring

Innan skredsikring har vi eit mindreforbruk på omlag 18,3 mill. kr. Det store avviket er på fv. 337 Bjørnabakken som har eit mindreforbruk på 17,2 mill. kr. 10. november 2015 var det gjennomslag på «Bjørnabakktunnelen».



10. november 2015 var det gjennomslag på «Bjørnabakktunnelen» på fv. 337 til Veitastrand. Gjennomslaget vart markert med avfiring av gjennomslagssalve. Frå venstre representant frå entreprenøren Metrostav, Oddgeir Havnen, ordførar i Luster kommune Ivar Kvalen, fylkesordførar Jenny Følling, fylkesdirektør Velaug Veum og avdelingsdirektør i Statens vegvesen Svann Egil Finden.

Foto: Ole Kristian Åset, Statens vegvesen

### STORE PROSJEKT

#### Fv. 60 Ugla-Skarstein

Prosjektet omfattar bygging av Vangberg tunnelen på om lag 1,2 km og omlag 4,1 km veg i dagen.

Prosjekteringsarbeidet vart fullført hausten 2015 og prosjektet vart lyst ut på anbod i desember 2015 med frist 9. februar 2016. Det kom inn 11 anbod. Planlagt anleggsstart er april 2016 med ferdigstilling juni 2018. Det vart nytta 5,3 mill. kr til prosjektet i 2015.




Diagram 16

#### VEGPNINGAR I 2015

- Fv. 545 Kinnvegen

#### SKREDUTSETTE PUNKT SOM

##### ER UTBETRA I 2015

- Fv. 152 Allstokka
- Fv. 55 Renninganeset

#### TRAFIKKULUKKER

Det er førebels rapportert inn 19 ulukker med personskadar på fylkesveg i 2015. Då det erfaringsvis blir rapportert inn nokre ulykker inn i påfølgjande år kan endeleg tal ulykker blir høgre for 2015.

Fylkesvegferjer	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Budsjett 2015
Fylkesvegferjer	108,4	95,9	105,5	107,0

Tabell 19




Diagram 17

#### FYLKESVEGFERJER

Det vart nytta 105,5 mill. kr til ferjedrifta i 2015. Dette er 1,4 mill. kr lågare enn budsjettert.

##### Trafikkutvikling

Trafikkutvikling 2014 - 2015 på ferjesambanda (ekskludert Mjånes-Hisarøy) synte ein nedgang i passasjerar på 2,0 prosent og auke i køyretøy på 0,7 prosent. Figuren til venstre syner utviklinga for tal personbileiningar (PBE) fordelt på kvart samband.

Skatestraumtunnelen var heilt stengt mellom 15. juli og 7. september. Mellom 7. september og 9. desember var den open for kolonnekøyring. Nedgangen i trafikk på Ferjesambandet Måløy-Oldeide vert sett i samanheng med denne vegstenginga.

## KOLLEKTIVTRAFIKK

### Rammevilkår/økonomi

Budsjettet til kollektivtransport var i 2015 på 388,2 mill. kr, rekneskapen er på 386,4 mill. kr. Det var eit mindreforbruk på kollektivområdet i 2015 på 1,8 mill. kr.

Driftsutgifter til kollektivtransport	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Budsjett 2015
Bilruter	242,3	255,4	263,3	263,5
Båtruter	115,4	118,9	114,2	115,9
Tilrettelagt transport	8,7	9,2	8,9	8,8
Sum kollektivtrafikk	366,4	383,5	386,4	388,2

Tabell 20

Årsakene til mindreforbruket er mellom anna høgare inntekter på skuleskyss og færre ungdomskortreiser, endra praksis for fakturering av NOx på båt og lågare kostnad på lokalbåt.

### Kringom

I 2015 vart Kringom etablert som namn på kollektivtilbodet drifta av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vi fekk òg ny nettside, [www.kringom.no](http://www.kringom.no), med reiseplanleggar og informasjon om rutetider, billetter, rabattar og skysskort. Den nye nettsida er universelt utforma for å sikre tilgjengelegheit for brukarane.

«Kringom» betyr att og fram, hit og dit, rundt eller omkring.

Og det er slik vi ferdast i dette fylket - under fjell og brear, over fjordar, opp og ned dalar, gjennom tunnelar, inn i skoddeheimar og ut mot havet.

### Bussanbod

Vi er midt i ein overgangsperiode med tildeling av kontrakt, førebuingar til oppstart og drift av dei fylkeskommunale bussanboda.

Nordfjordanbodet hadde det første heile driftsåret i 2015. Kontrakten i Sunnfjordsområdet vart tildelt Firda Billag Buss AS i 2015 og er i ein fase med førebuingar fram mot oppstart drift 20. juni 2016. Sogneanbodet, som er det tredje og siste anbodsområdet i fylket, vart lyst ut i november 2015, og kontrakt vil bli tildelt i løpet av våren 2016. Oppstart drift er i juni 2017.

I samband med anbudsarbeidet er det inngått langsiktige leigeavtalar på rutebilterminalane i Sogndal og Årdal.

Anbudsutsetjinga har ført til at mange av arbeidsprosessane som tidlegare vart utført av ruteselskapa no blir flytta over til fylkeskommunen. Dette gjeld t.d. kontraktsoppfølging, ruteplanlegging, rutekunngjering, marknadsføring og billetteringssystem. Fylkeskommunen får eit mykje nærare forhold til ruteproduksjonen, men oppgåvene krev mykje ressursar i administrasjonen.

Fordeling av kollektivkostnad 2015




Diagram 18



Det vart utarbeidd eigen logo for merkevare- namnet Kringom. Logoen er både på heimesida og bussane som går i anbudskontraktane.



I samband med lanseringa av Kringom som felles namn på kollektivtilbodet i fylket er det laga nytt design på kortprodukta våre.

Foto: Kristin Myren, Kristin kommunikasjon

I kravspesifikasjonane til bussanboda er det lagt inn eit betydelig løft når det gjeld universell utforming ved at alle bussane skal tilfredsstillе nye krav til universell utforming. Dette betyr mellom anna at alle nye bussar har haldeplassopprop, teleslynge og heis for rullestolbrukarar. Interkommunale ruter har internett tilgjengeleg for passasjerane. Krav til «Euro 6»-standard på alle nye bussar er med på å redusere utsleppa.

I 2015 er det sett opp ein ny informasjonsskjerm som syner bussavgangane frå Skei skysstasjon, slik at det no er skjerm både inne og ute. Fylkeskommunen har slike info-skjermar på rutebilstasjonane i Sogndal, Stryn, Eid, Skei (2 stk.) og Førde sentralsjukehus (2 stk.)

#### Brukarundersøkingar

Samferdsleavdelinga har gjennomført brukarundersøkingar i Nordfjord før opstart av anbodsdrift i 2014 og igjen etter om lag eit års drift hausten 2015. Elevar frå line for transport og logistikk ved Øyrane vidaregåande skule har hjulpet til med å hente inn data.

Passasjerane som reiser med buss i Nordfjord er gjennomgåande godt nøgde med tilbodet. 89 prosent av dei spurde er ganske eller svært nøgd med den aktuelle reisa. Resultata viser at hyppigheit på avgangane, pris på reisa og informasjon trekker ned tilfredsheita. Vi ser ei positiv utvikling frå første til andre undersøking.

Passasjerane er veldig nøgde med sjåføren sin serviceinnstilling, køyrestil og kunnskap om ruta.

## OPPSTART ANBODSDRIFT PÅ BUSS

### «Nordfjordanbodet»

#### Oppstart 2014

- Eid
- Hornindal
- Selje
- Stryn
- Vågsøy

### «Sunnfjordanbodet»

#### Oppstart 2016

- Askvoll
- Balestrand
- Bremanger
- Fjaler
- Flora
- Førde
- Gaular
- Gloppen
- Gulen
- Hyllestad
- Høyanger
- Jølster
- Naustdal
- Solund

### «Sogneanbodet»

#### Oppstart 2017

- Aurland
- Leikanger
- Luster
- Lærdal
- Sogndal
- Vik
- Årdal

Det er planlagt tilsvarande undersøking i Sunnfjordområdet før anbudsoppstart i 2016. Slike undersøkingar vil bli gjennomførte både på buss og båt framover.

### Tal reisande og skuleskyss

Bussruter i det fylkeskommunale tenestekjøpet hadde 1,59 mill. passasjerar utanom skuleelevar i 2015, mot 1,56 mill. passasjerar i 2014. Rute-tilbodet har vore på om lag same nivå i 2015 som i 2014.

Reisande med kommersielle bussruter er ikkje med i tala over. Dei kommersielle bussrutene er likevel ein viktig del av rutetilbodet i fylket, og busselskapa har forplikta seg til å bruke fylkeskommunale takstar og rabattar, samt tilby plassgaranti på fylkesinterne reiser.

Det var om lag 4850 grunnskuleelevar som hadde skuleskyss i 2015, ein nedgang på 150 frå året før.

I vidaregåande skule var det om lag 1 700 elevar med skuleskyss. Dette er stabilt frå året før.

### Båtruter

Båtruter omfattar skuleskyss, ruter til veglause grender, bygderuter, lokalruter, godsroute og ekspressrutene som går mellom Sogn og Fjordane og Bergen. Rutetilbodet har vore tilnærma uendra i 2015 samanlikna med 2014. Ekspress-, lokalbåt- og godsroute er anbudsutsett.

I mai vart det sett inn eit anna og mindre fartøy på ruta mellom Sogn og Bergen. Dette ga ei innsparing i kostnadane for 2015 med om lag 3 mill. kr.

### Ungdomstilbod

#### Ungdomskort

Ungdomskortet kosta i 2015 380 kr pr. måned, og gjev ungdom mellom 16 og 19 år rett til å reise fritt med kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane. Det vart selt om lag 9700 periodar (à 30 dagar) med ungdomsskort i 2015. Dette er ein nedgang på om lag 900 frå 2014. Bruk av ungdomskort har hatt ein fallande tendens dei siste åra.

#### Trygt heim for ein 50-lapp

«Trygt heim for ein 50-lapp» vart etablert i 2002 som eit tiltak for å betre trafikktryggleiken for ungdom over 18 år. Tal reisande auka jamt frå 6 000 i 2003 til over 9 000 i 2009. Bruken av tilbodet har blitt gradvis mindre dei seinare åra og var på om lag 5750 reisande i 2015 mot 6075 i 2014. Om lag 80 prosent av bruken knyter seg til Førde og Sogndal. 6075 reisande i 2014.

I 2015 kosta ordninga om lag 1,5 mill. inkludert sommarruter.

#### Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)

Det er brukt 1,0 mill. kr til fleksible skyssløysingar for ungdommar til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag - og kveldstid. Midlane blir t.d. brukt til skibuss og transport til/frå ungdomsklubb og kino. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år.

### Drosje

Det er no 159 drosjeløyve i Sogn og Fjordane inkludert 28 reserveløyve. Av desse er det totalt 51 løyve som er tilrettelagde for rullestolbrukarar. Desse tala er stabile frå året før.

Tal reisande med ekspress - og lokalbåt




Diagram 19  
Tal reisande med ekspress- og lokalbåtene har vore stabile dei siste åra.



## UNGDOMSKORT

Ungdomskort på kollektivreiser for ungdom mellom 16 og 19 år.

- «Trygt heim for ein 50-lapp» gjev billeg transport ut til distrikta natt til søndag for ungdom over 18 år.
- LTU - Midlar til fleksible skyssløysingar for ungdom mellom 13 og 19 år.

## KOMMUNAR MED TILBOD OM SERVICESKYSS

- Aurland
- Askvoll
- Balestrand
- Eid
- Førde
- Flora
- Fjaler
- Gaular
- Gløppen
- Gulen
- Hyllestad
- Jølster
- Leikanger
- Luster
- Naustdal
- Sogndal
- Solund
- Jølster
- Vågsøy

I 2015 har drosjeeigarane hatt høve til å søke om midlar til tilrettelegging av drosje for transport av rullestol. Det er betalt ut 281.000 kr i tilskot fordelt på ni drosjeeigarar.

Fylkeskommunen har gitt dispensasjonar frå kravet i forskrifta for universell utforming av bil til drosjeverksemd slik at bilar i personbilsjiktet (inntil 9 sete) vert godkjende med tilrettelegging for rullestol. Dette er krav som t.d. gjeld innkøyringshøgde for rullestoll, og gjeld ikkje sikkerheitskrav. Dette er gjort for å kunne gi eit tenleg tilbod på dei aktuelle stadane der det er gjeve dispensasjon.

### Tilrettelagt transport (TT-ordninga)

Tilrettelagt transport er eit viktig tilbod for brukarar som av ulike grunnar ikkje kan nytte det ordinære kollektivtilbodet.

Det er brukt 5,5 mill. kr til ordninga med tilrettelagt transport i 2015. Dette er eit tilbod om drosjetransport til personar som er varig rørslehemma på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming. Fylkeskommunen samarbeider med alle kommunane i fylket, og kommunen får tildelt midlar etter folketal.

### Serviceskyss

Serviceskyss er ei utvida form for tingsruter. Serviceskyss er open for alle, men hovudmålet er å finne løysingar som aukar mobiliteten til eldre og funksjonshemma. Det vart brukt 3,1 mill. kroner til serviceskyss i 2015. Dette er ei auke på om lag 0,3 mill. kr. Det var 18 593 reiser med serviceskyssen i 2015. Dette er ein nedgang på om lag 2000 reiser frå 2014.

## FYLKESTINGSAKER FOR SAMFERDSLE

Sak 6/2015	Fv. 60 Uglå - Skarstein
Sak 7/2015	Utgreiing om samband mellom Austlandet og Vestlandet, fråsegn
Sak 9/2015	Nasjonal transportplan 2018 - 2027, rassikring
Sak 13/2015	Forvaltningsrevisjon - innkjøp og oppfølging av kollektivtransport - rapport
Sak 15/2015	Skysreglement for elevar i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane
Sak 32/2015	Utbetring av kryss og fortau langs Fv. 609, søknad om fråvik
Sak 33/2015	Vurdering trafikktryggingsutvalet
Sak 45/2015	Kostnad med naudnett i fv. 55 Høyangertunnelen
Sak 51/2015	Utbetring av Fv. 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar
Sak 52/2015	Sikring av Fv. 633 ved Kleiva
Sak 53/2015	Fv. 92 Framfjorden - skredsikring langs vegen eller sidearm til Vikafjellstunnelen
Sak 54/2015	Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet.
Sak 58/2015	Rullering av handlingsprogram for klima og miljø 2016-17
Sak 71/2015	Nei til kommersialisering av rutene på Florø lufthamn

## OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK OG AVVIKSRAPPORTERING

### Hovudutval for samferdsle

Hovudutval for samferdsle handsama 50 saker i 2015. Det er ikkje registrert avvik i viktige politiske vedtak gjort av hovudutval for samferdsle.

### Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU)

FTU handsama 11 saker i 2015. Det er ikkje registrert avvik på vedtak gjort av fylkestrafikktryggingsutvalet.

## KOSTRA SAMFERDSLE

Indikator	SFJ 2012	SFJ 2013	SFJ 2014	SFJ 2015	Ref. fylke 2015	Landet u/Oslo 2015
Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggjar, samferdsle i alt	8 264	8 266	8 997	8 979	5 512	3 951
Netto driftsutgifter i kr pr. innb., fylkesvegar	3 882	3 825	4 554	4 480	2 343	1 643
Netto driftsutgifter i kr pr. innb., bilruter	2 143	2 282	2 387	2 403	1 468	1 459
Netto driftutgifter i kr pr. innb., fylkesvegferjer	1 099	996	881	964		
Netto driftutgifter i kr pr. innb., båtruter	1 063	1 075	1 091	1 050		
Netto driftutgifter i kr pr. innb., transport for menneske med nedsett funksjonsevne	77	87	84	82	43	72
Brutto inv.utg.i kr pr. innb., fylkesvegar,	6 341	5 605	3 667	1 396	1 817	1 714
Brutto investeringsutgifter i kr pr. innb., samferdsle i alt	6 348	5 612	3 694	1 396	1 876	2 146
Brutto driftsutgifter i kr pr. km. fylkesvei	163 089	159 418	190 623	189 000	147 605	180 446

Frå 2014 har vi endra rekneskapsføringa av tilskot til tilsegnstidspunktet. I ein overgangsperiode vert det avvik fordi bruk/avsetning av fond ikkje er med i KOSTRA-rapporteringa

Tabell 21

## MÅLEKART SAMFERDSLE

SUKSESSFaktor	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ	EVALUERING/ RESULTAT
<b>Tenesteyting (T)</b>			
T7 Fleire reiser kollektivt med buss og båt.	T7.1 Tal reisande med buss, båt (ekskl. skuleskyss).	T7.1-1 Fleire enn 1,7 mill. reisande med buss.	Det er auke i tal reisande med både buss og båt frå 2014 til 2015, men feil i talgrunnlag tidlegare år gjer at ambisjonsnivået har vore urealistisk.
		T7.1-2 Fleire enn 460 000 reisande med båt.	Tal reisande er om lag 461 000 i 2015. Ambisjonsnivå er derfor oppnådd.
T8 Fylkesvegnettet har god framkome.	T8.1 Gjennomsnittleg spordjupne i mm.	T8.1-1 Mindre enn 19 mm.	Spordjupna i 2015 var i snitt 17,6 mm. Ambisjonsnivå oppnådd.
T9 Kollektivtrafikktilbodet vert opplevd som godt.	T9.1 Tal som opplever tilbodet som godt.	T9.1-1 Positiv utvikling over tid.	Vi har gjennomført kundeundersøking på busstilbodet i Nordfjord for andre gong. Resultatet viser ei positiv utvikling.
<b>Regional utvikling (R)</b>			
R15 Forfallet på tunnelar blir redusert.	R15.1 Tal tunnelar som vert mørk- lagde eller stengde i løpet av året.	R11.1-1 Ingen stengde.	Åtte tunnelar var mørk- lagde ved utgangen av 2018. Alle desse hadde minimums- belysning i sidene. Det var ingen stengde tunnelar.
R16 Godt tilrettelagt ruteproduksjon.	R16.1 Tal passasjerkilometer med buss og båt (ekskl. skule- skyss) jf. registrerte data.	R16.1-1 Positiv utvikling over tid.	Det har vist seg vanskeleg å få tak i gode nok data på passasjerkilometer. Auke i tal passasjerar på både buss og båt kombinert med nedgang i tal rutekilometer gjev likevel ein god indikasjon på at ruteproduksjonen har blitt meir effektiv i 2015.

# Den offentlege tannhelsetenesta

Tenester	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Budsjett 2015
Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar	24,4	21,3	20,1	19,2
Tannhelsetenesta - pasientbehandling	56,5	62,3	63,1	64,0
Sum	80,9	83,6	83,2	83,2

Tabell 22

Tannhelsetenesta sine netto driftsutgifter 2013-2015, i mill. kr. Tala for fellesfunksjonar i tannhelsetenesta inneheld resultatoverføring (disposisjonsfondet): eit overskot i 2013 på 7,1 mill. kr, eit overskot i 2014 på 3,5 mill. kr og eit overskot på 1,5 mill. kr i 2015.



Foto: Birthe Johanne Finstad Fredheim

Ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta er regulert gjennom lov om tannhelsetenesta. Det er definert tal for måloppnåing i vedteke plandokument - strategisk handlingsplan for den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane 2014-2017. Tannhelsetenesta har ansvar for desse gruppene:

- Barn og unge 0-18 år (gr. A)
- Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon (gr. B)
- Grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon (gr. C1) og heimesjukepleie (gr. C2)
- Ungdom 19-20 år (gr. D)

27 669 personar i dei prioriterte gruppene var under tilsyn i 2015. Dette utgjør 91 prosent av totalt tal i desse gruppene og er noko lågare enn i 2014 (94 prosent). Den offentlege tannhelsetenesta hadde totalt 33 343 pasientar under tilsyn i 2014.

Tannhelsetenesta registrerer kvart år tannhelsedata på nøkkelårskull 5-, 12- og 18-åringar. (KOSTRA tal). Tannhelsetenesta registrerer også tannhelsedata på 15-åringar. Dette for å identifisere når tannhelseproblem kan oppstå.

- 84 prosent av 5-åringane hadde ikkje hol i mjølketennene. I 2014 og 2013 var talet 85 prosent.
- 12-åringane har i gjennomsnitt 0,8 tenner med hol - ingen forandring frå 2014. 15-åringane har i gjennomsnitt 2,1 tenner med hol, og 18-åringane 3,7. Dette er om lag det same som i 2014.
- Barn og unge i Sogn og Fjordane har god tannhelse, men ti prosent av 18-åringane har meir enn ni hol i tennene, og desse pasientane treng større individuell oppfølging. Høg kariesaktivitet kan føre til større tannhelseproblem i vaksen alder.

Takstane for behandling av betalande pasientar i den offentlege tannhelsetenesta vart auka med i snitt fem prosent frå 1. januar 2015. Rekneskapet for 2015 er gjort opp med bruk av disposisjonsfond på kr 1,455 mill. Overskotet skuldast i hovudsak vakansar.

Den offentlege tannhelsetenesta utførde til saman 98,5 årsverk i 2015. Av desse var 33,15 tannlegeårsverk og 14 tannpleiarårsverk. I 2014 vart det totalt utført 101,5 årsverk.

### LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

Tannhelsetenesta har også i 2015 hatt fokus på tidlegare vedtekne plan for likestilling, likeverd og mangfald og nyttar denne ved tilsettingar. Ved ledige stillingar er vi medvetne og tilset fleire arbeidstakarar med utanlandsk opphav. Vi stiller krav om gode norsk kunnskapar og/eller at ein tek organisert norsk opplæring (Bergens-testen for tannlegar).

### FOLKEHELSEARBEID

Dei faktorane som gjev god helse er også som regel gunstige for tannhelse. Mange avgjerder som påverkar tannhelse vert ofte tekne utanfor helsesektoren eller tannhelsetenesta sitt ansvarsområde. Tannhelsetenesta må difor samarbeide med kommunar, statlege instansar og andre samarbeidspartnarar for å redusere helse- risiko i befolkninga og betre helse for den enkelte. Tannhelsetenesta skal delta i det generelle folkehelsearbeidet. Tannhelsetenesta har også i 2015 lagt stor vekt på å førebygge svak tannhelse blant risikogrupper. Tannhelsetenesta som regional utviklingsaktør må bidra til sosial utjamning når det gjeld tannhelse.

### PROSJEKT

Tannhelsetenesta har med økonomisk stønad frå Helsedirektoratet gjennomført to prosjekt:

1. Fagutvikling av personell i den offentlege tannhelsetenesta. Målet for prosjektet har vore å auke kompetansen og betre kvaliteten i tannhelsetenesta når det gjeld pleietrengande pasientar og brukarar med særskilte behov. Prosjektet omfattar interne rutinar, samarbeidsrutinar, undervisning og fag.
2. Samarbeid mellom Høgskulen og den offentlege tannhelsetenesta - samarbeid og utvikling. Betre kunnskapen om oral helse og tannhelsefremjande tiltak hjå sjukepleiarstudentane og tilsette ved HiSF, avdeling helsefag. Spreie informasjon og opplysning om tannhelse og tannhelsefremjande og førebyggjande arbeid til befolkninga og helsepersonell.

Det blir no undervist på HiSF, avdeling helsefag i oral helse - alle tre studieåra. Begge prosjekta starta i 2012 og vart avslutta i 2015.

Den offentlege tannhelsetenesta hadde ingen saker i fylkestinget eller fylkesutvalet i 2015.



Den offentlege tannhelsetenesta kan no tilby tannbehandling med laser ved Førde tannklinikk. Sogn og Fjordane fylkeskommune er blant dei første som tilbyr denne typen behandling til barn og unge i landet. Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

## KOSTRA NØKKELTAL TANNHELSE

Indikator	SFj2012	SFj2013	SFj2014	SFj2015	Ref. fylke 2015	Landet u/Oslo 2015
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner	654	707	771	776	576	468
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner	893	917	990	992	846	678
Netto driftsutgifter i prosent av fylkeskommunen sine samla netto driftsutgifter	3,5	3,7	3,8	3,7	3,9	3,9
18-åringar, andel behandla med DMFT > 9 *	12,5	8,8	9,0	10,1	11,2	9,8

\*viser kor mange 18-åringar som har over 9 tenner med karies (behandla eller ubehandla).

Frå 2014 har vi endra rekneskapsføringa av tilskot til tilsegnstidspunktet. I ein overgangsperiode vert det avvik fordi bruk/avsetning av fond ikkje er med i KOSTRA-rapporteringa

Tabell 23

## MÅLEKART TANNHELSE


SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ	EVALUERING/ RESULTAT
<b>Tenesteyting (T)</b>			
T10 Fungerande teneste- produksjon.	T10.1 Tal prioriterte pasientar under tilsyn.	T10.1-1 Gruppe A2: 90 prosent Gruppe B: 95 prosent Gruppe C1: 85 prosent Gruppe C2: 70 prosent Gruppe D: 60 prosent	Gruppe A2 97 prosent Gruppe B 94 prosent Gruppe C1 94 prosent Gruppe C2 84 prosent Gruppe D 84 prosent
T11 Tannhelsetilstand prioritert klientell.	T11.1 DMFT = 0 1	T11.1-1 5-åringar: 80 prosent 12-åringar: 60 prosent 18-åringar: 25 prosent	5-åringar 85 prosent 12-åringar 64 prosent 18-åringar 27 prosent
<b>Regional utvikling (R)</b>			
R17 Kjennskap til tannhelse- messige utfordringar i fylket.	R17.1 Plandokument er oppdatert i forhold til konkrete utford- ringar på tannhelseområdet.	R17.1-1 Vurdere kvart år om plando- kumentet må oppdaterast på fokusområde.	Vi må ha merksemd på plandokumentet til ei kvar tid. Helsedirektoratet sine føringar skal etterfølgjast.
R18 Utvikle godt samarbeid med kommunane og andre organisasjonar.	R18.1 Inngå forpliktande samar- beidsavtalar med kommunar og helseføretak på tann- helse-relaterte område for eksempel folkehelsearbeid.	R18.1-1 Avtale med alle kommunar og helseføretak.	Inngått samarbeidsavtalar med alle kommunar - på tenestenivå.  Det er inngått samarbeids- avtale med Høgskulen i S. og Fj, avd helse (sjukepleie) om undervisning på alle 3 årskulla i oral helse.

DMFT er definert som tal tenner (teeth) med karies (decayed), manglar (missing) og fylte (filled) på individnivå. DMFT gjev eit oversyn over total tannhelsetilstand, både sjukdomserfaring og no-situasjon

# Bygg og eigedom

Bygge- og eigedomstenesta leverer tenester knytt til eigarfunksjonen til fylkeskommunen. Dette inneber ansvaret for å skaffe alle deler av den fylkeskommunale verksemda naudsynte bygg og tenlege lokale. Arbeidet omfattar alle sider av forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service.

Vi har eit overordna mål om at verdien av eigedomsmassen skal oppretthaldast. Eigedommane og bygningane skal heile tida vere tilpassa behovet til brukarane og ha løysingar som er best mogeleg lagt til rette for framtidige endringar.



## BYGGE- OG INVESTERINGSPROSJEKT

---

Aktiviteten på nye og større bygge- og investeringsprosjekt har i 2015 i hovudsak vore knytt til prosjekta ved Sogndal vidaregåande skule og ved Sogn Jord- og hagebruksskule.

Arbeidet med byggesteg 2 ved Sogndal vidaregåande skule hadde byggestart sommaren 2015 og skal etter avtale ferdigstillast og takast i bruk til skulestart 2017. På same tidspunkt overtek Statsbygg det gamle gymnasbygget.

Prosjektet knytt til Sogn Jord- og hagebruksskule er i all hovudsak ekstraordinært vedlikehald (rehabilitering) av undervisningsbygget og internatet: Nytt kjøkken, fellesrom for elevar, samt nytt mellombygg som løyser vesentlege krav til universell utforming. Prosjektet vart sendt ut på anbod i desember 2015. Byggeperioden vil vare i om lag eitt år og byggestart er planlagt til april 2016

Tenesta har i tillegg gjennomført fleire større og mindre prosjekt innan ombygging, rehabilitering og sikring. Nokre av desse er:

- Ombygging for PPT-kontoret på Eid vgs
- Fornying av brannvarslings- og nødlýsanlegg ved Årdal vgs
- Ny takteking på
  - fløy A og B ved Høyanger vgs
  - hovudbygget ved Dale vgs
  - fløy 5 på Flora vgs
- Rehabilitering og universell utforming av utomhusanlegget ved Mo og Øyrane vgs, avd Mo
- Ny takteking, gesimsutbetring og reperasjon av roteskader på fløy A og B ved Mo og Øyrane vgs, avd Øyrane
- Nytt varmepumpeanlegg ved Måløy vgs
- Nytt fotomagasinet og nye kontor for tannhelse i Fylkeshuset

Vidare er prosjektet med skalsikring av den fylkeskommunale bygningsmassen framleis under arbeid og det kontinuerlige arbeidet med oppgradering av fleire nødlýs- og brannalarmanlegg har og halde fram i 2015.

## PLANLEGGING / SKULEBRUKSPLAN

---

Som fylgje av vedteken skulebruksplan utfører bygge og eigedomstenesta arbeidet både med planlegging og gjennomføring av nybygg, tilpassingar og ombyggingar av eksisterande areal. Det er i løpet av 2015 mellom anna etablert nye/ombygde areal tilrettelagt for helse og oppvekstfag ved Måløy vgs og prosjekteringsarbeidet for planlagde ombyggingar og rehabilitering av blokk B ved Firda vgs er gjennomført i 2015.

## FYSISK MILJØ OG INNEKLIMA / HMT

---

Bygge- og eigedomstenesta søker kontinuerleg å halde fokus på at alle bygg skal ha eit godt innemiljø. Kartlegging skjer via enkle parameter på temperatur, relativ fuktigheit og Co2- innhald i lufta ved ulike bruk. Aktuelle tiltak vert utført som akutte prosjekt eller som ein del av vedlikehaldsplanen etter behov. Tenesta følger og opp aktuelle saker i samband med helseverngodkjenninga av dei einskilde skulane i fylket og ulike tilsyn retta mot HMT-arbeid.

## UNIVERSELL UTFORMING

---

Bygge- og eigedomstenesta starta hausten 2014 ei større kartlegging av korleis dei



einskilde fylkeskommunale eigedommane er stilt i høve gjeldane reglar for universell utforming. Resultat av arbeidet vart lagt fram i form av ein eigen rapport våren 2015. Tiltaksliste med aktuelle punkt for oppfølging vert fortløpande vurdert, planlagt og prioritert anten som egne prosjektet eller som ein del av større ombyggingar og rehabiliteringsarbeid.

### ENERGISPARING, ENERGIBRUK OG MILJØ

Bygge- og eigedomstenesta jobbar aktivt med å få til effektive energiløysingar i dei fylkeskommunale bygga og kontinuerlig reduksjon av energibruk. Ein tek og grep for energiomlegging til fornybar energi slik at oppvarming basert på fossile energikjelder fortløpande kan fasast ut.

Energimålet på 130 kWh/m<sup>2</sup> er innafør rekkevidde, men fylkeskommunen må framleis arbeide med energiomlegging og gjennomføre fleire tiltak for å finne energi-effektive løysingar på dei fylkeskommunale eigedommane. Figuren nedanfor viser temperaturjustert energibruk for alle dei vidaregåande skulane til fylkeskommunen. Ein bør merke seg at energibruken på skulane også er sterkt prega av ein auke i bruken av skulane. Lengre driftstider fører til auka energibruk.




Diagram 20

Det er gjennomført fleire varmpumpeprosjekt i 2015 som ikkje har gitt full effekt med omsyn til energibruk endå. Vi forventar derfor at vi kan sjå ein senkande trend i 2016.

Kommande tiltak for meir effektive energiløysingar og prosjekt under gjennomføring, er:

- Varmepumpeprosjekt på Flora vgs og Måløy vgs
- Omlegging til varmpumpebasert oppvarming på Sogn Jord- og hagebrukskule i forbindelse med ekstraordinært vedlikehaldsprosjekt
- Planlagt utskifting av ventilasjonsanlegg på Årdal vgs
- Energiomlegging er og planlagt på Mo og Øyrane vgs. og på Hafstad vgs. Avhengig av endeleg løysing er det gode moglegheiter for redusert energibruk også her.

I tillegg til gjennomføring av energisparande tiltak har dei tekniske driftstenestene eit stort fokus på å drifte skulane mest mogleg energieffektivt. Energi som blir brukt vert målt kontinuerlig og følgt opp i den daglege drifta.

### DRIFTSTENESTER

---

Bygge- og eigedomstenesta har frå 01.01.15 sett i verk omorganiseringa som vart vedtatt i fylkesutvalet i juni 2014. Alle tekniske driftstenester vart frå denne datoen samla i bygge- og eigedomstenesta og tenesta er etablert med tre regionale tekniske driftsavdelingar i høvesvis Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Året har gått med til å halde fokus på å få dei nye avdelingane til å fungere med tilpassing av rutinar og rapporteringssystem.

### ANDRE OPPGÅVER

---

Bygge- og eigedomstenesta utfører og forvaltningsoppgåver for tannhelsetenesta og samferdsleavdelinga.

Arbeidet for tannhelsetenesta er i hovudsak knytt til bistand ved nye leigeavtalar og endringar i eksisterande avtalar. På slutten av året har tenesta i tillegg førebudd eit mindre organisasjonsendringsprosjekt. Målet er at bygge- og eigedomstenesta primo 2016 og skal levere teknisk driftstenester til tannhelsetenesta knytt til sjølve det tekniske utstyret på tannklinikane.

I høve samferdsle har det vesentleg vore levert arbeid med avklaringar og tingingar omkring eige- eller leigetilhøve for rutebilstasjonar i fylket.



# Innkjøp

## OVERORDNA

Innkjøpstenesta har i 2015 hatt det innkjøpsfaglege ansvaret for å gjennomføre 17 konkurransar for kjøp over 500 000 kr eks. mva. I tillegg har tenesta vore rådgjevande for konkurransar under 500 000 kr for andre fylkeskommunale verksemdar og deltakarar i Sogn og Fjordane fellesinnkjøp (SFFI).

Innkjøpstenesta har ansvar for oppfølging av om lag 75 ulike rammeavtalar. I tillegg kjem rådgjeving og bistand til i avtaleoppfølging av andre avtalar der fylkeskommunen eller SFFI-deltakar er part. Innkjøpstenesta får om lag halvparten av midlane sine frå samarbeidspartane i SFFI. Innkjøpstenesta har i 2015 hatt fire tilsette inkludert éin prosjektstilling og styrer etter ein innkjøpsstrategi vedteken av fylkestinget i 2012.

## NØKKELTAL

Fylkeskommunen gjorde netto innkjøp av varer og tenester for totalt 1,4 mrd. kr i 2015, og omfattar 1,2 mrd. kr til driftskjøp og 0,2 mrd. kr til investeringskjøp. Dette inkluderer også overføringar til Statens vegvesen på 750 mill. kr, samt kjøp frå kommunar og andre fylkeskommunar.

Fylkeskommunen handla for 110 mill. kr på sine rammeavtalar i 2015. Kjøp på IKT-avtalar stod for nær halvparten av dette beløpet .

To konkurransar vart avlyst i 2014, desse vart gjennomført i 2015. Innkjøpstenesta måtte avlyse éin konkurranse i 2015. Det kom inn to klagar i to ulike konkurransar i 2015. Klagane vart ikkje teke til følge og vart heller ikkje klaga vidare til KOFA.

## EHANDEL

Målet med innføring av ehandel er betre økonomistyring, betre leverandøroppfølging og avtalelojalitet. Målet er at alle fylkeskommunale kjøp skal gå på ehandel. Dette tar tid grunna omstilling internt og at leverandørmarknaden må utvikle gode bestillingsportalar som er kompatible med ehandelsystema til det offentlege.

Implementering av ehandel i fylkeskommunen:

- Det er pr. i dag 125 aktive bestillarar i systemet
- Ehandel er rulla ut i 48 fylkeskommunale einingar/avdelingar. Siste del av utrulling skjer våren 2016
- Det vart registrert om lag 60 leverandørar i ehandel i 2015

### Kjøp på ehandel:

Det vart laga 2 827 fylkeskommunale ordrar i ehandelsystemet i løpet av 2015. Om lag 1/3 av desse vart produsert i 4. kvartal.

Den fylkeskommunale omsetninga over ehandelsplattformen var på om lag 38 mill. kr i 2015. Over 60 prosent (nær 24 mill. kr) av årets omsetnad i ehandel skjedde i 4. kvartal.

# Det indre liv



# Arbeidsgjevarområdet

Arbeidsgjevarområdet dekkjer strategiske tiltak for rekruttering, personal- og organisasjonsutvikling, likestilling og arbeidsmiljø.

Einingsleiarane har ansvaret for å utøve personalpolitikken til fylkeskommunen. Arbeidsgjevarpolitikken er i hovudsak styrt gjennom lovverk, forskrifter og avtaleverk. Fylkesrådmannen-personal gir støtte, råd og rettleiing til einingsleiarane.

Sentrale arbeidsoppgåver har vore:

- oppfølging av Handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald
- oppfølging og administrering av bedriftshelsetenester
- oppfølging og vidareutvikling av kompetanseregistreringssystemet
- oppfølging av medarbeidarundersøking som vart gjennomført hausten 2014
- gjennomføring av lokale lønsforhandlingar
- gjennomføring av grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap (målgruppa er verneombod, lokalt arbeidsmiljøutval og leiarar)
- gjennomføring av introduksjonssamling for nye tilsette
- gjennomføring av fagseminar for reinhaldspersonale
- operativ leiarstøtte generelt innan personalforvaltning og spesielt i samband med SFJ2019
- tilskot til hospitering
- deltaking på rekrutteringsmesser i Trondheim, Oslo, Sogndal og Bergen

## PERSONALPOLITISKE TILTAK

Fylkeskommunen løyvde i 2015 200 000 kr til tilskot til hospitering. Av desse vart 1/3 (ca. 67 000 kroner) prioritert til søkjarar over 55 år, jamfør seniorpolitisk handlingsplan.

Totalt søkte 28 personar om tilskot, 19 kvinner og 9 menn. 11 av søkjarane var over 55 år, 6 kvinner og 5 menn. Totalt fekk 17 søkjarar tilskot til hospitering, 11 kvinner og 6 menn. 3 kvinner og 2 menn var over 55 år.

Tilskot til hospitering 2013		Tilskot til hospitering 2014		Tilskot til hospitering 2015	
21 kvinner	Kr 306 877	20 kvinner	Kr 245 492	11 kvinner	Kr 130 290
12 menn	Kr 292 064	12 menn	Kr 338 403	6 menn	Kr 71 858
Tildelt totalt	Kr 598 941	Tildelt totalt	Kr 583 895	Tildelt totalt	Kr 202 148

Tabel 24: Fordeling av tilskot til hospitering

Det er gitt 1 847 dagar permisjon til utdanning og kompetanse tiltak. Kvinner har nytta 65,8 prosent av desse, mot 63,3 prosent i 2014.

## ARBEIDSMILJØARBEIDET

Fylkeskommunen har undertekna IA-avtalen. Vi arbeider systematisk for eit inkluderande arbeidsliv og har forplikta oss til fyljande tre delmål i IA-avtalen:

- å redusere eller stabilisere sjukefråværet
- å leggje til rette for at personar med redusert arbeidsevne får halde fram arbeidet sitt
- å auke den gjennomsnittlege avgangsalderen for pensjonering

I arbeidet vårt for utvikling av arbeidsmiljøet skjer det ei vriding frå kollektive tiltak til meir individretta arbeid. Vi har ei målsetting om at sjukefråværet over tid ikkje skal vere over fem prosent. For å klare denne målsettinga, arbeider fylkeskommunen aktivt med førebyggjande tiltak, tilrettelegging og oppfølging av sjukmelde medarbeidarar. Årleg gjennomfører vi mellom anna grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap. Tilbodet er for leiarar, verneombod og medlemmer av i arbeidsmiljøutvala våre.

Vi har eit årleg sjukefråværet på 4,8 prosent. Det er 0,2 prosentpoeng under målsettinga om maksimalt 5 prosent.

Sjukefråværsutvikling		År 2010	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015
Kvinner	Sentraladm.	7,3	7,2	5,1	7,2	5,7	5,3
Menn	Sentraladm.	3,2	2,9	2,2	3,7	1,9	3,6
Sum totalt	Sentraladm.	5,1	4,8	3,5	5,4	3,7	4,4
Kvinner	Opplæringssektoren	5,3	5,0	5,6	7,0	4,8	6,1
Menn	Opplæringssektoren	3,1	2,8	4,0	3,7	3,0	3,6
Sum totalt	Skule	4,2	3,9	4,9	5,4	3,9	4,9
Kvinner	Tannhelse	5,5	5,2	9,0	9,2	5,6	5,1
Menn	Tannhelse	3,8	1,3	6,7	6,0	2,5	4,5
Sum Totalt	Tannhelse	5,2	4,5	8,6	8,7	5,2	5,0
Kvinner	Andre	7,3	5,9	2,5	4,2	4,6	5,5
Menn	Andre	2,9	4,9	12,6	4,4	4,8	0,8
Sum Totalt	Andre	5,2	5,6	4,7	4,3	4,6	4,3

Sjuefråværsutvikling	År 2010	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015
Sum totalt kvinner	5,6	5,3	5,9	7,1	5,0	5,8
Sum totalt menn	3,1	2,8	3,9	3,8	2,8	3,6
Sum begge kjønn	4,4	4,1	5,0	5,6	4,0	4,8

Tabell 25

Fråværsutvikling




Diagram 2.1

## SENIORPOLITISK ARBEID

Med seniorpolitikk legg vi til rette for å utvikle og gjere nytte av kunnskapane, ferdigheitene og arbeidsevna til seniormedarbeidarane på ein måte som både arbeidsgjevar og arbeidstakar er tente med.

Ressursane seniormedarbeidarane våre står for er viktige for organisasjonen. Dei er produktive og har gode føresetnader for å tileigne seg ny kunnskap. Dei er samstundes medarbeidarar med god mellommenneskeleg innsikt, samt plikt- og ansvarskjensle. Fylkeskommunen vil leggje forholde til rette slik at denne arbeidstakargruppa kan trivast og få personlege og faglege utviklande arbeidsoppgåver. Seniorpolitikk er også å leggje til rette for ein tenleg og verdig avslutning av yrkeskarrieren for kvar einskild. Hovudsamarbeidsutvalet vedtok i sak 9/15 revidert seniorpolitisk handlingsplan. Den nye planen tok til å gjelde frå 1. januar 2016. Fylkesrådmannen evaluerer bruken og effekten av planen ved utgangen av 2017.

Tenestekategori / tenester	Sum timar	% av totalt
Sjukefråværsarbeid	5,7	0,5
Krisehåndtering	1,5	0,1
Systematisk HMT-arbeid	308,6	27,5
Arbeidshelse	50,0	4,5
Ergonomi	97,7	8,7
Psykososialt arbeidsmiljø	269,2	24,0
Fysisk, kjemisk og biologisk	90,6	8,1
Rus/avhengigheit	26,1	2,3
Livsstil	39,2	3,5
Undervisning og kurs	17,4	1,6
Census (MTM)	214,5	19,1
Totalt	1120,5	100

Tabell 26

Timefordeling av leveransen i 2015




Diagram 22

## BEDRIFTSHELSETENESTA

Tenesteleveransane samla frå Stamina Helse og Stamina Census i 2015 vart på om lag 1 075 timar, fordelt på tema som tabellen og grafikken under viser.

Leverandøren vår, Stamina Helse bedriftshelseteneste, har levert eit omfattande og breitt spekter av tenester. Dei bestilte tenestene dekker behova fylkeskommunen har for helse-, miljø- og tryggleiksoppfølging og bistand etter krav i arbeidsmiljølova § 3-3, forskrift om systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid (HMT) § 5 og forskrift om organisering, leing og medverknad kapittel 13.

Forbetningsarbeidet innan HMT-området er i Sogn og Fjordane fylkeskommune eit klart definert leiaransvar, som vert kanalisert gjennom kvalitetssystemet for HMT. Arbeidet sikrar eit arbeidsmiljø som gjev arbeidstakarane tryggleik når det gjeld fysiske og psykiske skadeverknader. Miljøaspektet er svært viktig for å førebyggje og motverke sjukefråvær. Arbeidet er tilrettelagt i samsvar med lovverk som skal sikre forsvarleg arbeidsmiljø, vernetenesta og drøftingar med samarbeids- og arbeidsmiljøutvala.

## MEDARBEIDARUNDERSØKINGA

Siste medarbeidarundersøking blei gjennomført i 2014. I 2015 har vi jobba med analysar av områder vi skårar godt/tilfredstillande og på områder der vi ser eit forbetningspotensiale. I dette arbeidet nytta vi konsulentbistand frå Stamina. Rådgjevarar frå Stamina lokalt og Stamina Census har samarbeida om saker som har vore knytt opp mot det psykososiale arbeidsmiljøet. Neste medarbeidarundersøking er planlagt gjennomført i 2016.



## MÅLEKART MEDARBEIDAR OG ORGANISASJON

SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ	EVALUERING/ RESULTAT
M1 Medarbeidarar opplever arbeidet som utfordrande og meningsfullt.	M1.1 Medarbeidarundersøking: Opplevd kvalitet.	M1.1-1 Minst 86 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege.	Scoren er 80,5. Referansane våre i offentlig sektor syner at vi ligg i normalområdet. Truleg har vi lagt ambisjonen noko høgt.
M2 Medarbeidarar opplever at arbeidet stimulerer til læring.	M2.1 Medarbeidarundersøking: Opplevd eigen- og leiarvurdering.	M2.1-1 Minst 56 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege.	Scoren er 58, noko lågare enn referansane i offentlig sektor. Truleg har vi lagt ambisjonen noko lågt.
M3 Sjuefråveret i Sogn og Fjordane fylkeskommune er lågt og stabilt.	M3.1 Registrerte data.	M3.1-1 Sjuefråvere på maks. 5 %. Fråveret er sett lik stabiliseringsmålet i «Inkluderande arbeidslivsavtale» med NAV.	Gjennomsnittleg sjuefråvær i 2015 på 4,8 prosent.
M4 Medarbeidarar opplever leiarane som støttande, motiverande, utviklande og rettferdige.	M4.1 Medarbeidarundersøking: Opplevd kvalitet.	M4.1-1 Minst 78 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege.	Scoren er 74. Referansane i offentlig sektor syner at vi no ligg i normalområdet.
M5 Fylkeskommunen har som arbeidsgjevar godt omdøme og trekker til seg sterke søkarar til ledige stillingar.	M5.1 Registrert søknadsinngang.	M5.1-1 Positiv utvikling over tid.	Det var 242 søkjararar til 18 utlyste stillingar i sentraladministrasjonen i 2015.

# Likestilling, likeverd og mangfold

## ARBEIDSSTYRKEN

Vi har ein arbeidsstyrke på 1 338 personar. 55,9 prosent er kvinner og 43,1 prosent er menn. 25,9 prosent av dei tilsette arbeider deltid, mot 30 prosent i 2014. Det er kvinner i vel sju av ti deltidsstillingar. Skeivfordelinga er i hovudsak eit uttrykk for tradisjonelle familiemønster. Menn arbeider heiltid og kvinner deltid. Fylkeskommunen si fleksible haldning til arbeidstakarane sine ynskje om redusert stilling, fører til fleire deltidsstillingar og fleire deltidstilsette kvinner. Det er to hovudgrunnar til denne utfordringa i opplæringssektoren:

- Det er mange reinhaldar- og miljøarbeidarstillingar i opplæringssektoren. Mange av desse stillingane er deltidsstillingar.
- Krav til undervisningskompetanse i dei ulike faga gjer at undervisningsoppgåvene må løysast gjennom deltidsstillingar, for å få timeplanen til å gå i hop med den økonomiske ramma.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik i fylkeskommunen var 90,7 prosent i 2015. I 2013 var snittet 88,6 prosent og i 2014 var det 89,5 prosent.

Stilling	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Heiltid	502	37,5 %	490	36,6 %	992	74,1 %
Deltid	259	19,4 %	87	6,5 %	346	25,9 %
Totalt	761	56,9 %	577	43,1 %	1338	100,0 %

Tabell 27: Tal deltidstilsette og heiltidstilsette inklusiv lærlingar og eksklusiv permiterte

Stillingsgrupper	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Kontorstøtte	105	9 %	7	1 %	112	10 %
Drifts og støttestillingar til fagstillingar	127	11 %	63	5 %	190	16 %
Sakshandsamarstillingar	53	5 %	73	6 %	126	11 %
Fagstillingar fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	14	1 %	2	0 %	16	1 %
Klinikkjef- og tannlegestillingar	26	2 %	13	1 %	39	3 %
Pedagogstillingar	293	25 %	307	26 %	600	51 %
Leiarstillingar	45	4 %	46	4 %	91	8 %
Totalt	663	56 %	511	44 %	1174	100 %

Tabell 28: Tal årsverk fordelt på stillingsgrupper, eksklusiv permiterte og lærlingar

2011		2012		2013		2014		2015	
Menn	Kvinne	Menn	Kvinne	Menn	Kvinne	Menn	Kvinne	Menn	Kvinne
58 %	42 %	59 %	41 %	58 %	42 %	59 %	41 %	49 %	51 %

Tabell 29: Utviklingstrekk, fordeling av leiarstillingar mellom menn og kvinner.

Sektor	Menn	%	Kvinner	%
Sentraladministrasjonen	12	46 %	14	54 %
Tannhelse	0	0 %	2	100 %
Kultur	1	50 %	1	50 %
Opplæring (skulane og PPT)	36	51 %	34	49 %
Totalt alle sektorarar	49	49 %	51	51 %

Tabell 30: Leiarstillingar fordelt på sektor og kjønn, inklusive permiterte.

	Foreldrepermisjon	Barns sjukdom	Omsorgspermisjon	Anna velferd
Kvinne	75,4 %	54,1 %	95,4 %	63,7 %
Mann	24,6 %	45,9 %	4,6 %	36,3 %

Tabell 31: Prosentvis fordeling av permisjonar

## LØNSSSTATISTIKK OG LØNSFORHANDLINGAR

Samla er lønssnittet for kvinner i fylkeskommunen 96,2 prosent av lønssnittet for menn, mot 93,1 i 2014. Tilsvarande tal for kommunesektoren var 92,1 i 2014 og 92,4 i 2015. Skilnaden minkar jamt. I 2011 var lønssnittet for kvinner 91,1 prosent. Forklaringa på skilnaden er i hovudsak stillingsstrukturen mellom kvinner og menn. Tradisjonelle kvinneyrke i fylkeskommunen er kontorstøtte-, drifts- og støttestillingar til fagstillingar. Dei utgjer 26 prosent av dei tilsette i fylkeskommunen og det er kvinner i åtte av ti stillingar. Snittløna til desse gruppene er lågare enn for andre stillingsgrupper. Skilnaden er ikkje er like stor innanfor dei ulike stillingsgruppene.

Stillingsgruppe	2011	2012	2013	2014	2015
Kontorstøttestillingar	92,3	90,2	92,6	94,6	91,3
Driftsstillingar og støttestillingar til fagstillingar	98,5	98,4	98,4	97,6	99,1
Sakshandsamarstillingar	92,2	92,5	94,4	95,7	97,2
Fagstillingar, fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	105,6	108,9	113,9	109,0	108,8
Tannlegestillingar	90,2	92,8	93,4	95,9	95,2
Pedagogiske stillingar	99,1	100,5	100,0	99,6	100,7
Leiarstillingar	100,5	100,2	100,3	96,3	101,6
Alle årsverk	91,1	91,9	91,5	93,1	96,2

Tabell 32: Utvikling av kvinner si løn i prosent av menn si løn, etter årsverk og stillingsgrupper

Kap. 3.4.2 og 5.2 får all løn fastsett gjennom lokale forhandlinger. I både kap. 5.2 og kap. 3.4.2 har kvinner fått ein noko større del av lønstillegga i høve lønsdanninga. Lokale forhandlinger i 4.A.1 skjer kvart andre år. Det vart ikkje forhandla lokalt i 4.A.1 i 2015, men i 2014 fekk kvinner ein større del av lønstillegga enn lønsdanninga tilsa.

Lokale lønsforhandlinger	Del av lønsdanninga		Del av lønstillegga	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kap. 3.4.2 Einingsleiarar og leiarar i sentraladministrasjonen	46,5 %	53,5 %	47,8 %	52,2 %
Kap. 5.2 Sakshandsamarar, tannlegar og fagstillingar	49,3 %	50,7 %	50,6 %	49,4 %

Tabell 33: Fordeling av lønstillegga på kjønn i høve lønsdanninga.

## HANDLINGSPLAN FOR LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

Likestillingsutvalet vedtok justering av handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald 4. juni 2014. Planperioden er 2014 til 2017. Den justerte handlingsplanen byggjer vidare på handlingsplanen som fylkestinget vedtok i juni 2009, men med justering av mål og delmål.

Berande prinsipp for den justerte handlingsplanen er at mangfald er ein ressurs og at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere inkluderande, syne omsorg og ha respekt for alle.

Visjonen er:

«Sogn og Fjordane fylkeskommunen skal vere kjent for å arbeide aktivt med likestilling, likeverd og mangfald»

### Overordna mål

Ambisjonsnivået er at medarbeidarane og brukarane opplever at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald. Dette skal målast i medarbeidar- og brukarundersøkingar, og her er ambisjonsnivået at minst 80 prosent opplever dette.



Foto: Arvid Stenehjem

#### Delmål

1. Mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i regionale planar der det er naturleg.
2. Innan utgangen av 2014 skal fylkeskommunen tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikta i tråd med diskrimineringslova om seksuell orientering (ny lov frå januar 2014).
3. Innan utgangen av 2015 skal Fylkesspegelen starte med å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus for Sogn og Fjordane.
4. Innan utgangen av planperioden skal fylkeskommunen ha gjort ei ny kartlegging av fylkeskommunen sine eigendomar når det gjeld krav om universell utforming.
5. Innan utgangen av 2016 skal fylkeskommunen ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom dei offentlege aktørane i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarak.
6. Innan utgangen av 2017 skal tal faste tilsette som ufrivillig arbeider deltid i fylkeskommunen vere redusert frå 39 til 26. Ein reduksjon på 33 prosent.
7. Innan utgangen av 2017 skal fylkeskommunen sin informasjonsproduksjon formidle at fylkeskommunen er ein inkluderande arbeidsgjevar og tenestytar der dette er tenleg.

#### Tiltak

For å nå vårt overordna mål og dei sju delmåla, skal fylkeskommunen i komande planperiode arbeide med fyljande tiltak:

#### Tiltak overordna mål

For at fylkeskommunen også i neste planperiode skal tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikta i gjeldande lovkrav og for å nå vårt overordna mål må:

1. kvar eining fortsette med å kartleggje, registrere, rapportere, setje i gang og evaluere likestillings-, likeverds- og mangfoldstiltak.
2. fylkesrådmannen og fylkesdirektørane samle inn og samanfatte dei einingsvise rapportane og formidle dette i fylkesrådmannen sin årsrapport.

Med ansvar og rapportering lagt til kvar eining og kvar sektor vil fylkeskommunen samla kunne gi ei konkret og korrekt framstilling av tilhøva og likestillingsarbeidet i heile fylkeskommunen.

#### Tiltak delmål 1

Fylkesrådmannen skal ta stilling til om mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i nye regionale planar eller ved revisjon av eksisterande.

#### Tiltak delmål 2

Innan utgangen av 2014 skal fylkeskommunen tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikta i tråd med diskrimineringsloven om seksuell orientering (ny lov frå januar 2014).

#### Tiltak delmål 3

Innan utgangen av 2015 skal Fylkesspegelen starte med å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus for Sogn og Fjordane.

#### Tiltak delmål 4

Innan utgangen av planperioden skal fylkeskommunen ha gjort ei ny kartlegging av fylkeskommunen sine eigendomar når det gjeld krav om universell utforming.

#### Tiltak delmål 5

Innan utgangen av 2016 skal fylkeskommunen ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt



Foto: Karriere Sogn og Fjordane

mellom dei offentlege aktørane i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarak.

#### **Tiltak delmål 6**

Innan utgangen av 2017 skal tal fast tilsette i fylkeskommunen, som ufrivillig arbeider deltid, vere redusert frå 39 til 26 personar, ein reduksjon på 33 prosent. Dette tiltaket må gjennomførast i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk og gjennom bruk av kompetansehevingstiltak.

#### **Organisatoriske tiltak jamfør § 2.3 i hovudtariffavtalen**

1. Ved ledige deltidsstillingar skal det gjerast ei vurdering om dei kan slåast saman, eller om arbeidsoppgåvene kan overførast til tilsette som har deltidsstillingar. Dersom det er fleire som er kvalifiserte, skal stillinga lysast ut internt.
2. Tilsvarande prosess skal gjerast ved ledige 100-prosentstillingar.
3. Om det oppstår behov som ikkje kan vente til utviklingssamtalen, skal tilsette som jobbar deltid melde frå til næraste leiar om dei ynskjer utviding av stillinga si.
4. Tilsette som har ytra ønskje om utviding av stilling, og som ikkje tek i mot eventuelt tilbod frå arbeidsgjevar, vil ikkje ha prioritet ved seinare høve som kan vere aktuelle for utviding av stilling. Om det har oppstått spesielle private grunnar som gjer det vanskeleg å utvide stillingsprosenten, skal det takast omsyn til slike tilhøve.

#### **Kompetansehevingstiltak**

1. Gjennom utviklingssamtalen skal leiar kartleggje kven av dei tilsette med deltid som ynskjer å auka stillingsprosenten sin.
2. Kompetanseprofilen til den einkilde skal gjennom vårt kompetanse- og opplæringssystem drøftast og avklarast mellom leiar og medarbeidar.
3. Den tilsette skal synleggjere kva kompetansehevingstiltak vedkomande ynskjer.
4. Tilsvarande skal leiar vurdere behovet for endra og/eller ny kompetanse ved eininga i eit perspektiv på minst tre år.
5. Eininga sitt kompetansebehov skal sjåast saman med dei tilsette sine ynskjer.
6. Dersom det er nødvendig med kompetansehevingstiltak, for at den tilsette skal kome i ein betre posisjon i høve utviding av stilling, skal det avtalast tiltak mellom leiar og medarbeidar. Dersom kompetansehevinga er innafør det behovet som leiar har kartlagt ved eininga, skal det avtalast verkemiddel for at den tilsette skal kunne gjennomføre kompetansehevinga.

#### **Tiltak delmål 7**

1. Lage og implementere retningsliner for fylkeskommunen sin informasjonsproduksjon som støttar opp om målformuleringa i delmål 7.
2. Innan utgangen av 2017 skal fylkeskommunen si heimeside støtte Direktoratet for forvaltning og IKT, sine krav til universell utforming

### **LIKESTILLINGS-, LIKEVERDS- OG MANGFALDSARBEID I 2015**

Fylkeskommunen sin handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald er eit overordna rammeverk for vårt arbeid med likestilling, likeverd og mangfald. Det betyr at kvar eining og kvar sektor skal arbeide systematisk (kartleggje, setje seg mål, iverksetje tiltak og evaluering) med likestilling, likeverd og mangfald i høve sine ansvarsområder, men også støtte opp om tiltaka i den overordna handlingsplanen. Det gir lokalt eigarskap og mangfald i det samla arbeidet.

Ambisjonsnivået er at medarbeidarane og brukarane opplever at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald.



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune



Foto: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

I medarbeidarundersøkinga som vart gjennomført i 2014 vart dei tilsette spurt om dei opplever at fylkeskommunen legg vekt på likestilling, likeverd og mangfold for sine brukarar og for sine tilsette. Mellom 80 og 90 prosent av dei tilsette er stort sett eller svært samd i påstanden om at fylkeskommunen er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfold. Scoren er tilsvarande for det interne likestillings-, likeverds- og mangfaldsarbeidet. Det betyr at resultatet er noko betre enn i 2012 og at vi er på det nivået vi ynskjer å vere.

Medarbeidarundersøkinga har også spurt dei tilsette om det sosiale samspelet i verksemda. Det er spørsmål som dekkje tema som mobbing, diskriminering, forstyrrende konflikhtar og samarbeid mellom kollegaer. Resultatet frå denne delen av undersøkinga syner også ei positiv utvikling sidan 2012, og er i så måte i samsvar med og støttar opp om funna kring likestilling, likeverd og mangfold.

Når det gjeld delmål 1 om at mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i regionale planar der det er naturleg, er det å seie at det i 2014 vart handsama ein regionalplan «Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane».

Samfunnsansvar og målet om 500 nye arbeidsplassar i året er eit premiss for alle satsingar i planen. Likeverd og mangfold står sterkt og aktivitetar basert på sosial dumping vil ikkje bli prioritert. Arbeidsinnvandrarar må møte eit Sogn og Fjordane som veit å syne godt vertskap.

Verdiskapingsplanen famnar breitt og ikkje alle mål og tiltak er relevant i høve likestilling, likeverd og mangfold, men for å vere konkret lister vi nokre av dei måla og tiltaka som er relevante:

- Partnerskapen ønskjer ein offentleg sektor som leverer gode tenester slik at Sogn og Fjordane blir sett på som eit attraktivt og godt fylke å bu i.
  - Frå barnehage og utdanningstilbod til helsestell, transporttilbod, integrering av arbeidsinnvandrarar og tilrettelegging for gjennomgangsbustadar.
- Vi skal gjere ein felles innsats for å integrere arbeidsinnvandrane og skal leggje betre til rette for utanlandsk arbeidskraft.
- Gjennom ein målretta dialog mellom industrien, FoU- og utdanningssystemet og offentlege styresmakter, avdekkjer vi framtidige kompetanse- og arbeidskraftbehov - og skaper oss slik, eit konkurransefortrinn i kampen om både norsk og utanlandsk arbeidskraft.

I 2015 vedtok fylkestinget «Regional plan for folkehelse». Den tek utgangspunkt i 6 utfordringar i samfunnet, der «Styrkje toleranse og inkludering» var ei av desse. Dette er teke med som eit gjennomgåande tema i dei 5 satsingsområda som er peika ut i planen. Døme på dette er:

1. Satsingsområde 2 om bumiljø og nærmiljø skal fremje:
  - a. Bu- og nærmiljø der alle (på tvers av alder, funksjonsnivå og bakgrunn) kan delta
2. Satsingsområdet 3 om oppvekst skal fremje:
  - a. God integrering av fleirkulturelle
  - b. Gode levevanar og toleranse

Januar 2014 trådte «Diskrimineringsloven om seksuell orientering» i kraft. Fylkeskommunen har så langt fulgt opp delmål 2 med å ha kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk på programmet til fylkesrådmannen si årlege leiarsamling og med å innarbeide aktivitets- og rapporteringsplikta knytt til denne lova i fylkeskommunen sin overordna handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfold. I tillegg er teneste-

<sup>1</sup> Arbeidsmiljølova § 14.3 og hovudtariffavtalen sin § 2.3.

tilboda våre, t.d. på skulane og tannlegekontora, regulert av blant anna opplæringslova, helsepersonellova og tannhelselova.

Arbeidet med å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus i Fylkesspege- len, jamfør delmål 3, er starta opp. Våren 2016 vert data henta frå kunnskapsgrun- nlaget til regional planstragi publisert i Fylkesspegelen.

Arbeidet med å kartleggje fylkeskommunen sine eigendomar, i høve krav til univer- sell utforming, tok til i 2014. Våren 2015 vart kartlegginga avslutta og resultatata er samla i ein eigen rapport. Vi har i god tid nådd delmål 4.

I tillegg har fylkeskommunen i 2015 kartlagt 24 badeplassar og 20 skianlegg i fylket, med tilhøyrande turstiar, med tanke på universell utforming. Kartlegginga er gjennomført for å styrke tilgjenge for alle til skianlegg og offentlege badeplassar i fylket.

Når det gjeld tiltak 6, halvering av tilsette som ufrivillig arbeider deltid, så er det eit arbeid som må gjennomførast i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk<sup>1</sup> nemnt i tiltak for delmål 6. I tillegg har vi også sidan 2010 gitt økonomisk bistand til tilsette som arbeider ufrivillig deltid og som ynskje å ta utdanning, for å kunne kvalifisere seg til fleire arbeidsoppgåver. Tiltaket vart i 2015 avvikla på grunn av liten etter- spurnad. Fylkeskommunen si målsetting er ein reduksjon frå 39 til 26 innan 2017. I 2015 er det 31 fast tilsette som arbeider uynskt deltid (24 kvinner og 7 menn). Vi er i rute til å nå målsettinga.

I tillegg til arbeidet med å nå dei overordna måla, så vert det gjort eit systematisk arbeid lokalt i dei fylkeskommunale einingane. Det lokale arbeidet har i 2015 blant anna lagt vekt på:

- å skape eit ope og inkluderande arbeidsmiljø
- fysisk tilrettelegging for tilsette (og elevar) med nedsett funksjonsevne
- å få redusert talet på tilsette med uynskt deltid
- mobbing, vald og rasisme
- internasjonalisering
- tema dagar om psykisk helse og kulturelt mangfald
- elevråd har likestilling, likeverd og mangfald som tema i sine arbeidsplanar
- likestilling, likeverd og mangfald blir drøfta i utviklingssamtalar mellom leiar og tilsette
- fredskorpsverksemd
- lokalt oppfølgingsarbeid i etterkant av elev- og medarbeidarundersøkinga gjort i 2014
- psykisk helse som tema på fylkesrådmannen si årlige leiarsamling
- utjamning av skilnader i løn mellom kvinner og menn



# Forvaltningsrevisjon og internkontroll

## FORVALTNINGSREVISJON - STATUS

Fylkestinget handsamar forvaltningsrevisjonsrapportane til kontrollutvalet (KU). Følgjande prosjekt vart slutførte i 2015:

- Kompetanseprofil
- Samhandling
- Tildeling og oppfølging av tilskot
- Innkjøp

Fylkesrådmannen meiner at administrasjonen arbeider godt med desse sakene. Ved utgangen av året er det slik status for gjennomføring av fylkestingsvedtak på revisjonar der det er restansar. Revisjonar som enno ikkje er sende til fylkestinget er ikkje omfatta av dette oversynet.

Revisjon	Vedtak	Gjennomført 2015	Restanse
Internkontroll	FT-sak 1/10	Oppfølging er iverksett. KU skal vere orientert undervegs, og har bedt om å bli orientert om status halvårleg etter KU-møte 3.9.2012.	System for internkontroll er på plass og det er etablert dialog mellom kontrollutvalet og fylkesrådmannen om internkontrollarbeidet. Neste orientering til KU blir 12. april 2016.
Byggjeprojekt i Sogn og Fjordane fylkeskommune	FT-sak 2/11	Fylkesrådmannen har på plass retningslinjer for behandling av byggerekneskap, som ei oppfølging av FT-sak 2/11	Gjenstående tiltak (2-5) skal vere ferdig og lagt fram for KU innan utgangen av mars 2016.
Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbod til lærlingar	FT-sak 27/13	Ny heimeside er oppdatert med informasjon om opplæringa. KU vedtok 10.2.15 å be om orientering når tilråding nr. 7 i FT-sak 27/13 er ferdig oppfølgd.	Fylkesrådmannen legg opp til å ferdigstille oppfølging av tilråding nr. 7 i FT-sak 27/13 våren 2016.
Tryggleik og beredskap	FT-sak 7/14	Fylkesrådmannen har arbeidd med oppfølginga av vedtaket i FT-sak 7/14. Ein del vesentlege punkt gjenstår mellom anna oppdatert ROS-analyse for heile fylkeskommunen og gjennomgang av beredskapsorganisasjonen. Alle skulane har oppdaterte beredskapsplanar og samferdsleavdelinga har i 2015 fått godkjent ny beredskapsplan.	Sentraladministrasjonen skal omorganisert 1. april 2016. Det er lite teneleg å oppdatere ROS-analysen og gjennomgå beredskapsorganisasjonen før ny organisasjon er på plass. Fylkesrådmannen har bedt om utsetting til 31.12.2016 med å få resterande tiltak på plass

Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport	FT-sak 13/15	Samferdsleavdelinga har laga ein omfattande oppfølgingsplan fram mot våren 2017.	KU får ny status når overordna skriftlege retningsliner for innkjøp og oppfølging av kollektivtenester er på plass seinast 30. juni 2017
Fylkesarkivet	FT-sak 3/15	Kontrollutvalet handsama rapporten 25. mars og fylkestinget 10. april 2015. Fylkestinget vedtok å be fylkesrådmannen om å gjennomføre tilrådingane i rapporten, og melde tilbake til KU innan utgangen av 2015.	Kontrollutvalet har bedt om status i arbeidet med utarbeiding av vedtekter for kommunearkivordninga og i arbeidet med nye rutinar for systematiske risikovurderingar innan 15. august 2016. Fylkesarkivet arbeider vidare i henhold til denne fristen.
Læringsmiljø og PP-tenesta	FT-sak 30/15	Prosjektplan vedteken i KU-møte 10.2.15. Fylkestinget vedtok å be fylkesrådmannen følgje opp revisor sine tiltak i kapittel 7 i rapporten. Fylkesrådmannen skal melde status på oppfølginga, og eventuell plan for vidare oppfølging, til kontrollutvalet innan 31. mars 2016.	Fylkesrådmannen arbeider vidare med dei punkta som gjenstår og legg til grunn at dette arbeidet vil vere ferdigstilt i løpet av våren 2016.

Tabell 34

Fylkeskommunen har etablert slike rutinar for rapportering av avvik når det gjeld gjennomføring av politiske vedtak:

- Fylkesrådmannen rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av fylkesutvalet og fylkestinget i årsrapporten
- Fylkesdirektørane rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av hovudutvala i årsmeldingane. Etter at årsmeldingane for hovudutvala er avvikla vil fylkeskommunen gi ei samla avviksrapportering her.

Fylkesrådmannen har ikkje avvik av betydning i vedtak gjort i fylkesutval eller fylkesting i 2015.

Fylkesdirektørane har ikkje meldt om avvik av betydning i vedtak gjort i dei respektive hovudutvala i 2015.

## INTERNKONTROLL

I perioden 2012-2014 risikovurderte fylkeskommunen ei rekkje ulike arbeidsområde som ledd i internkontrollen. Dette gjekk vi vekk frå i fjor.

I 2015 spissa fylkesrådmannen internkontrollarbeidet inn mot det administrative utgreiingsarbeidet knytt til omstillingsprosjektet SFJ2019. I dialogmøte mellom fylkesrådmannen og einingane, og mellom fylkesrådmannen og prosjektorganisasjonen for SFJ2019, sikra fylkesrådmannen kvaliteten og framdrifta på dei mange ulike delutgreiingane i prosjektet.

# Visste du dette om Sogn og Fjordane?

Fylket har vestlandets  
høgste fjell:

Store Skagastøls-

tinden med  
**2405** moh.

**Florø** er Noregs  
vestlegaste by.

Fylket har **197**  
**tunellar** på til  
saman 210 km.

Sogn og Fjordane  
har 55 fjelltoppar  
over 2000 meter.

Hornindalsvatnet er  
Noregs djupaste  
innsjø på 514 meter.

5,9 innbyggjarar  
per km<sup>2</sup> landareal.

Det er 30 000 km  
med elvar i fylket.

Sogn og Fjordane har eit  
vesentleg lågare **fråfall** i vidaregåande  
skule enn i resten av landet.

I 2014 var det 4 579  
elevar i  
vidaregåande skule.

Sognefjorden er  
Noregs djupaste  
fjord med 1308  
meter på det  
djupaste.

I 2013 var gjenom-  
snittleg  
bruttoinntekt for  
menn 444 200 mot  
487 800 i resten av  
landet. For kvinner var  
tala 305 900 mot 326  
400 i resten av  
landet.

80 prosent av folkesetnaden i fylket, i  
alderen 16-79 år har meir enn ein time  
**fysisk aktivitet** i veka.

Stadlandet har det  
vestlegaste punktet  
på fastlandet -  
Vestkapp/  
Kjerringafjellet.

Sogn og Fjordane er blant dei tre **beste** fylka i Noreg  
på innovasjon.



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Framsida: Huskonsert, Firda vidaregåande skule  
Foto: Hans Græsli